

Masteroppgave i nordisk språk og litteratur

Fakultet for humanistiske fag
Høgskolen i Agder - Våren 2006

Når preposisjonar erstattar kasus

Om preposisjonsobjekt (objektsadverbial)
frå norrønt til moderne norsk

Tor Arne Haugen

Tor Arne Haugen

Når preposisjonar erstattar kasus

Om preposisjonsobjekt (objektsadverbial) frå norrønt til moderne norsk

**Masteroppgåve i nordisk språk og litteratur
Høgskolen i Agder
Fakultet for humanistiske fag
2006**

Innhald

Forord	vi
Forkortingar og trekk	vii
1 Innleiing	1
1.1 Verbkomplement i norrønt og moderne norsk.....	1
1.2 Teoretisk forankring.....	3
1.3 Disposisjon.....	4
2 Teoretisk rammeverk og metode	6
2.1 Innleiing.....	6
2.2 Lexicase Dependency Grammar (LCDG).....	6
2.2.1 Bakgrunn.....	7
2.2.2 Plassering i det språkvitskaplege landskapet.....	7
2.2.2.1 Formalistisk eller funksjonalistisk?.....	7
2.2.2.2 Dependens og valens.....	8
2.2.2.3 Teiknomgrepet.....	8
2.2.3 Restriksjonar.....	9
2.2.3.1 Leksikon.....	9
2.2.3.2 Ordklasser.....	11
2.2.3.3 Morfologi.....	12
2.2.3.4 Leksikalske reglar.....	14
2.2.3.5 Syntaks.....	17
2.2.3.6 Semantikk.....	18
2.2.4 Notasjon.....	18
2.2.4.1 Stemma.....	18
2.2.4.2 Leksikalske trekk.....	19
2.2.4.3 Endosentriske og eksosentriske frasar.....	20
2.2.4.4 Komplement og adjunkt.....	21
2.2.4.5 Kasus.....	22
2.2.4.6 Ordstilling.....	26

2.3 Metode.....	26
2.3.1 Utvalet av verbpar.....	27
2.3.2 Korpus.....	29
2.3.3 Kva vil resultatet av undersøkinga kunne vise?.....	31
3. Valensundersøking.....	33
3.1 Innleiing.....	33
3.2 Kasus og preposisjonar.....	33
3.2.1 Morfologisk kasus.....	36
3.2.1.1 Morfologisk akkusativ.....	37
3.2.1.2 Morfologisk dativ.....	37
3.2.1.3 Morfologisk genitiv.....	38
3.2.1.4 Semantisk analyse av morfologisk kasus.....	39
3.2.2 Preposisjonar.....	43
3.3 Transitivitet.....	45
3.3.1 Grammatisk og semantisk transitivitet.....	45
3.3.2 Divalente verb.....	50
3.3.3 Trivalente verb.....	58
3.4 Kasuslinking i norrønt.....	66
3.5 Oversyn over kasusrelasjonar og kasusmarkering.....	70
3.6 Verbpara i valensundersøkinga.....	72
3.6.1 Innleiing.....	72
3.6.2 Ein LCDG-analyse av valensbundne preposisjonsfrasar.....	73
3.6.3 Statusen til preposisjonen i norrønt.....	75
3.6.4 Divalente verb.....	81
3.6.4.1 Norrønt PO – moderne norsk PO.....	82
3.6.4.2 Norrøn Akk – moderne norsk PO.....	90
3.6.4.3 Norrøn Dat – moderne norsk PO.....	92
3.6.4.4 Norrøn Gen – moderne norsk PO.....	93
3.6.4.5 Semantisk transitivitet ved verba i valensundersøkinga.....	96
3.6.5 Trivalente verb.....	100
3.6.6 Oppsummering av valensundersøkinga.....	105
4 Ein Lexicase-analyse av preposisjonsobjekt i moderne norsk.....	109

4.1 Innleiing.....	109
4.2 PO i litteraturen.....	109
4.2.1 Analysar som transitiv verbalgruppe.....	110
4.2.2 Adverbialanalysar.....	112
4.2.3 Preposisjonsobjektsanalysar.....	113
4.3 Syntaktiske eigenskapar ved PO.....	114
4.3.1 Tematisering.....	115
4.3.2 Passivderivasjon og upersonlege konstruksjonar.....	117
4.3.3 Koordinasjon.....	132
4.4 PO og kasusrelasjonane i LCDG.....	134
4.5 Nokre grensetilfelle mellom PO-verb og partikkelverb.....	139
4.6 Objekt eller adverbial?.....	143
4.7 Oppsummering.....	147
5. Avsluttande merknader.....	150
5.1 Valensundersøkinga.....	150
5.2 Analysen av PO i moderne norsk.....	152
5.3 LCDG-modellen.....	153
Appendiks: Verbpara i valensundersøkinga.....	154
Litteratur.....	175
Samandrag.....	181

Forord

Tusen takk til Svein Lie og Marit Aamodt Nielsen for god rettleiing. Dei har lese og kommentert både tidlege og seinare versjonar av heile dette arbeidet, og deira skarpe kommentarar og utfordringar har vore til stor hjelp og nytte. Dei nemnte rettleiarane skal òg ha takk for at dei hadde tru på prosjektet heilt frå eg presenterte dei første ideane. Eg vil òg rette ein takk til Jóhanna Barðdal, som hjelpte meg med grammatikalitetsvurderingar av nokre konstruksjonar i moderne islandsk.

Litt praktisk informasjon til slutt: URL-adressene eg refererer til i arbeidet, er sist sjekka 10.03.2006.

Kristiansand, 13.03.2006

Tor Arne Haugen

Forkortingar og trekk

actr	actor
Adj	adjektiv
Adv	adverb
AGT	agent
Akk	akkusativ
anmt	animat
assn	association 'assosiasjon'
cltc	klitisk
Cncj	konjunksjon
COR	correspondent 'korrespondent'
Dat	dativ
Det	determinativ
dfnt	bestemt
dprt	depart 'avgå, retning frå noko'
drcn	direction 'retning'
fint	finitt
Gen	genitiv
goal	goal 'mål'
intr	interior 'indre, innvendig'
lctn	location 'lokalitet'
Loc	lokativ
LOC	locus 'stad'
mnnr	manner 'måte'
MNS	means 'måte, middel'
N	nomen
Nom	nominativ
Obl	oblik
P	preposisjon
PAT	patient
path	path 'bane'
plrl	plural
PO	preposisjonsobjekt. Refererer til ein konstruksjonstype, ikkje til ein analysemåte.
prdc	predikat
prnn	pronomen
sorc	source 'kjelde'
Sprt	setningspartikkel
trns	transitiv
V	verb
vrte	vertical 'vertikal'

1 Innleiing

1.1 Verbkomplement i norrønt og moderne norsk

Ulike språk nyttar ulike middel for å få fram ulike funksjonar i setningar. Slike middel er til dømes rekkefølgja orda blir ytra i (ordstilling), morfologisk kasus (bøying av nomen) og preposisjonar. Ofte er det også slik at eitt og same språk på tidlegare språksteg har nytta andre middel for å kode ulike setningsfunksjonar enn det dette språket gjer i dag. I dei fleste språka i den germanske språkgreina, som norsk tilhøyrrer, har den generelle tendensen, frå dei eldste kjeldene og fram til i dag, vore ei utvikling frå meir bruk av morfologisk kasus til meir bruk av ordstilling og preposisjonar. Ein seier ofte at det har skjedd ei utvikling frå meir syntetiske (meir bøying) til meir analytiske (fleire ord) språk. Norsk er ikkje noko unntak frå dette. På det norrøne språksteget (ca. 800-1350) hadde norsk fire morfologiske kasus, medan ein i dag snakkar om to morfologiske kasus, og då stort sett berre i pronomensystemet. På det moderne språksteget er det dermed andre middel som syter for den funksjonsmarkeringa morfologisk kasus gjorde i norrøne setningar.

I språkhistoriske oversikter og grammatikkar som handsamar diakrone forhold, kan ein ofte lese at preposisjonar på det moderne språksteget har teke over ein del av den funksjonsmarkeringa morfologisk kasus gjorde i norrønt. Til dømes skriv Berulfsen (1967: 169) at ”preposisjonene [har] etter hvert fått et langt større virkeområde enn før, fordi de har rykket inn til erstatning for en rekke forhold som opprinnelig ble uttrykt ved en oblikv (sic) kasus alene.”

Beito (1970: 322) slår fast at ”For preposisjonsbruken fekk kasussamanfallet mykje å seie. Dei funksjonar kasusformene hadde hatt, vart i stor mon tekne over av preposisjonar. Desse fekk såleis eit nytt og større funksjonsområde, med di dei òg vart nytta til å merkje av kasus som ikkje hadde vore styrte av preposisjonar. Såleis auka preposisjonsbruken mykje.”

Skard (1976: 105f) skisserer utviklinga som følgjer: ”I de indo-europeiske språk ser vi overalt det samme trekk: Reduksjonen i bøyningssystemet går parallelt med en utvikling som gjør at ordstillingen blir et nytt syntaktisk-grammatisk uttrykksmiddel (morfem), og at bruken

av grammatiske tilleggsord vokser fram. Og tendensen til å la bøyning erstattes av fast ordstilling og tilleggsord er særlig sterk innen de germanske språk. Enda mens kasussystemet var i full funksjon, måtte det tåle en hard konkurranse med uttrykksmåter som bygger på bruk av slike grammatiske små-ord. [...] Og man ser preposisjons-uttrykkene vinne fram.”

Almenningen et al. (2002: 43) peikar på at ”Preposisjonar kom òg i bruk for å markere kva funksjon eit ledd hadde. Det gjorde etter kvart kasusendingane overflødige. Alt i norrønt fanst preposisjonsuttrykk som alternativ til reine substantivuttrykk der berre kasusforma viste funksjonen. Og utviklinga seinare har gitt preposisjonane ei stadig sterkare stilling”. Den første hovuddelen av dette arbeidet fokuserer på ein liten del av den utviklinga dei språkhistoriske oversiktene ovanfor skisserer.

I nyare norske grammatikkar og syntaksframstillingar er det vanleg å rekne med at moderne norsk har såkalla preposisjonsobjekt. Slike preposisjonsobjekt er preposisjonsfrasar der preposisjonen har avsvekka tyding, og i liten grad er utbyteleg. I tillegg uttrykker preposisjonsobjekt ei anna semantisk rolle enn lokativ, jf. Faarlund, Lie & Vannebo (1997: 697ff) og Enger & Kristoffersen (2000: 245f). Døme på verb + preposisjonsobjekt er: *vente på godt vêr, tenke på henne, syte for maten*.

Ut frå observasjonar som dei vi finn i dei språkhistoriske oversiktene eg refererte til over, ville det vere interessant å undersøkje kva for valens verb som i moderne norsk krev preposisjonsobjekt, hadde på det norrøne språksteget. Eg set opp følgjande hypotese for denne undersøkinga:

Preposisjonsobjekt er mindre utbreidde i norrønt enn i moderne norsk fordi norrønt, ved hjelp av morfologisk kasus, kunne uttrykke det same som preposisjonane gjer ved preposisjonsobjekt i moderne norsk.

Ei anna interessant problemstilling, dersom hypotesen ovanfor blir styrkt, er kvifor nokre verb utviklar seg til å ta preposisjonsobjekt, medan andre verb tek direkte objekt også i moderne norsk. Er det nokon systematikk med omsyn til kva for verb som i moderne norsk krev preposisjonsobjekt, og kva for verb som tek nominale direkte objekt? For å kunne svare på slike spørsmål, må ein, i tillegg til å studere den syntaktiske valensen til verba, òg studere den semantiske valensen.

At preposisjonsobjekt, eller i alle fall preposisjonsobjektliknande komplement, finst i norrønt, syner følgjande døme hjå Faarlund (2004: 148):

eptir þat heilsaði hann *á konung*

som på moderne norsk må oversetjast med

etter det helste han *på kongen*

1.2 Teoretisk forankring

Som teoretisk rammeverk for analysane i dette arbeidet har eg valt å nytte Lexicase Dependency Grammar (LCDG). Den største publikasjonen innanfor denne teorien er Starosta (1988). LCDG hadde sitt utspring i generativ grammatikk. Utviklinga av teorien byrja på Universitetet på Hawaii i 1970 som eit forsøk på å gje chomskyansk generativ grammatikk meir empirisk innhald, ved å gjere teorien meir eksplisitt og restriktiv. Transformasjonar vart eliminerte, og dermed også distinksjonen mellom djupstruktur og overflatestruktur. LCDG inkorporerte kasusrelasjonar frå Fillmore (1968) sin kasusgrammatikk og lokalistiske kasusformer frå den lokalistiske kasusgrammatikken til Anderson (1971). Stemma-notasjonen ein opererer med har viktige grunnlag i Anderson (1971) og dependensgrammatikken til Engel (1977). Dermed er også Tesnière (1959, 1980) eit viktig grunnlag. Sentrale trekk ved denne teorien vil bli gjort greie for i kapittel 2.

Den andre hovuddelen av dette arbeidet er å teste denne teorien i ein analyse av preposisjonsobjekt i moderne norsk. LCDG har så vidt eg veit ikkje tidlegare vorte nytta i analysar av norsk språkmateriale. Analysar innanfor rammeverket har i hovudsak vorte gjort av språk i stillehavsområdet og asiatiske språk i tillegg til engelsk (modellen er ifølgje Starosta 2003b: 526 nytta i analysar av meir enn 70 språk). Ein viktig del av dette arbeidet er difor å teste denne modellen på norsk språkmateriale.

Konstruksjonen verb + preposisjon + nominal av typen *vente på godt vêr, tenke på henne, syte for maten*, har vore eit stridstema i nordisk syntaksforsking. Det finst i hovudsak tre ulike analysemåtar av desse konstruksjonane i litteraturen, jf. Lie (2003: 80), nemleg:

- Verbalgruppe + objekt: Verbet + preposisjonen blir analysert som ei transitiv verbalgruppe, og nominalet som komplement til denne gruppa.
- Verb + adverbial: Heile preposisjonsfrasen (preposisjon + nominal) blir analysert som adverbial.
- Verb + preposisjonsobjekt: Heile preposisjonsfrasen blir analysert som preposisjonsobjekt.

Referansegrammatikkane i Noreg (Faarlund, Lie & Vannebo 1997) og i Sverige (Teleman et al. 1999) gjev òg ulike svar på korleis desse konstruksjonane bør analyserast. Faarlund, Lie & Vannebo reknar med preposisjonsobjekt, medan Teleman et al. reknar med objektliknande adverbial. Den andre hovuddelen av dette arbeidet er ein LCDG-analyse av desse konstruksjonane.

1.3 Disposisjon

Kapittel 2 tek for seg sentrale prinsipp i det teoretiske rammeverket for analysane i dette arbeidet, LCDG. I tillegg blir metodar i samband med valensundersøkinga og korpus eg skal nytte i undersøkingane, presenterte her. Sidan teori og metode heng nøye saman, er teoridelen av dette kapitlet å forstå som ein del av metodekapitlet og omvendt. Når eg likevel har delt kapitlet inn i to hovuddelar, er det fordi metode er mest knytt til konkret framgangsmåte, medan LCDG dannar grunnlaget og legg premissar for analysane.

Tema for kapittel 3 er valensundersøkinga. Målet med denne er å finne ut kva for valens verb som i moderne norsk krev preposisjonsobjekt, hadde på det norrøne språksteget. I første del av kapitlet diskuterer eg nokre sentrale teoretiske prinsipp i samband med undersøkinga. Viktige tema som blir diskuterte er kasusmarkering gjennom morfologisk kasus og preposisjonar og transitivitet. I siste del av kapitlet blir verbpara frå valensundersøkinga diskuterte, før eg oppsummerer resultatane frå undersøkinga.

I kapittel 4 analyserer eg preposisjonsobjekt i moderne norsk med utgangspunkt i LCDG-modellen. Syntaktiske og semantisk-funksjonelle eigenskapar ved desse konstruksjonane blir diskuterte, og eg tek opp spørsmålet om preposisjonsobjekt er ein type objekt eller ein type adverbial. Til slutt oppsummerer eg arbeidet med nokre avsluttande merknader i kapittel 5.

Eit oversyn over dei undersøkte verba i valensundersøkinga finn ein i eit appendiks, der dei 50 verbpara undersøkinga resulterte i, er stilte opp overfor kvarandre med døme frå autentiske setningar og med valensinformasjon.

2 Teoretisk rammeverk og metode

2.1 Innleiing

I dette kapitlet skal eg først gje eit oversyn over det teoretiske rammeverket i dette arbeidet, Lexicase Dependency Grammar (LCDG). Det kan sjølvsagt ikkje bli snakk om nokor fullstendig utgreiing om denne teorien, men prinsipp og idear som er relevante for analysane i dette arbeidet, vil bli presenterte. I andre del av kapitlet skal eg gjere greie for metodar eg skal nytte, og diskutere metodiske spørsmål i samband med valensundersøkinga.

Teori og metode heng nøye saman. Såleis er teoridelen av dette kapitlet å forstå som ein del av metodekapitlet og omvendt. Når eg likevel har delt kapitlet inn i to hovuddelar, er det fordi metode er mest knytt til konkret framgangsmåte, medan LCDG dannar grunnlaget og legg premissar for analysane. Metodar på det meir konkrete planet er tema for 2.3.

2.2 Lexicase Dependency Grammar (LCDG)

Lexicase Dependency Grammar, heretter LCDG, kan ein karakterisere som ein generativ dependensgrammatikk. Generativ er denne teorien i tydinga 'formalisert' og 'eksplisitt'. At teorien er ein dependensgrammatikk, tyder at han byggjer på at dei grunnleggjande relasjonane mellom språklege element er dependensrelasjonar (avhengnadsrelasjonar). I tillegg er, som namnet tilseier, leksikalisme og kasus to viktige omgrep innanfor teorien. LCDG er først og fremst utvikla av amerikanaren Stanley Starosta, og dette oversynet byggjer på Starosta (1988, 1998, 2003a, 2003b). I tillegg skal eg vise til andre teoretiske arbeid som har vore viktige for utforminga av LCDG.

Starosta (1988) er til no den einaste publikasjonen som gjev ein tilnærma fullstendig presentasjon av ideane i teorien. Seinare har Starosta utvikla desse ideane vidare i ei rekkje artiklar. LCDG-rammeverket har vorte nytta i synkrone og diakrone studiar av meir enn 70 språk, hovudsakleg språk i stillehavsområdet og aust-, søraust- og sørasiatiske språk. I tillegg finst det arbeid innanfor rammeverket som tek for seg afrikanske og europeiske språk. Eg

meiner det er ein styrke for teorien at han ikkje er sentrert rundt engelsk og andre europeiske språk. LCDG er eit forsøk på ein universell språkteori, som i prinsippet skal kunne gjere greie for alle naturlege språk. Prinsippa og apparatet i teorien er difor i stor grad bestemte av kva som gjev rom for flest interspråklege generaliseringar.

2.2.1 Bakgrunn

LCDG har sin bakgrunn i generativ grammatikk, og namnet LCDG er avleidd av leksikalisthypotesen til Chomsky (1970) og kasusgrammatikken til Fillmore (1968). Seinare har idear frå europeiske dependensgrammatikkar vorte innarbeidde i teorien, og som for dei fleste andre moderne dependensgrammatikkar, er Tesnière (1959, 1980) her eit viktig grunnlag. I tillegg har den lokalistiske kasusgrammatikken til Anderson (1971) og Hudson (1984) sin *Word Grammar* spelt viktige roller.

2.2.2 Plassering i det språkvitskaplege landskapet

2.2.2.1 Formalistisk eller funksjonalistisk?

LCDG er ein formalisert funksjonell teori. Dependensrelasjonar er i seg sjølv funksjonelle, ord fungerer som regens eller dependens til andre ord. Vidare er **kasusrelasjonar** viktige funksjonelle relasjonar. Ein kasusrelasjon er ein syntaktisk-semantisk relasjon mellom eit predikat og eit argument, som syntaktisk sett er dependens til dette predikatet. Merk at det ikkje er snakk om logiske predikat-argument-relasjonar, men om semantisk-funksjonelle. I LCDG reknar ein med at verb alltid fungerer som predikat, medan nomen og preposisjonar kan fungere som predikat. Det er berre nomendependensar som er berarar av kasusrelasjonar. I setninga

(2: 1)

Fotballspelaren scora eit vakkert mål

[AGT]

[PAT]

er *scora* predikat, medan *fotballspelaren* og (*eit vakkert*) *mål* høvesvis ber kasusrelasjonane AGENT og PATIENT.

Kasusrelasjonane i LCDG blir definerte i persepsjonelt perspektiv, dvs. ut frå korleis språkbrukaren opplever språklege ytringar, og ikkje ut frå dei eksterne situasjonane ytringane skjer i. I staden for eit funksjonelt perspektiv der ein går ut frå eksterne situasjonar for å finne ut korleis desse manifesterer seg i språket, går ein i LCDG motsett veg, frå språket til opplevingar av eksterne situasjonar, for å gjere greie for korleis desse opplevingane blir koda språkleg.

2.2.2.2 Dependens og valens

Tesnière (1959, 1980) blir rekna som grunnleggjaren av moderne dependensgrammatikk. Dependens er avhengnadsforhold mellom språklege element. I første rekke blir omgrepet nytta om avhengnadsforhold mellom ord. Regens er det ordet eit anna ord står i eit slikt avhengnadsforhold til, medan dependens er det avhengige ordet. I LCDG har alle ord ein og berre ein regens, medan ein regens kan ha fleire dependensar. Det finitte verbet blir rekna for å vere øvste regens i ei norsk setning. I (2: 1) blir dermed dependensrelasjonane som følgjer: *scora* er øvste regens og har dependensane *footballspelaren* og *mål*. *Mål* er regens for *eit* og *vakkert*, som igjen er dependensar til *mål*.

Eit sentralt omgrep i dei fleste dependensgrammatikkar, og også i LCDG, er valens. Innanfor LCDG kan ein definere valens som eit ord sitt kombinatoriske potensiale med andre ord, valens er eit omgrep som har med distribusjonelle eigenskapar ved ord å gjere.

2.2.2.3 Teiknomgrepet

Teiknomgrepet i LCDG tek utgangspunkt i Saussure (1983) sin definisjon av det verbalspråklege teiknet som ei eining beståande av innhald (tyding, funksjon) og uttrykk (form). I LCDG har det språklege teiknet i tillegg ein tredje komponent, som er like uløyseleg knytt til eininga teikn som innhald og uttrykk, nemleg **distribusjon**, dvs. valensen til teiknet. Som me skal sjå i 2.2.3.1, er teikn å forstå som ord, som ein kan definere som den minste tydingsberande språklege eininga innanfor LCDG.

Kva er grunnen til at ein opererer med dette utvida, tresidige teiknomgrepet? La oss nytte verbet *drikke* som døme. Denne ordforma kan fungere både som intransitivt verb og transitivt verb, som i setningane

(2: 2)

- a. Fotballspelaren drikk₁
- b. Fotballspelaren drikk₂ alltid sportsdrikk i pausen

Desse ordformene har ulik distribusjon, og dette er òg noko eit barn som skal lære norsk må lære seg. Eit ord opptreer alltid i ein eller annan distribusjon, og kva for distribusjon som er muleg for det enkelte ord, er like uløyseleg knytt til ordet som uttrykk og innhald:

The general principle being enunciated here then is that if a form occurs in two distinct syntactic environments, it must be represented as two distinct lexical entries. None of the three parts is predictable from the other two, so all must be memorized together as a unit. If two signs differ in any one of these parts, the units are separate lexical entries, and must be memorized separately. Even if there is a regular correspondence between pairs of items in terms of sound, meaning and distribution, as there is for example in quality adjectives and manner adverbs ending in *-ly*, the forms must still be memorized separately unless the correspondence is 100 per cent productive and uniform (Starosta 1988: 45f).

2.2.3 Restriksjonar

Ulike typar restriksjonar spelar ei viktig rolle i LCDG: "In fact, the real content of a theory is the list of things which it says are impossible, since those are the handles that allow it to be grasped and tested" (Starosta 2003b: 528). Dersom ein teori er generativ, dvs. eksplisitt formulerer kva som er muleg innanfor naturlege språk, er ikkje dette ein vitenskapleg teori dersom ein ikkje ut frå teorien òg kan formulere kva som ikkje er muleg i naturlege språk. Ein vitenskapleg teori må kunne stadfestast eller falsifiserast ut frå empiriske undersøkingar, og difor er det uttesting av restriksjonar som driv utarbeiding av betre teoriar framover. La oss sjå på nokre viktige restriksjonar innanfor LCDG-rammeverket.

2.2.3.1 Leksikon

LCDG er ein sterkt leksikalistisk teori. Språklege fenomen som i andre teoriar blir gjort greie for i ein eigen syntaksmodul av grammatikken, blir i LCDG i hovudsak gjort greie for innanfor leksikon, ved hjelp av trekk i ord, og ved hjelp av leksikalske reglar som gjer greie

for relasjonar mellom slike trekk. Her er me komne fram til eit kjerneomgrep i teorien, nemleg **ord**. Eit ord er eit teikn som er oppbygd av tre komponentar, nemleg uttrykk (fonologisk form), innhald (tyding, funksjon) og distribusjon (valens). Innhaldet og distribusjonen til ord blir i LCDG representert som **leksikalske trekk**. Eit ord kan difor definerast som eit knippe av trekk knytte til ei fonologisk form, ei eining som er lagra separat i leksikonet til ein språkbrukar, og som er den minste tydingsberande eininga i språket til denne språkbrukaren. Leksikalske trekk blir delte inn i to hovudtypar: atomære trekk, som spesifiserer eigenskapar knytte berre til det enkelte ordet, og kontekstuelle trekk (valenstrekk), som spesifiserer det kombinatoriske potensialet til ord.

Leksikalske trekk kan vere polare eller ikkje-polare. Polare trekk er slike som anten er definert positivt eller negativt i høve til ein eigenskap, til dømes [\pm trns], som tyder 'transitiv eller ikkje transitiv'. Ikkje-polare trekk er slike som ikkje har noko negativt motstykke, til dømes [V] 'verb' eller [PAT] 'patient'. Vidare kan leksikalske trekk vere grammatiske, som til dømes [V] eller semantiske, som [\pm anmt] 'animat'. Trass i denne inndelinga er det slik at grammatiske trekk har semantiske implikasjonar, medan semantiske trekk kan vere involverte i grammatiske reglar. Det er med andre ord ikkje noko vasstett skott mellom grammatiske og semantiske trekk.

Valenstrekk er trekk som spesifiserer det kombinatoriske potensialet til eit ord med andre ord. Slike trekk kan vere obligatoriske eller fakultative, og det finst tre hovudtypar av valenstrekk: strukturelle valenstrekk, semantisk-funksjonelle valenstrekk og linearitetstrekk. Strukturelle valenstrekk byggjer opp den strukturelle beingrinda i setninga, dei er knytte til primære ordklassetrekk. Ved strukturelle valenstrekk representerer fakultative trekk endosentriske relasjonar, medan obligatoriske trekk representerer eksosentriske relasjonar. I alle andre tilfelle er obligatoriske valenstrekk knytte til komplement, medan fakultative trekk er knytte til adjunkt.

Semantisk-funksjonelle valenstrekk er trekk som gjev dependensane til ein regens semantisk-funksjonelle tolkingar, og desse valenstrekk er å forstå slik: Eit valenstrekk i ein regens tolkar sine dependensar som berarar av det aktuelle valenstrekket. Desse trekka er med andre ord **impliserande**. Linearitetstrekk spesifiserer linearitet, som sjølvsagt òg kan vere knytt til semantisk-funksjonelle tolkingar.

Sidan all grammatisk informasjon finst som trekk ved ord lagra i leksikon, er det leksikonet sjølv som definerer kva for frasar som er velforma og ikkje. Ein frase består av minst to ord, og ein velforma frase er ein frase der alle orda anten er dependens eller regens til eit anna ord i frasen, og der det ikkje finst brot mot valenstrekk til nokon av orda.

Ein kan spørje, gjeve at all grammatisk informasjon finst som trekk ved ord, om grammatiske reglar er nødvendige i det heile: "All the grammatical rules are generalizations about the internal composition and external distribution of words in the lexicon, and about analogical patterns of correspondence between subsets of lexical items" (Starosta 2003b: 530). Om det er nødvendig for ein språkbrukar å vere klar over slike generaliseringar for å kunne snakke eit bestemt språk, er eit empirisk spørsmål. Til dømes er det neppe nødvendig for ein brukar av norsk å vite at det finst eit såkalla avleidd nomen *brukar* for å kunne nytte verbet *bruke*.

Viktige følgjer av det tresidige teiknomgrepet og orddefinisjonen innanfor LCDG er til dømes at det ikkje finst tomme ord og funksjonelle projeksjonar, slik ein til dømes opererer med i GB-teori. Vidare blir polyseme og homonyme ord alltid rekna som ulike ord, og lista separat i leksikon. Kriteriet er om orda skil seg frå kvarandre enten i uttrykk, innhald eller distribusjon. Til dømes vil det transitive verbet *ete*₁ i *Ola et middag* og det intransitive *ete*₂ i *Ola et* vere to ulike verb lista separat i leksikon, fordi dei har ulik distribusjon.

2.2.3.2 Ordklasser

Innanfor LCDG opererer ein med åtte syntaktisk-distribusjonelt definerte ordklasser. Alle ord tilhøyrer ei av berre ei av desse ordklassene:

- Nomen (N): Nomen er øvste regens (kjerne) i nomenfrasar, som er endosentriske frasar. Nomen er berarar av kasusrelasjonar.
- Verb (V): Verb er øvste regens og kjerne i verbfrasar. Desse frasane er endosentriske. Setningar er i norsk ei undergruppe av slike frasar.
- Adjektiv (Adj): Adjektiv er kjerne i adjektivfrasar, som er endosentriske frasar. Dei er attributt til nomen og ikkje-predikerande (predikerande adjektiv blir rekna som ei underklasse av verb).
- Adverb (Adv): Adverb er kjerne i adverbfrasar, som er endosentriske frasar. Dei er attributt til verb, adjektiv eller andre adverb.
- Determinativ (Det): Determinativ er kjerne i determinativfrasar. Desse er òg endosentriske frasar.
- Preposisjon/postposisjon (P): Preposisjonar er kjerne i preposisjonsfrasar. Desse frasane er eksosentriske, dvs. at dei alltid dannar frasar saman med andre ord eller frasar. Desse andre kan vere av typen nomen, verb eller preposisjon. Merk at subjunksjonar fell inn under denne definisjonen av preposisjonar.

- Konjunksjon (Cnjc): Konjunksjonar formar eksosentriske frasar saman med minst to andre ord eller frasar av same type.
- Setningspartikkel (Sprt): Setningspartiklar er ekvivalentar til determinativ, men opererer i motsetnad til determinativa på setningsnivå.

I mange av desse ordklassene finst det underklasser. Til dømes kan ein dele nomen inn i [\pm prnn] 'pronomen eller ikkje pronomen'.

Konstruksjonen **setning** er sentral i alt arbeid med syntaks, og nokre av ordklassene over er sentrale i definisjonen av setninga. Som nemnt i 2.2.2.1 er det verb, nomen og preposisjonar som universelt kan fungere som predikat. Verb er alltid predikat, slik at verb permanent har trekket [+prdc]. Nomen og preposisjonar derimot, har anten positiv eller negativ verdi for dette trekket, [\pm prdc]. Ei setning kan ein ut frå dette definere som ein frase som har eit ord med trekket [+prdc], typisk eit finitt verb, som øvste regens: "In dependency terms, a sentence is characterizable as the maximum domain of lexical subcategorization of its [+prdc] lexical head [...]" (Starosta 1988: 235).

2.2.3.3 Morfologi

Sidan ordet blir rekna for å vere den minste tydingsberande eininga i språket, spelar morfologi i tradisjonell forstand, med stammer, affiks og samansetjingar, lita rolle i syntaksen.

Hypotesen er at berre ord er lagra separat i leksikon, ikkje stammer og affiks, som eventuelt berre eksisterer i leksikalske reglar (jf. diskusjonen nedanfor), og syntaktisk aktive ord har difor ingen intern struktur anna enn fonologisk struktur. Det er dei leksikalske trekka eit ord som heilskap er oppbygd av, som spelar nokor rolle i syntaksen, ikkje om desse trekka eventuelt blir uttrykte i eigne affiks eller ikkje. Likevel vil sjølvsagt til dømes kasusfleksjon i eit ord vere teikn på at dette ordet har eit inherent kasustrekk. Poenget er at dette kasustrekket er knytt til ordet som heilskap, og ikkje til noko affiks.

Denne retninga innanfor morfologien blir av Singh & Starosta (2003) kalla "Seamless Morphology". Ein viktig publikasjon innanfor denne retninga er Ford, Singh & Martohardjono (1997). Av Singh & Ford (2003) blir retninga òg kalla "Whole Word Morphology". Sentrale prinsipp i denne morfologiteorien er følgjande (Singh & Starosta 2003: 12):

- a. Grammars operate with words. Only words are stored in the lexicon, not parts of words (stems, roots, affixes) [...] regular correlations between the shapes of sets of words and their distributions are formalized by declarative non-directional analogical patterns called Word Formation Strategies (WFSs).
- b. There is no word-internal syntax. Words do not have any internal non-phonological structure [...] They are, in essence, seamless wholes.

Starosta (2003c: 119) set opp følgjande generelle WFS:

$$aAb : cAd$$

$$[\alpha F_i] \quad [\beta F_j]$$

a og *b* representerer felles fonologisk materiale for ord på venstre side av analogien, medan *c* og *d* representerer felles fonologisk materiale for ord på høgre side av analogien. På same måte representerer $[\alpha F_i]$ og $[\beta F_j]$ felles trekk av tyding og/eller distribusjon på høvesvis venstre og høgre side av analogien. Endeleg representerer A felles fonologisk materiale for orda på begge sider av analogien. Ved hjelp av slike WFSar kan ein gjere greie for relasjonar mellom ord utan å nytte omgrep som stammer og affiks, og unngår ein del problem morfemomgrepet medfører.

Ein leksikalistisk grammatikk som utelukkande består av knippe av leksikalske trekk (ord) lista i leksikon, er ikkje optimal i den forstand at han ikkje gjer greie for alle dei generaliseringar det er muleg å gjere innanfor leksikon. Først og fremst er det eit spørsmål om alle fleksjonsformer av eit ord ganske enkelt berre er lista separat i leksikon, eller om det finst regelmekanismar som byggjer opp dei ulike fleksjonsformene. Det finst to ytterpunkt i denne diskusjonen: Anten er leksikon (i) oppbygd av fullt spesifiserte ord, eller (ii) det er oppbygd av fullt spesifiserte ord som ikkje er føreseielege medlemmer av eit paradigme + stammer og generelle fleksjonsreglar i tillegg. Uansett vil det berre vere fullt spesifiserte ord som er syntaktisk aktive:

It should be clear that the choice of the correct solution is not one which can be made on the basis of which one generates the correct set of sentences, since both do. In spite of this, I believe that it is an empirical question, but one which can only be answered by going outside of grammar proper to enlist the assistance of psychology. Looked at from a psychological perspective, the question to be answered is whether speech processing relies more on processing (alternative (ii)) or memory (alternative (i)) (Starosta 1988: 41).

2.2.3.4 Leksikalske reglar

Som nemnt i 2.2.3.1, er det eit empirisk spørsmål kor mange grammatiske reglar som finst i tillegg til ord som er lista i leksikon, dersom ein tenkjer på korleis den mentale språkevna er oppbygd. Starosta (1998: 3f) ser på LCDG som ein teori som gjer greie for språkkompetansen til ein språkbrukar.

Hypotesar om korleis språkkompetansen er oppbygd er vanskelege å prove eller motprove. Målet må vere å finne fram til ein enklast muleg modell, som kan gjere greie for mest muleg av det som er muleg og umuleg i naturlege språk. Ein slik modell må vere tilstrekkeleg restriktiv til at han kan testast mot språklege data og stadfestast eller falsifiserast. Det er eit faktum at alle språkbrukarar er i stand til å skilje mellom grammatikalske og ugrammatikalske setningar i sitt eige morsmål, sjølv om det alltid vil finnast grensetilfelle der ein er i tvil om statusen til ei setning. Samtidig er det slik at det i stor grad er faktisk realisert språk lingvistar analyserer, dvs. produkt av språkkompetansen. Dette gjeld uansett om ein hentar setningane ein analyserer, frå eige hovud, eller om ein nyttar korpus i analysearbeidet. Etter mi meining er det viktig å trekkje inn både autentisk språkbruk (korpus) og intuisjonar ein som språkbrukar har om grammatikalitet (språkkompetanse) når ein analyserer syntaks. I dette arbeidet nyttar eg LCDG først og fremst som eit verktøy for å beskrive språk på ein presis måte, noko eg meiner denne modellen eignar seg godt til. Samstundes kan ein sjå denne modellen som ein hypotese, eit abstrakt bilete av korleis språkkompetansen kan vere oppbygd.

Sidan spørsmålet om kor viktige roller minne og prosessering spelar i den språklege kompetansen er vanskelege for ein lingvist å seie noko sikkert om, gjer ein i LCDG-analysar vanlegvis greie for generaliseringar det er muleg å gjere om relasjonar

mellom ord i leksikon, og slike generaliseringar blir gjort ved hjelp av **leksikalske reglar**. Her skal eg berre kort presentere nokre døme på slike reglar (døma er henta frå Starosta 1998):

- **Redundansreglar:** Slike reglar uttrykker impliserande relasjonar mellom trekk. Døme:

$$[\pm\text{prnn}] \rightarrow [\text{N}]$$

som er å lese slik: Trekket $[\pm\text{prnn}]$ impliserer trekket $[\text{N}]$.

- **Subkategoriseringsreglar:** Desse reglane uttrykker at ei klasse av ord består av to eller fleire underklasser, og det finst to typar subkategoriseringsreglar, nemleg

leksikalske, døme: $[\text{N}] \rightarrow [\pm\text{prnn}]$ og fleksjon, døme: $[-\text{prnn}] \rightarrow [\pm\text{plrl}]$

som er å lese slik: Nomen impliserer positiv eller negativ verdi av trekket pronomen, og negativ verdi av trekket pronomen impliserer positiv eller negativ verdi av trekket plural.

- **Reglar for redundant fleksjon (Inflectional Redundancy Rules):** Slike reglar handsamar redundansar knytte til valenstrekk ved fleksjon, og til grammatisk signifikante linearitetstrekk. Døme:

$$\left[\begin{array}{c} ?([\text{Det}]) \\ +\text{dfnt} \end{array} \right] \rightarrow \left[\begin{array}{c} ? \left[\begin{array}{c} \text{Det} \\ +\text{dfnt} \end{array} \right] \end{array} \right]$$

som er å lese slik: Eit nomen med trekka $[?([\text{Det}]), +\text{dfnt}]$ må opptre saman med ein dependens med trekket Det , som tolkast som bestemt. Denne regelen vil til dømes gjelde for engelske nomen, men ikkje nødvendigvis for norske, fordi norske nomen kan vere inherent bestemte.

- **Koplingsreglar** (Linking Rules): Dependensrelasjonen mellom to ord blir formalisert ved koplingsreglar som kopierer ein indeks frå dependensen over til eit valenstrekk i regensen. Døme:

$$[?(\text{[Det]})] \rightarrow [n(\text{[Det]})] / \begin{bmatrix} \text{ndex} \\ \text{Det} \end{bmatrix}$$

som er å lese slik: Eit ord som forventar eit determinativ som dependens, blir linka til eit determinativ ved å kopiere indeksen til denne over på sitt eige valenstrekk.

Koplingsreglar gjer greie for kopling mellom regens og umiddelbare, lokale dependensar. ' / ' indikerer at indeksen som blir funne, finst lokalt.

- **Kjedingsreglar** (Chaining Rules): Kjedingsreglar er koplingsreglar som gjer greie for unntak frå prinsippet om at alle dependensrelasjonar er relasjonar mellom regens og umiddelbare dependensar, dvs. at det ikkje finst noko strukturelt nivå mellom ein regens og ein dependens. Det finst nemleg dependensrelasjonar mellom ord i ulike domene, til dømes ved infinitivskomplement (kontroll) og tematisering. I slike tilfelle blir kjedingsreglar brukte til å kopiere indeksar frå ord utanfor det umiddelbare dependensdomenet til regens for å tilfredsstille valenstrekk. Døme:

$$\begin{bmatrix} ?[\text{actr}] \\ \text{ndex} \end{bmatrix} \rightarrow [m[\text{actr}]] \setminus \begin{bmatrix} m[\text{PAT}] \\ n[-\text{fint}] \end{bmatrix}$$

Denne regelen gjer greie for kontroll i infinitivkonstruksjonar. Ein kontrollkonstruksjon er ein konstruksjon der eit predikat regjerer (er regens for) eit infinitt predikat, og eit infinitt predikat, dvs. ein infinitiv, er i LCDG definert som eit predikat som ikkje tillet ein nominativ som dependens. Regelen er såleis å lese slik: Valenstrekket *actr* i infinitiven, som har indeksen *n*, har same indeks som *PAT* i det øvste predikatet, der infinitiven sjølv er valenstrekk. Dermed blir indeksen til *PAT* i det øvste predikatet kopiert til valenstrekket *actr* i infinitiven. ' \ ' indikerer at *PAT* finst utanfor det umiddelbare dependensdomenet til infinitiven. Merk likevel at dependensrelasjonen mellom dei to predikata er lokal, sidan infinitivkonstruksjonar er eksosentriske konstruksjonar.

- **Derivasjonsreglar:** Slike reglar gjer greie for analogiske relasjonar mellom underklasser av ord. Døme:

$$\left[\begin{array}{c} +trsn \\ ? \left[\begin{array}{c} AGT \\ \alpha F_i \end{array} \right] \end{array} \right] : \left[\begin{array}{c} -trsn \\ ? \left[\begin{array}{c} PAT \\ \alpha F_i \end{array} \right] \end{array} \right]$$

Denne regelen syner tilhøvet mellom transitive og intransitive verb, som er like bortsett frå transitivitetstrekket. 'F' står for trekk (feature). Regelen seier at det transitive verbet tolkar sin AGT som berar av trekket $[\alpha F_i]$, medan det intransitive verbet tolkar sin PAT som berar av det same trekket. Eit døme denne regelen ville dekke, er relasjonen mellom *ete*₁ og *ete*₂ frå 2.2.3.1. Kolonet markerer at slike relasjonar potensielt kan gå begge vegar.

Derivasjonsreglar spelar ei viktig rolle når det gjeld å gjere greie for relasjonar mellom ulike konstruksjonstypar, til dømes mellom aktiv- og passivkonstruksjonar, og slike reglar spelar også ei viktig rolle i dette arbeidet. Eit viktig poeng er at omgrepet **derivasjon** i LCDG *ikkje* refererer til ei eller anna flytting eller ei avleiing av ein overflatestruktur frå ein djupstruktur, men til **analogiske relasjonar mellom ord**, eller meir presist: trekk i ord. Når eg i dette arbeidet nyttar omgrepet derivasjon, er det denne siste definisjonen omgrepet refererer til. Sidan ord er tresidige teikn (fonologi, tyding, distribusjon), kan derivasjonsreglar gjere greie for relasjonar mellom ord som gjeld form, tyding eller distribusjon.

Dersom ein går ut frå at leksikon er oppbygd av fullt spesifiserte ord, er det eigentleg berre koplingsreglar og kjedingsreglar som er nødvendige av desse reglane (jf. diskusjonen i 2.2.3.3). Dei andre reglane synleggjer generaliseringar innanfor leksikon, som språkbrukarar kan hende gjere seg nytte av når dei tolkar og produserer språklege ytringar. Detaljar i notasjonen av desse reglane kjem eg tilbake til i 2.2.4.

2.2.3.5 Syntaks

Syntaktiske relasjonar i ei setning er dependensrelasjonar, dvs. relasjonar mellom regensar og dependensar, og desse relasjonane er bestemte av leksikalske trekk i orda til setninga. Det finst dermed ingen transformasjonar, frasestrukturreglar eller liknande. LCDG er ein monostratal modell, det finst berre eitt representasjonsnivå. Vidare er alle strukturelle dependensrelasjonar lokale, dependensar er umiddelbare dependensar til regens, dvs. at det ikkje finst noko strukturelt nivå mellom ein regens og ein dependens.

2.2.3.6 Semantikk

Eit viktig poeng i LCDG er at språk kodar språkbrukarar sine persepsjonar av eksterne situasjonar, og ikkje desse situasjonane i seg sjølv: "Sentences do not represent external situations, but rather speakers' perceptions. Objectively identical situations may be perceived in different ways, and languages encode these perceptions rather than situations as such" (Starosta 2003b: 531). Dette synet får mellom anna viktige konsekvensar når ein skal definere kasusrelasjonar, noko eg kjem tilbake til i kapittel 2.2.4.5.


Starosta (1988: 4ff) dreg eit skilje mellom det han kallar situasjonell semantikk og pragmatikk på den eine sida, og perseptuell, grammatisk semantikk på den andre: "Lexicase is grammar, by which I mean that it characterizes the properties of words and the sentence in which they occur, not of the real-world situations to which they may correspond" (s 4). Tydinga til det enkelte ord blir i LCDG representert som leksikalske, semantiske trekk. Sjølv sagt kan ein ikkje gjennom slike trekk få fram alt det ein språkbrukar veit og assosierer med eit ord, men sjølv om språkbrukarar ofte ikkje kan seie nøyaktig kva eit ord tyder, kan dei ofte slå fast at det ikkje tyder nøyaktig det same som eit anna ord, og det er slike intuisjonar ein i LCDG prøver å formalisere gjennom semantiske trekk. Semantiske trekk i eit ord må sikre at alle ordpar ein språkbrukar oppfattar som ikkje-synonyme, skil seg frå kvarandre ved minst eitt semantisk trekk. Motsett må alle ord som ein språkbrukar oppfattar har felles tydingstrekk, ha minst eitt semantisk trekk felles.

2.2.4 Notasjon

2.2.4.1 Stemma

Det er vanleg innanfor LCDG å representere frasar og setningar i stemma, sidan slike stemma gjev god oversikt. La oss sjå på setninga *Fotballspelaren banka ballen i mål* representert som stemma:

(2: 3)



La oss sjå litt nærare på desse notasjonane. Som me ser får alle ord ein indeks når dei kjem i kontekst. Denne indeksen er ei unik identifisering av eit ord innanfor ei setning. Det er valenstrekk som avgjer kva for indeks eit bestemt ord får, og sjølv kopieringa av indeksar frå dependensar til valenstrekk i regens skjer ved hjelp av koplingsreglar og kjedingsreglar. Setninga *Fotballspelaren banka ballen i mål* er velforma fordi alle ord står i regens- eller dependensrelasjon til eit anna ord, og fordi det ikkje finst brot mot valenstrekk til nokon av orda. For oversynets skuld er det vanleg å berre ta med dei leksikalske trekk som er relevante for den aktuelle analysen, og slik kjem eg òg til å gjere det i dette arbeidet. Orda i (2: 3) er heller ikkje fullt spesifiserte.

2.2.4.2 Leksikalske trekk

Som vist i (2: 3) noterer ein dei leksikalske trekk til eit ord samla innanfor skarpe klammer, og som nemnt i 2.2.3.1, er leksikalske trekk av to hovudtypar, nemleg atomære trekk og kontekstuelle trekk (valenstrekk). Atomære trekk noterer ein utan klammer, medan valenstrekk blir noterte innanfor skarpe klammer, til dømes ?[F]. Spørsmålsteiknet er ein


variabel som blir erstatta med indeksen til det ordet som realiserer trekket i kontekst (kopplingsreglar). Obligatorisk valens noterer ein som over, $?[F]$, fakultativ valens som $?([F])$. Vidare kan leksikalske trekk vere polare eller ikkje-polare. Polare trekk noterer ein med \pm framfor forkortinga til trekket, til dømes $[\pm trns]$, 'transitiv eller ikkje transitiv'. Ikkje-polare trekk noterer ein berre med forkortinga til trekket, til dømes $[V]$ 'verb', $[AGT]$ 'agent'. Merk at kasusrelasjonar og ord som er valenstrekk, blir noterte med store bokstavar, ordklassetrekk og kasusformer med stor førebokstav, medan andre trekk blir noterte med berre små bokstavar.

2.2.4.3 Endosentriske og eksosentriske frasar


LCDG reknar med to hovudtypar av frasar, nemleg endosentriske og eksosentriske frasar. Preposisjonar og konjunksjonar dannar eksosentriske frasar, medan dei andre ordklassene dannar endosentriske. Preposisjonar og konjunksjonar dannar eksosentriske frasar fordi dei har obligatoriske valenstrekk. Preposisjonar må ha minst ein dependens for å kvalifisere som preposisjon. I tillegg fell som nemnt subjunksjonar under definisjonen av preposisjonar. I eit stemma blir endosentriske frasar (2: 4a) noterte ved at ein dreg ei skrå line frå regens til dependens, mens eksosentriske frasar (2: 4b) blir noterte ved å trekke (minst to) liner ned frå ei horisontal line (jf. Starosta 2003b: 536):

(2: 4)

a.



b.



'W' står for ord (word). Legg elles merke til at den endosentriske relasjonen kjem i stand gjennom eit fakultativt valenstrekk, medan den eksosentriske kjem i stand gjennom eit obligatorisk valenstrekk. Eksosentriske frasar har spesielle grammatiske eigenskapar som skil

dei frå endosentriske frasar. La oss sjå litt nærare på dette i høve til preposisjonsfrasar, som er eit hovudtema for dette arbeidet. Nærare bestemt skal me sjå på preposisjonsfrasar som står som valenstrekk i verb, og som dannar preposisjonsfrasar saman med nomen(frasar).

Verb som krev preposisjonsfrasar i sin valens, er regens både for preposisjonen og nomenfrasen. Slike verb blir dermed subkategoriserte av kombinasjonen av preposisjonen og nomenfrasen, dvs. heile den eksosentriske preposisjonsfrasen. Med andre ord er det dei leksikalske trekka i både preposisjonen og nomenfrasen som til saman utgjer eigenskapane til preposisjonsfrasar, inkludert relasjonen mellom slike frasar og deira regens. Verbet *banka* i (2: 3) tolkar difor heile preposisjonsfrasen *i mål* som berar av kasusrelasjonen LOC.

2.2.4.4 Komplement og adjunkt

Som vist i 2.2.4.3 viser fakultative valenstrekk som refererer til ordklassetrekk, til endosentriske frasar, medan obligatoriske valenstrekk som refererer til ordklassetrekk, viser til eksosentriske frasar. I alle andre tilfelle markerer obligatoriske valenstrekk komplement, medan fakultative valenstrekk markerer adjunkt. Med andre ord er komplement valensbundne, medan adjunkt ikkje er det. Eit komplement er eit ord, ein frase eller ein konstruksjon som kompletterer valensen til eit anna ord. I setninga

(2: 5)

Fotballspelaren møtte jenta etter kampen

[AGT] [PAT] ([COR])

uttrykker *Fotballspelaren* og *jenta* indre kasusrelasjonar til verbet, og er dermed komplement. *Etter kampen* uttrykker derimot ein ytre kasusrelasjon, og er adjunkt: "Inner case relations subcategorize their regents while outer case relations occur freely with all predicates" (Starosta 1988: 128). For ein utførleg diskusjon av indre og ytre kasusrelasjonar, sjå Starosta (1982). Ytre kasusrelasjonar skal eg markere med parentesar slik som i (2: 5) over, medan indre kasusrelasjonar berre vil bli markerte med forkortinga for kasusrelasjonen.

2.2.4.5 Kasus

Kasus er eit sentralt omgrep innanfor LCDG, og det blir i hovudsak nytta i tre samanhengar, nemleg i **kasusrelasjonar**, **kasusformer** og **kasusmarkering**. Kasusrelasjonar er syntaktisk-semanticke relasjonar mellom eit predikat og ein dependens til dette predikatet, eller sagt med andre ord: Kasusrelasjonar er funksjonelle valenstrekk i predikat. Alle nomen er anten sjølv predikat, eller ber ein av dei fem kasusrelasjonane ein reknar med i LCDG. Kasusrelasjonane blir primært definerte grammatisk, slik at dei semanticke faktorane i dei følgjande definisjonane er sekundære i høve til grammatiske faktorar (mi oversetjing av definisjonane til Starosta 2003b: 533):

- PAT ('patient') – finst ved alle predikat. Det oppfatta perseptuelle sentrum i ei handling eller ein tilstand.
- AGT ('agent') – finst ved alle transitive verb. Det oppfatta eksterne opphavet (instigator) til ei handling eller ein tilstand.
- LOC ('locus') – den oppfatta abstrakte eller konkrete lokaliteten til PAT (komplement); eller den oppfatta konkrete eller abstrakte lokaliteten til handlinga eller tilstanden (adjunkt).
- COR ('correspondent') – instansen oppfatta som korresponderande med PAT (komplement); eller instansen oppfatta som korresponderande med handlinga eller tilstanden som heilskap (adjunkt).
- MNS ('means') – instansen oppfatta som nødvendig involvert i ei handling eller ein tilstand som har verknad på PAT (komplement); eller instansen oppfatta som brukt av AGT for å ha verknad på ei handling eller ein tilstand som heilskap (adjunkt).

I tillegg reknar ein med makrorolla *actr* 'actor', som samsvarar med AGT ved transitive verb, og med PAT ved intransitive verb. Me merkar oss at PAT og AGT alltid er komplement, medan dei andre kasusrelasjonane kan vere anten komplement eller adjunkt. Kasusrelasjonen COR innskrenkar tydingsområdet til verbet på ein meir allmenn måte enn dei to andre perifere kasusrelasjonane, LOC og MNS. COR er til dømes kasusrelasjonen for det andre av to nominale objekt, og for nominale objekt ved intransitive verb. Nomen som er berarar av kasusrelasjonen COR, er som komplement i ei eller anna form for korrespondanse, har eit konkret eller abstrakt samband med PAT. Dermed er denne kasusrelasjonen på sett og vis ein

samleterm for ein perifer kasusrelasjon som ikkje uttrykker lokalitet (LOC) eller måte/middel (MNS).

Når det gjeld det semantiske tilhøvet mellom komplement og adjunkt, er det slik at LOC, COR og MNS berre har PAT som semantisk skopus når dei er komplement, medan dei har handlinga eller tilstanden som heilskap som semantisk skopus når dei er adjunkt.

Vidare må alle verb ha PAT som ein av sine dependensar (Patient centrality), jf. Starosta (1988: 126ff). Kasusrelasjonen PAT i LCDG har mykje til felles med den funksjonelle rolla ”Medium” i ergativmodellen til Halliday (2004: 284ff): ”Every process has associated with it one participant that is the key figure in that process; this is the one through which the process is actualized, and without which there would be no process at all. Let us call this element the **Medium**” (s. 288). PAT i LCDG har også ein del til felles med **nominative** hjå Anderson (1971: 37ff): ”I am suggesting that nom is the notionally most neutral case. [...] I shall also be proposing that nom is the only obligatory case, in that the others may be absent from any particular clause” (s. 37). Ein viktig skilnad mellom Andersons lokalistiske kasusteori og LCDG er at Anderson opererer med eit djupstrukturelt nivå i tillegg til overflatestrukturen.

Blake (2001: 25) nyttar dei syntaktiske funksjonane S, A og P for å beskrive ulike kasussystem. S er det eine argumentet til eit intransitivt predikat, A er det agentive argumentet til eit transitivt predikat og P er patientargumentet til eit divalent transitivt predikat. Vidare blir eit kasusmarkeringssystem med distinksjonen SP – A referert til som eit ergativt system, medan eit system med distinksjonen SA-P blir referert til som eit akkusativt system. Kasusrelasjonen PAT i LCDG tilsvarar S og P i terminologien til Blake, medan AGT tilsvarar A. Dermed blir eit ergativt språk i LCDG definert som eit språk der kasusforma nominativ alltid markerer PAT, og eit akkusativt språk er eit språk der nominativ markerer PAT ved intransitive predikat og AGT ved transitive predikat, med andre ord eit språk der nominativ alltid markerer actor, jf. Starosta (2003b: 540).

Berre nomen og eksosentriske frasar der nomen inngår, til dømes preposisjonsfrasar, kan vere berarar av kasusrelasjonar. Eit viktig poeng er det òg at kasusrelasjonar primært blir definerte grammatisk: ”the justification for proposals about the proper inventory of case relations is primarily grammatical: the correct set of case relations is the set that facilitates the capture of the most language-internal and cross-linguistic grammatical generalizations” (Starosta 2003b: 533).

Dei fem universelle kasusrelasjonane ein opererer med, gjer at ein kan definere eit universelt sett av verbklasser basert på kva for kasusrelasjonar verba regjerer for sine

komplement. Teoretisk kan alle verb bli deriverte mellom alle desse verbklassene, men tydinga til det einkilde verbet avgrensar sjølvsagt kva for derivasjonar som er mulege. Eit døme på ein slik verbderivasjon er:

(2: 6)

- a. Ola gav₁ fotballklubben ei gåve.
 [AGT] [PAT] [COR]
- b. Ola gav₂ ei gåve til fotballklubben.
 [AGT] [PAT] [LOC]

Verbderivasjonen som her har skjedd er:

$$\begin{array}{c}
 \text{gje}_1 \\
 \left[\begin{array}{c} ? \left[\begin{array}{c} \text{AGT} \\ \alpha F_i \end{array} \right] \\ ? \left[\begin{array}{c} \text{PAT} \\ \beta F_j \end{array} \right] \\ ? \left[\begin{array}{c} \text{COR} \\ \gamma F_k \end{array} \right] \end{array} \right]
 \end{array}
 \quad : \quad
 \begin{array}{c}
 \text{gje}_2 \\
 \left[\begin{array}{c} ? \left[\begin{array}{c} \text{AGT} \\ \alpha F_i \end{array} \right] \\ ? \left[\begin{array}{c} \text{LOC} \\ \beta F_j \end{array} \right] \\ ? \left[\begin{array}{c} \text{PAT} \\ \gamma F_k \end{array} \right] \end{array} \right]
 \end{array}$$

Maksimalt generalisert ser verbklassene og systemet for verbderivasjon slik ut (jf. Starosta 1988: 157):

V	[PAT]				
	+trns [AGT]	+lctn [LOC]	+crsp [COR]	+mnnr [MNS]	== A
				-mnnr	== B
			-crsp	+mnnr [MNS]	== C
				-mnnr	== D
		-lctn	+crsp [COR]	+mnnr [MNS]	== E
				-mnnr	== F
			-crsp	+mnnr [MNS]	== G
				-mnnr	== H
	-trns	+lctn [LOC]	+crsp [COR]	+mnnr [MNS]	== I
				-mnnr	== J
			-crsp	+mnnr [MNS]	== K
				-mnnr	== L
		-lctn	+crsp [COR]	+mnnr [MNS]	== M
				-mnnr	== N
			-crsp	+mnnr [MNS]	== O
				-mnnr	== P

Ei **kasusform** er eit sett av funksjonelt ekvivalente former for kasusmarkering, dvs. eit sett av grammatiske konfigurasjonar som markerer ein kasusrelasjon. Ulike former for kasusmarkering er til dømes posisjon i setningar, preposisjonar og kasusfleksjon, dvs. inherente kasustrekk. Det finst ikkje noko fastlagt sett av kasusformer, men Nom 'nominativ' finst i alle språk. Korrelasjonar mellom kasusrelasjonar, kasusformer og makroroller blir kalla kasuslinking (case linking).

2.2.4.6 Ordstilling

Valenstrekk i ord kan som nemnt i 2.2.3.1 vere trekk som krev ei viss rekkjefølgje i høve til andre ord. Nærare bestemt kan valenstrekk i regensar krevje at dependensane til denne regensen står i ei bestemt rekkjefølgje i høve til regensen, eller til andre dependensar til same regens. I språk med relativt fri ordstilling vil orda ha få slike lineære valenstrekk, medan språk med fastare ordstilling vil ha fleire, fordi slike trekk er ein del av systemet for kasusmarkering. Lineære valenstrekk blir noterte ved at regensar krev at dei lineære indeksane til dependensane er a) mindre $[?[X]<@]$, eller b) større $[@<?[X]$ enn indeksen til regensen, eller til andre dependensar til same regens. '@' er ein variabel som i kontekst blir erstatta av den lineære indeksen til regensen, medan '?' blir erstatta av den lineære indeksen til dependensen.

I kapittel 2.2 har eg gjeve eit oversyn over det teoretiske rammeverket i dette arbeidet, nemleg LCDG. Viktige prinsipp herifrå skal eg ta med meg over i neste delkapittel, der tema er metodar eg skal nytte i undersøkinga eg skal presentere i kapittel 3. Det teoretiske rammeverket får sjølvsagt viktige konsekvensar også for metodiske spørsmål i samband med dette arbeidet.

2.3 Metode

Dette arbeidet har to hovudmål: Det første er å finne ut kva for valens verb som i moderne norsk krev ein viss type preposisjonsfrasar som komplement, hadde på det norrøne språksteget. Nærare bestemt handlar det om verb som krev preposisjonsfrasar der preposisjonen ikkje har konkret lokativ tyding og som oftast ikkje er utbyteleg. Slike preposisjonsfrasar blir i litteraturen ofte kalla preposisjonsobjekt. I det følgjande skal eg for enkelheits skuld referere til slike valensbundne preposisjonsfrasar som PO. Dette tyder ikkje

at eg har konkludert med at slike frasar bør analyserast som preposisjonsobjekt, og i dei tilfella eg refererer til måten å analysere desse frasane på, skal eg heretter nytte nemninga preposisjonsobjekt (utan forkorting).

Valensundersøkinga blir tema for kapittel 3. I neste omgang skal eg i kapittel 4 drøfte desse konstruksjonane i moderne norsk. Tema for dette kapitlet er metodar eg skal nytte, og mulege problem i samband med undersøkingane. Slike problem vil òg bli drøfta i seinare kapittel.

2.3.1 Utvalet av verbpar

For å kunne undersøkje eventuelle endringar i verbvalens frå det norrøne til det moderne norske språksteget, må ein ha verbpar å analysere ut frå. Med verbpar meiner eg her eitt verb frå norrønt og eitt frå moderne norsk. For å finne fram til slike verbpar har eg valt å gå gjennom verba i den elektroniske utgåva av Johan Fritzners *Ordbog over det gamle norske Sprog I–IV*. Heretter skal eg referere til denne ordboka som *Fritzner*. Ordboka og informasjon om denne finn ein her:

<http://www.dok.hf.uio.no/perl/search/search.cgi?appid=86&tabid=1275>. Den elektroniske utgåva er ei forlenging av det norske Dokumentasjonsprosjektet (dokpro) ved Universitetet i Oslo. Den elektroniske ordboka har letta arbeidet ein god del, og det har difor vore muleg å gå gjennom alle verba i ho for å finne kandidatar til verbpara eg er ute etter.

I denne samanhengen er det viktig å vurdere om den elektroniske utgåva er nøyaktig nok til bruk i eit arbeid som dette. Ore (2004) skriv mellom anna: ”Optisk lesing var utelukket. Alle de fire bindene ble derfor tastet inn for hånd. Innskriverne ble bedt om å gjengi ordboksteksten slik den stod med samme linje-, spalte- og sideinndeling som originalen. [...] Noen få stikkprøver underveis hadde vist at innskriverne var ekstremt nøyaktige. Vi fant det derfor forsvarlig ikke å få lest en ekstra korrektur. En manuell korrektur vil være svært kostbar og neppe gjøre det ferdige produktet vesentlig bedre enn det vi har nå.”

På bakgrunn av dette har eg vurdert det slik at den elektroniske utgåva av ordboka kunne nyttast i dette arbeidet. I tillegg har eg sjekka dei verbparkandidatane eg har kome fram til mot ei anna, trykt ordbok, nemleg 4. utgåva av *Norrøn Ordbok* (Leiv Heggstad, Finn Hødnebo & Erik Simensen, red. 1990). Ein fordel med denne ordboka er at tydingar blir oppgjevne på nynorsk. Eg har valt å arbeide med nynorske verb i den delen av dette arbeidet som omfattar moderne norsk. Dette er naturleg sidan det nynorske skriftspråket er det som ligg norrønt nærast.

I prosessen med å finne fram til verbpar, har eg også nytta den elektroniske utgåva av *Nynorskordboka*, som ein finn her: <http://www.dokpro.uio.no/ordboksoek.html> .

Denne elektroniske ordboka er laga av Dokumentasjonsprosjektet/EDD i samarbeid med Seksjon for leksikografi og målføregransking ved Universitetet i Oslo. Nynorskordboka har opplysningar om opphavet til ord, noko som er svært nyttig i dette arbeidet.

Utvalet av verbpar, gjort ut frå *Fritzner, Norrøn Ordbok* og *Nynorskordboka* er basert på følgjande kriterium:

- Verbpara består av eitt verb frå det norrøne språksteget og eitt frå moderne norsk (nynorsk).
- Dei to verba er leksikalsk nærskylde, dvs. at dei har klare fellestrekk både i uttrykk (fonologi) og innhald (tyding).
- Dei moderne norske verba har valenstrekk som krev preposisjonsfrasar med ein bestemt preposisjon, som ikkje har konkret lokativ tyding.

Punkta to og tre ovanfor kan ein oppleve som vage og upresise, ikkje minst omgrepet innhald (tyding). Dette har sjølvstøtt samband med at dette omgrepet i seg sjølv er vagt og upresist (jf. kapittel 2.2.3.6). Ikkje minst kan det vere problematisk å bestemme ordtyding i eit daudt språk som norrønt. Ein vil sjølvstøtt ikkje ha slike intuisjonar om tyding i høve til norrønt som ein har i samband med morsmålet, og ein må støtte seg til ordbøker. Likevel meiner eg det er naudsynt å operere med tyding, og då blir det viktig å ha problematiske faktorar knytte til dette i mente. Når det gjeld uttrykkssida til verba, kan ein sjølvstøtt vise til regelrette lydovergangar for å vise leksikalsk slektskap. Ein systematisk diskusjon av dette innanfor verbpara må eg likevel la ligge i samband med dette arbeidet, og eg blir på dette punktet nøydtt til å støtte meg til *Nynorskordboka*.

Elles er omgrepa uttrykk og innhald verdt ein diskusjon i høve til det tresidige teiknomgrepet i LCDG. Sjølvstøtt er også distribusjon viktig i samband med utvalet av verbpar. Hovudhypotesen før undersøkinga er at dei moderne norske verba hyppigare har valenstrekk som krev PO enn dei norrøne. Men finst det eit norrønt verb som krev PO, og som elles har klare fellestrekk når det gjeld uttrykk og innhald, vil sjølvstøtt dette verbet vere i verbparet framfor verb som ikkje krev PO. Grunnen til at distribusjon ikkje eksplisitt er nemnt i kriteria ovanfor, er at ein må vente å finne nærskylde verb med ulik distribusjon, fordi norrøne nomen har fleire typar inherente kasustrekk enn moderne norske.

Når det gjeld det tredje punktet ovanfor, har eg sett opp dette kriteriet ut frå dei eigenskapane til PO som oftast blir nemnte i litteraturen, jf. kapittel 1, nemleg at preposisjonen har avsvokka tyding, at han ikkje kan bytast ut, og at leddet ikkje uttrykker tid eller stad. Dette vil sjølvsagt bli drøfta meir utførleg i seinare kapittel.

Sentralt i høve til utvalet av verbpar er òg det at ein i LCDG reknar verb med ulik distribusjon som **ulike** oppslag i leksikon (sjå 2.2.3.1). Dermed blir til dømes det som i andre teoriar blir rekna for å vere transitive og intransitive variantar av same verbet, handsama som to verb, jf. til dømes *gje₁* og *gje₂* i (2: 6). Dermed nærmar ein seg ei muleg løysing på ein del av problema knytte til eit mykje diskutert spørsmål innanfor dependensgrammatikk og valensteori, jf. til dømes Storrer (2003), nemleg avgrensing av komplement frå adjunkt. Ikkje minst har grensa mellom obligatoriske og fakultative komplement synt seg vanskeleg å trekke. Sidan verb med ulik distribusjon blir analyserte som ulike verb innanfor LCDG, finst det heller ikkje fakultative komplement. I tillegg reknar ein verb som krev ulik form på komplementa sine som ulike verb.

2.3.2 Korpus

LCDG forstår seg sjølv som ein teori som gjer greie for språkkompetansen til ein språkbrukar. Samtidig er det nesten utelukkande faktisk produsert språk ein har å halde seg til når ein skal forme hypotesar om språkkompetanse. Rett nok har alle språkbrukarar intuisjonar om kva som er velforma setningar på deira eige morsmål, og dette er eit resultat av språkkompetansen til språkbrukaren. Men det er like fullt alltid faktisk produsert språk ein har intuisjonar om. På bakgrunn av dette meiner eg det er viktig å nytte korpus når ein analyserer syntaks. På den måten arbeider ein med setningar produserte av språkbrukarar som ikkje har vore medvitne om dei språklege konstruksjonane dei har produsert, i alle fall ikkje på same måte som ein lingvist som arbeider med ein bestemt språkleg konstruksjon, er medviten om denne. Når det gjeld eit historisk språk som norrønt, er det sjølvsagt utelukkande korpus ein har å halde seg til.

Til no i dette arbeidet har eg nytta ein del eigenproduserte eksempel. I samband med oversynet over det teoretiske rammeverket gjorde eg dette fordi enkle døme gjev god oversikt, og på ein klar måte syner poeng i teorien. I analyse- og drøftingskapitla, kapittel 3 og 4, kjem eg derimot i større grad til å nytte autentiske eksempel.

Ordbøkene eg har nytta i utvalet av verbpar, representerer i seg sjølv korpus. Ein kan sjølvsagt ikkje hevde at ein gjer ein total gjennomgang av korkje norrønt eller moderne norsk

når ein nyttar desse ordbøkene. Sjølv om *Fritzner* er den største ferdigstilte ordboka over det norrøne språket, bygger ho på overlevert skriftleg materiale, slik all norrøn filologi gjer. Både under sjølve analysearbeidet, og for å underbyggje analysane med døme, er det naturleg å nytte andre korpus enn ordbøkene. Eg har valt å utelukkande nytte døme frå *Íslendinga sögur. Orðstöðulykill og texti*, publisert av Mál og Menning, Reykjavík (1996), som er ein elektronisk versjon (CD-ROM) av meir enn 40 islendingesagaer, til saman ca. 740 000 ord. Dei elektroniske tekstane er basert på Bragi Halldórsson et al. (red. 1985-1986). Som referanse til døma frå CD-ROM-korpuset er dei same forkortingane som på CD-ROMen nytta, til dømes (Egla, 506). *Egla* refererer til den aktuelle sagateksten, i dette tilfellet *Egils saga*. For oversyn over sagaforkortingane, sjå lista over ekserpert litteratur. Talet etter kommaet refererer til sidetalet i korpuset samla. Eg skal referere til dette korpuset som *CD-ROM-korpuset*.

Ifølgje handboka til CD-ROM-utgåva av tekstane, har tekstane moderne islandsk ortografi, men det er elles berre gjort små endringar i høve til utgåvene Halldórsson et al. byggjer på. I tilfelle der det ikkje er snakk om døme frå *CD-ROM-korpuset*, skal eg nytte same normaliserte norrøne ortografi som i *Norrøn ordbok*.

Det er viktig å vurdere om eksempel frå dei elektroniske tekstane kan nyttast direkte i ei syntaksundersøking, eller om ein må sjekke dei mot andre, prenta utgåver. Haugan (2000: 7ff) diskuterer dette spørsmålet, og han kjem fram til at korpuset må kunne nyttast direkte i ei reint syntaktisk undersøking: "Since this work is concerned with Old Norse syntax only, the kind of spelling that is used in the examples under discussion is irrelevant" (s. 8). Dei viktigaste skilnadene mellom norrøn staving og den moderne islandske stavinga som er brukt på CD-ROMen, er bruk av svarabhaktivokal i moderne islandsk, til dømes **bátur** i staden for norrønt **bátr**; den norrøne bokstaven **q** er erstatta av islandsk **ö**, medan norrøn **œ/ó** er erstatta av islandsk **æ**; vidare kan **t** og **k** i utlyd vere gått over til høvesvis **ð** eller **g**, til dømes **pat** > **pað**, **ok** > **og**; endeleg kan norrøn **á** ha gått over til moderne islandsk **o**, til dømes **vár** > **vor** (s. 8).

Eit anna viktig poeng er at dette korpuset utelukkande består av sagatekstar, men sidan undersøkinga ikkje er eit sjangerstudium, meiner eg likevel dette korpuset kan nyttast i undersøkinga. Poenget med undersøkinga er å finne fram til visse språklege konstruksjonar, ikkje kva for teksttypar dei eventuelt finst i. I dette arbeidet er det heller ikkje noko poeng å finne fram til eventuell variasjon mellom ulike tekstar, jf. diskusjonen hjå Haugan (2000: 7ff) og referansar der. Likevel vil val av korpus sjølvsagt kunne påverke kva for konklusjonar ein kan kome fram til gjennom undersøkinga. Fordelen med korpuset er sjølvsagt at det er

omfattande, og at ein med eit elektronisk korpus vil kunne handsame langt fleire verb enn tilfellet er dersom ein nyttar prenta korpus.

For moderne norsk har eg valt å nytte *Oslo-korpuset av tagga norske tekstar*, utvikla av Tekstlaboratoriet ved Universitetet i Oslo. Dette korpuset finn ein her:

<http://www.tekstlab.uio.no/norsk/nynorsk/>. *Oslo-korpuset* har tekstar frå skjønnlitteratur, aviser/vekeblad og sakprosa. Også her nyttar eg korpuset sitt eige referansesystem, til dømes (SK/AlGu/01). SK står for skjønnlitteratur (AV=avis/ukeblad og SA=sakprosa), dei fire bokstavane i midtfeltet viser til forfattar (eventuelt avis med årstal) og det siste talet viser kva for ei fil det er dersom korpuset har fleire verk av same forfattar, eller fleire filer frå same avis. Elles er nokre få døme henta frå andre kjelder på internett. I desse tilfella er fullstendig URL oppgjeve.

2.3.3 Kva vil resultata av undersøkinga kunne vise?

Undersøkinga av valenstrekk i verba som utvalet av verb resulterer i, vil i første omgang sjølvstøtt vise valenstrekk og eventuelle skilnader mellom verba i dei ulike para. Dermed vil ein òg kunne seie noko generelt om tilhøvet mellom verb som i moderne norsk krev PO, og nærskylde verb på det norrøne språksteget. Dette er interessant for å kunne vise korleis nærskylde tydingar blir uttrykte på dei to språkstega.

Eit anna interessant spørsmål i dette arbeidet er kor utbreidde PO, eller i alle fall PO-liknande komplement, er i norrønt. Dette siste spørsmålet trur eg ein må vere svært forsiktig med å generalisere om ut frå ei undersøking som den eg har skissert ovanfor. Det vil vere eit svært avgrensa utval av norrøne verb som blir undersøkt, som ein neppe kan generalisere ut frå om utbreiinga av PO. Likevel trur eg ein med ein viss rett kan hevde at det nettopp er ved verb som har nærskylde verb i moderne norsk som krev PO, det er naturleg å byrje leitinga etter slike setningsledd i norrønt.

Er valensundersøkinga i dette arbeidet ei diakron eller ei synkron undersøking? Undersøkinga er synkron i den forstand at eg undersøker to isolerte språksteg. På den andre sida er formålet nettopp å samanlikne desse språkstega. Likevel kan undersøkinga neppe kallast fullblods diakron, sidan eg ikkje følgjer verba gjennom språkhistoria, til dømes for å finne ut når eventuelle endringar skjer. Å gjere dette med fleire enn nokre få verb, ville sprengje rammene for dette arbeidet. Eg meiner at ei valensundersøking av verb på to isolerte språksteg er interessant i seg sjølv, fordi ein kan seie noko om eventuelle skilnader ved korleis funksjonar og tydingar blir uttrykte mellom desse språkstega. Resultata av undersøkinga og

det teoretiske grunnlaget for analysen av desse resultata, som mellom anna har vore tema for dette kapitlet, skal eg òg ta med meg når eg i kapittel 4 skal drøfte konstruksjonen verb + preposisjon + nominal i moderne norsk.

I 2.3 har eg gjort greie for metodar eg skal nytte i dette arbeidet, og val eg har gjort i samband med valensundersøkinga. I tillegg har eg peika på og drøfta mulege metodiske problem, og sambandet mellom teori og metode. Endeleg har eg drøfta kva valensundersøkinga vil kunne gje svar på. Denne undersøkinga er tema for neste kapittel.

3 Valensundersøking

3.1 Innleiing

I dette kapitlet skal eg presentere den eine hovuddelen av dette arbeidet, nemleg valensundersøkinga. Formålet for denne undersøkinga var å finne ut kva for valens verb som i moderne norsk krev PO, hadde på det norrøne språksteget. Hovudpremissane for undersøkinga gjorde eg greie for i kapittel 2, men teoretiske og metodiske spørsmål i samband med undersøkinga vil bli diskuterte vidare her. Eit meir komplett oversyn over dei undersøkte verba finn ein i appendiks, der dei 50 verbpara undersøkinga resulterte i, er stilte opp overfor kvarandre med valensinformasjon. I dette kapitlet skal eg presentere resultat og hovudtendensar frå undersøkinga, men først er det naudsynt å diskutere nokre sentrale teoretiske problemstillingar. Viktige tema eg skal gå inn på er kasus, preposisjonar og transitivitet.

3.2 Kasus og preposisjonar

Kasusmarkering er eit sentralt omgrep i LCDG, og spelar ei sentral rolle i dette arbeidet. Eg skal difor sjå nærare på kasusmarkering i norrønt og moderne norsk generelt, og knyte dette til sentrale teoretiske prinsipp innanfor LCDG-rammeverket. Særleg skal eg her gå inn på den rolla morfologisk kasus og preposisjonar spelar i kasusmarkeringa. **Kasusmarkering** kan ein nærare definere som syntaktiske eller morfologiske konfigurasjonar som tener til å signalisere at bestemte kasusrelasjonar er til stades, og eit sett av funksjonelt ekvivalente markørar utgjer ei **kasusform** (Starosta 1988: 178f). Til dømes kan kasusmarkering skje gjennom ordstilling, preposisjonar og morfologisk kasus.

Til skilnad frå kasusrelasjonar, som har svært generelle tydingar, har kasusmarkørar typisk meir spesifikk tyding. Vidare har preposisjonar typisk meir spesifikk tyding enn morfologisk kasus. Eit viktig poeng er at både kasusrelasjonar og kasusmarkørar yter bidrag til tyding i setningar. Det er nemleg dette som er bakgrunnen for at ein i LCDG berre opererer

med fem universelle kasusrelasjonar: "Since so much 'case-relation'-type information has been found to be present lexically in the case markers themselves, they bear much of the semantic load in the semantic analysis of relationships among lexical items. As a result, this information need not be duplicated by proliferating parallel case relations, which allows the case relation inventory to be reduced to the current five CRs" (Starosta 1988: 179). For eit oversyn over kasusrelasjonane i LCDG, sjå 2.2.4.5.


Både norrønt og moderne norsk nyttar ordstilling, preposisjonar og morfologisk kasus i kasusmarkering, men utnyttar desse mekanismene i ulik grad. Norrøne nomen har inherente kasustrekk, som konstituerer dei fire kasusformene eg skal operere med for norrønt, nemleg Nom, Akk, Dat og Gen, medan det nynorske skriftspråket berre har to ulike inherente kasustrekk i pronomensystemet. Elles nyttar ikkje moderne norsk morfologisk kasus i samband med markering av kasusrelasjonar.¹ Sjølv om svært få moderne norske nomen har inherente kasustrekk, skal eg likevel operere med to kasusformer i analysane av moderne norsk. Som norrønt, har moderne norsk kasusforma Nom. For den andre kasusforma i moderne norsk skal eg nytte termen Obl 'oblik', for ikkje å blande denne saman med morfologisk Akk i norrønt.²

Termen kasusform definerer (Starosta 1988: 178f) slik: "a set of case markers which are equivalent in their case-marking function constitutes a case form." Sjå på denne enkle setninga:

¹ Eg ser her bort frå talemål som framleis har restar av Dat i si kasusmarkering.


² Eg har valt å berre operere med dei tradisjonelle kasusformene nominativ, akkusativ, genitiv og dativ i dette arbeidet, for betre å kunne knyte analysane opp mot andre arbeid som nyttar meir "tradisjonelle" kasusomgrep. I ein meir omfattande LCDG-analyse ville det truleg vere føremålstenleg å operere med eit større antal kasusformer, til dømes også med Loc 'locative', som ville vere ei kasusform som samla preposisjonar som markerer kasusrelasjonen LOC. I dette arbeidet skal eg nøye meg med å fastslå at preposisjonar er ei semantisk markert form for kasusmarkering.

(3: 1)



Verbet *like* er eit transitivt, divalent verb som krev eit Nom-komplement og eit Obl-komplement. Nomenet *henne* har kasustrekket Obl, og tilfredsstillar dermed valenskravet. Vidare tolkar *like* sin AGT som berar av kasustrekket Nom. Sidan *guten* ikkje har noko kasustrekk, kjem dette nomenet ikkje i konflikt med valenstrekket i verbet, og konstruksjonen er velforma. Hadde ein derimot bytt ut *guten* med eit nomen med kasustrekket Obl, ville konstruksjonen vore ugrammatikalsk. Sidan svært få nomen har inherente kasustrekk i moderne norsk, er linearitetstrekk nødvendige for å avgjere kva for kasusrelasjon eit nomen er berar av:

(3: 2)



I (3: 2) over ser me at Nom og Obl er knytte til ordstilling. Linearitetstrekka fører til at verbet tolkar *guten* som AGT og *hunden* som PAT. Med andre ord har linearitetstrekket same funksjon som det inherente Obl-trekket i *henne* i (3: 1), nemleg å markere PAT. Difor reknar ein inherent Obl og Obl knytt til ordstilling som same kasusform.

3.2.1 Morfologisk kasus

Før eg drøftar kasusmarkeringa på det norrøne og moderne norske språksteget nærare, skal eg sjå på nokre framstillingar som tek for seg tyding av morfologisk kasus i norrønt, nemleg Falk & Torp (1900), Nygaard (1905), Hanssen, Mundal & Skadberg (1975), Kristoffersen (1991) og Haugen (2001). Kristoffersen (1991) studerte samanhengar mellom morfologisk kasus og semantiske roller, og er difor særleg interessant i denne samanhengen. Når eg i det følgjande skal freiste å trekke fram viktige trekk ved kasustyding frå dei nemnte framstillingane, skal eg for kvar kasus til slutt referere resultatata Kristoffersen kom fram til. I dette arbeidet er det

morfologisk kasus som kasusmarkering ved verbkomplement som er mest interessant, og eg skal i det følgjande konsentrere meg om kasus nytta ved nominale verbkomplement i norrønt.

3.2.1.1 Morfologisk akkusativ

Nygaard (1905: 83) skriv at ”I akkusativ sættes virksomhedens gjenstand (ydre objekt) og indhold og resultat (indre objekt, produktobjekt).” Når det gjeld ytre objekt, skriv Nygaard vidare at ”Akkusativ angiver gjenstanden ved verber, der betegner en virksomhed, der umiddelbart paavirker eller er rettet mod noget” (s. 83f). I tillegg har Nygaard ein interessant merknad:

Til adskillige verber, som betegner virksomhed, føies gjenstanden ikke i akk., men i dativ eller genitiv. Verbets betydning har da været saaledes opfattet, at virksomheden ikke umiddelbart var rettet mod gjenstanden, men stod i et andet forhold til den. Betydningen kan imidlertid efterhaanden være modificeret og være bleven ganske transitiv, men den styrelse, som fra først af har fæstet sig til verbet, er alligevel bibeholdt (Nygaard 1905: 84).

I terminologien til Hanssen, Mundal & Skadberg (1975: 120) vil dette seie at ”En setnings grammatisk objekt står oftest i akkusativ (men mange verb tar obj. i dativ el. genitiv)”. Akk er med andre ord som oftast den kasus det direkte objektet er markert med i norrønt, men det kan òg vere markert med dei to andre oblike kasus.

Kristoffersen (1991: 59) fann at ”Den sentrale rolla ved akkusativledd er objektiv.” Som karakteristikk av rolla objektiv nyttar Kristoffersen (s. 36) ein karakteristikk av rolla ”theme” hjå Levin (1987: 10)¹: ”[...] something whose location or state is described, something which changes state or location, or something which goes into or out of existence.”

3.2.1.2 Morfologisk dativ

Dat er ein svært samansett og mangetydig kasus i norrønt, ”hvori flere oprindelige kasus er smeltede sammen (dativ, instrumentalis, ablativ, lokativ). Dette kan baade sproghistorisk godtgjøres, og de forskjellige grundbetydninger lader seg i store træk med lethed paavise” (Nygaard 1905: 98). I høve til ei samanlikning med nominale verbkomplement i moderne

¹ Her sitert etter Kristoffersen (1991).

norsk er det Nygaard (s. 98) kallar ”Egentlig dativ”, mest interessant. Det er nemleg denne som framleis blir uttrykt som nomenkomplement i moderne norsk:

Idethele maa man sige, at dativ allerede meget tidlig ophørte at føles som en fra akkusativ forskjellig kasus, som betegnelse for et særegent sætningsforhold, overalt hvor den ikke fungerer som hensynsbetegnelse, altsaa i sin oprindeligste anvendelse. En følge heraf var igjen, at dativen overalt hvor den er traadt istedenfor ældre instrumentalis, lokativ eller ablativ, erstattedes ved andre udtryksmaader” (Falk & Torp 1900: 31f).

Det indirekte objektet i moderne norsk går ut frå dette tilbake til den opphavlege Dat i norrønt: ”Som indirekte objekt (hensynsledd) i dativ settes betegnelsen for den person (el. ting) som har nytte eller skade av verbalhandlingen” (Hanssen, Mundal & Skadberg 1975: 125).

Kristoffersen (1991: 59f) fann at den opphavlege Dat realiserer rollene benefaktiv og perseptiv. ”*Benefaktiv* viser til ein animat deltakar som verbalhandlinga skjer til fordel eller ulempe for” (s. 33). ”*Perseptiv* kan også karakteriserast som animat, og refererer til ein opplevande deltakar, ein som tar imot inntrykk” (s. 33).

3.2.1.3 Morfologisk genitiv

Haugen (2001: 264) peikar på at ”Genitiv står noko på sida av dei tre andre kasusane fordi han så ofte blir brukt *attributivt*, dvs. som adledd i substantivfrasar. Medan nominativ kan definerast som kasus for subjektet, akkusativ for det direkte objektet og dativ for det indirekte objektet, kan genitiv opptre attributivt i mange slags ledd”. Men ved enkelte verb markerer Gen òg objekt. Om desse tilfella skriv Hanssen, Mundal & Skadberg (1975: 121) at ”Et genitivobjekt har som regel en noe løsere tilknytning til verbalhandlingen enn et akkusativobjekt. Bruken av genitiv skyldes for en stor del en opprinnelig partitiv funksjon, dvs. genitiven har tjent til å markere at verbalhandlingen ikke rammer eller gjelder hele den ting (mengde) som substantivet omfatter, men bare en del av den.”

Falk & Torp (1900: 46) skriv at ”Genitiv ved verber betegner dels handlingens maal, dels er den partitivt objekt [...] Hyppig er genitiv efter verber som angiver en paabegyndt handling, en stræben efter noget”.

Kristoffersen (1991: 60) fann at Gen realiserer rolla objektiv.

3.2.1.4 Semantisk analyse av morfologisk kasus

Sjølv om ein avgrensar forsøket til morfologisk kasus ved verbkomplement, ser ein av gjennomgangen ovanfor at det ikkje er lett å knyte ei bestemt tyding til ein bestemt morfologisk kasus i norrønt. Spesielt for Dat er dette problematisk, sidan denne kasusen historisk sett er eit samanfall av fire ulike indoeuropeiske kasus. Med dette i mente (s. 61) konkluderer Kristoffersen (1991: 66), ut frå si undersøking av forholdet mellom kasus og semantiske roller, likevel med ”at det for alle andre kasus enn nominativ er eit relativt eintydig forhold mellom kasus og roller.” På eit abstrakt nivå ser det difor ut til at det er muleg å knyte morfologisk kasus til bestemte tydingar.

Som nemnt reknar ein i LCDG med at kasusmarkørar sjølve er berarar av tyding, og det er lokalistisk kasusteori som ligg til grunn for den semantiske analysen av markørane. Den lokalistiske kasusteorien til Anderson (1971) er ein viktig bakgrunn for dei semantiske analysane av kasus i LCDG, men ein viktig skilnad er at Anderson, i motsetnad til LCDG, opererer med eit djupstrukturelt representasjonsnivå. I tillegg er ikkje alle dei semantiske trekka ein opererer med i LCDG, reint lokalistiske, til dømes opererer ein med trekk som $[\pm\text{mnr}]$ ’manner’, og $[\pm\text{posn}]$ ’possession’. For eit større oversyn over lokalistiske kasusteoriar, sjå Eroms (1981).

I LCDG blir kasusforma Nom rekna som ein uanalyserbar primitiv, medan andre kasusformer blir analyserte som kombinasjonar av semantiske trekk. Desse trekka blir distribuerte på ulike kasusmarkørar, som til dømes nomen og preposisjonar. Starosta (1988: 194) foreslår følgjande semantiske analyse av morfologisk Nom, Akk, Gen og Dat i tysk:

(3: 3)

Nominative	+Nom	Nom = ’Nominative’
Genitive	-Nom, +sorc	sorc = ’source’
Dative	-Nom, -sorc, +lctn	lctn = ’location’
Accusative	-Nom, -sorc, -lctn	

Tysk og norrønt har dei same morfologiske kasus, og det er difor ikkje urimeleg å tenkje seg at ein liknande analyse er brukbar for norrønt òg. Ei større undersøking av dette i norrønt tillet

ikkje rammene for dette arbeidet, men la oss likevel sjå på denne analysen i høve til resultatata av undersøkinga til Kristoffersen (1991) om forholdet mellom morfologisk kasus og semantiske roller i norrønt. Han set opp dette skjemaet for dette forholdet (s. 61):

(3: 4)

NOMINATIV	AKKUSATIV	DATIV	GENITIV
agentiv	objektiv	benefaktiv/ perseptiv	objektiv
benefaktiv		instrumental	
perseptiv			
objektiv			
	perseptiv	objektiv	
	benefaktiv		

Under lina står roller som ”anten er lite frekvente ved bestemte kasus (f eks perseptiv ved akkusativ). eller der forholdet mellom kasus og rolle kan forklarast som resultat av diakrone utviklingar” (s. 61). Nominativ ser eg bort frå ettersom denne blir rekna som ein uanalyserbar primitiv innanfor det semantiske systemet for analyse av kasusmarkørar i LCDG.

Når det gjeld akkusativ, er denne oftast knytt til den svært generelt definerte rolla objektiv, jf. definisjonen i 3.2.1.1. Starosta definerer i (3: 3) Akk som [-Nom, -sorc, -lctn]. Ut frå resultatata til Kristoffersen (1991) i (3: 4), og definisjonen av rolla objektiv i 3.2.1.1, ser eg ikkje grunnlag for å definere Akk i norrønt slik som Starosta gjer for tysk, og foreslår at Akk berre blir definert som [-Nom]. Akk blir då ganske enkelt den minst markerte motsetnaden til Nom. Ein slik analyse finn ein òg argument for i samband med passivderivasjon. Eit PAT-komplement merka Akk i aktiv blir nemleg merka Nom i passiv. Denne vekslinga kan såleis knytast til vekslinga [\pm Nom]. Dette kjem eg tilbake til i kapittel 3.3.

Genitiv er hjå Starosta definert som [-Nom, +sorc], medan Kristoffersen (1991) berre set genitiv i samband med rolla objektiv. Nygaard (1905: 142ff) handsamar genitiv ved verb i § 131-134, og oppgjev typiske tydingar for dei ulike gruppene av verb med genitivskomplement han opererer med:

(3: 5)

§ 131. Genitiv sættes for at betegne gjenstanden for handlingen ved endel verber som uttrykker

- a) *forventning* om, lyst til, *stræben* efter ngt. [...]
- b) *sætte sig i besiddelse af, gjøre brug af, prøve, savne*. [...]
- c) Fremdeles ved verberne: *gá* give agt paa, lægge merke til; *gæta* passe paa, agte paa; *geyma* give agt paa, tage vare paa, *geta* formode omtale; *vitja* besøge, opsøge (for at komme i besiddelse af); *minnast* mindes; *sverja* sverge paa; *þurfa* trænge til, behøve; *bindast, svífast* afholde seg fra; *kenna* a) føle, fornemme b) lade ngt. komme tilsyne, røbe, vise; *vita* a) være sig bevidst b) lade ngt. komme tilsyne, røbe, vise; *orka* a) frembringe, foraarsage b) á e-nn e-ns (ell. til e-ns) indvirke paa for at opnaa ngt., kræve ngt. af en [...]

§ 132. *Gjenstanden i genitiv og personen i akk.* sættes

- a) ved en del verber, som betyder at bede en om ngt. – kræve ngt. af en – egge en til ngt. – spørge en om ngt. – søge at afholde en fra ngt. [...]
- b) ved *minna* minde en om ngt.; *fylla* fylde med ngt. [...]

§ 133. *Gjenstanden i genitiv og personen i dativ* har nogle verber, som betyder at meddele en ngt., negte en ngt. [...]

§ 134.

- a) Ved verberne *gjalda* undgjælde, *hefna, reka*, tage hevn, søge opreisning, *iðrast* angre, *skammast* skamme sig sættes det, hvorfor (for hvis skyld) man undgjælder, tager hevn, føler anger ell. skam, i genitiv. [...]
- b) *firna, saka, vá* dadle, bebreide; *kunna, fyrirkunna* være uvillig stemt, tage ilde op har personen i akk. og det, hvorfor man bebreider en, er uvillig stemt, i genitiv.

Eit fellestrekk ved svært mange av verba i (3: 5) meiner eg er at nomen merka Gen på ein eller annan måte uttrykker ei kjelde i samband med den prosessen verbet uttrykker. I § 131 (a) er det snakk om ei kjelde for ei forventning, ei lyst, eller ein streben etter noko, like eins ei kjelde for sagn i (b). I (b) er det òg snakk om å setje seg i eigarskap, skaffe seg noko og bruke av noko, og desse prosessane må ein òg tenkje seg i samband med ei kjelde. Litt meir problematiske er verba i (c), men også her kan ein argumentere for at det er snakk om ei kjelde for ei eller anna kjensle, ein reaksjon eller eit resultat for det andre nominale komplementet til verbet.

I § 132 kan ein òg forstå Gen-nomenet som ei kjelde det blir bede om noko frå, kravd noko frå, spurt om noko frå osv. Det same gjeld for verba i § 133. Endeleg blir det i § 134 tydeleg at ein kan sjå Gen-komplementet som ei kjelde for den prosessen verbet uttrykker. Dette har truleg samanheng med den opphavlege partitive funksjonen til Gen, jf. Hanssen, Mundal & Skadberg (1975: 121), dvs. at Gen uttrykker ein del av ei eller anna kjelde. Også Faarlund (1990: 143) peikar på at verb med Gen-komplement "are verbs with very many different types of meaning, yet most of them imply a *partitive* reading of the Theme argument." Denne tendensen meiner eg er sterk nok til at eg vil foreslå å analysere Gen som [-Nom, +sorc].

Dat er den norrøne kasus det er mest problematisk å gje nokon einskapleg analyse av. Som nemnt er denne kasusforma i norrønt ei samansmelting av fire opphavlege indoeuropeiske kasus: dativ, instrumentalis, ablativ og lokativ. Sidan tydingstrekk frå tre av desse (dativ, instrumentalis og ablativ) framleis er til stades ved nominale verbkomplement i norrønt, er det i ein semantisk analyse naudsynt å operere med semantiske trekk som dekker alle desse tydingane. Lokativ dativ blir i norrønt ikkje lenger nytta ved nominale verbkomplement, jf. Nygaard (1905: 125f).¹

For den opphavlege dativ, som uttrykker rollene benefaktiv og perseptiv, jf. definisjonane av desse rollene i 3.2.1.2, foreslår eg denne analysen: [-Nom, +goal]. Det dreiar seg her om nomen som den prosessen verbet uttrykker rettar seg mot, eller i konkret eller abstrakt forstand treffer.

Den andre viktige rolla dativ kan uttrykke i oversikta til Kristoffersen i (3: 4), er instrumental. Eg foreslår analysen [-Nom, +mnnr] (mnnr = 'manner') for instrumental dativ. Vidare blir ablativ dativ fanga inn av trekka [-Nom, +dprt] (dprt = 'depart').

Forsøket eg her har gjort på ein semantisk analyse av morfologisk kasus ved verbkomplement i norrønt, er sjølvstg ikkje meint som nokon heilskapleg analyse av kasus på dette språksteget. Hovudpoenget er at morfologiske kasus som kasusmarkørar er berarar av tydingar, og at desse tydingane skil seg frå kvarandre ved grunnleggjande semantiske trekk:

¹ Nygaard (1905: 126) peikar rett nok på at "I *poesi* findes en sjelden gang dativ om 'stedet hvor' ", men ikkje i prosa.

(3: 6)

NORRØNT		MODERNE NORSK	
Nominativ	+Nom	Nominativ	+Nom
Akkusativ	-Nom	Oblik	-Nom
Genitiv	-Nom, +sorc		
Dativ	-Nom, +goal		
Instr. Dativ	-Nom, +mnnr		
Abl. Dativ	-Nom, +dprr		

Analysen syner òg at ein ved verbkomplement kan sjå Nom og Akk/Obl som syntaktiske, semantisk umarkerte kasus, medan Dat og Gen er semantisk markerte kasus. Nom og Akk/Obl kan dermed veksle med kvarandre ved trekket [\pm Nom], medan ei slik veksling ikkje er muleg ved dei semantisk meir markerte kasusformene Dat og Gen.

3.2.2 Preposisjonar

Ovanfor blei morfologisk kasus som kasusmarkør diskutert. I dette kapitlet skal eg sjå på den andre viktige forma for kasusmarkering i samband med dette arbeidet, nemleg preposisjonar. Preposisjonar er i LCDG definerte som ord som dannar binære eksosentriske frasar saman med eit anna ord eller ein annan frase, jf. 2.2.3.2. Verb som krev preposisjonsfrasar danna av preposisjon + nomen(frase) i sin valens, er regens både for preposisjonen og nomenfrasen. Slike verb blir dermed subkategoriserte av kombinasjonen av preposisjonen og nomenfrasen, dvs. heile den eksosentriske preposisjonsfrasen. Med andre ord er det dei leksikalske trekka i både preposisjonen og nomenfrasen som til saman utgjer eigenskapane til preposisjonsfrasar, inkludert relasjonen mellom slike frasar og deira regens. Og på same måte som kasusfleksjon er preposisjonar kasusmarkørar som er berarar av semantiske trekk.

Både i norrønt og moderne norsk kan kasusrelasjonane COR, LOC og MNS bli uttrykte ved preposisjonsfrasar, medan AGT og PAT ikkje kan det. Argumentasjonen for dette kjem eg tilbake til i kapittel 3.3. Dei mest interessante preposisjonane i dette arbeidet er usamansette preposisjonar: ”En del usammensatte preposisjoner brukes av og til uten egentlig leksikalsk innhold, eller med svært avbleket betydning. Dette gjelder særlig i preposisjonsobjekt” (Faarlund, Lie & Vannebo 1997: 446). Sidan det er usamansette

preposisjonar som dannar PO, skal eg i det følgjande konsentrere meg om denne preposisjonstypen. Valensundersøkinga resulterte i 50 verbpar, og eg skal no sjå nærare på dei norrøne og moderne norske preposisjonane som dannar PO i desse verbpara.

Innanfor rammene av dette arbeidet er det ikkje muleg å gjere nokon fullstendig semantisk analyse av alle preposisjonar i norrønt og moderne norsk. I ein slik fullstendig analyse måtte ein dekomponere preposisjonane ved hjelp av tilstrekkeleg mange semantiske trekk, slik at kvar preposisjon skil seg frå alle andre ikkje-synonyme preposisjonar ved minst eitt trekk, og slik at alle preposisjonar med nærskyld tyding deler minst eitt semantisk trekk. I dette arbeidet er det skiljet mellom nomenfrasar og preposisjonsfrasar som er det sentrale, og ikkje ein detaljanalyse av dei ulike preposisjonane i høve til kvarandre. Likevel er det interessant å gjere ein semantisk analyse av dei moderne norske preposisjonane som dannar PO i dei 50 verbpara i valensundersøkinga. På denne måten kan ein samanlikne kasusmarkering ved preposisjonar med kasusmarkering ved morfologisk kasus i dei tilfella der det norrøne verbet i verbparet krev nomenkomplement, medan det moderne norske verbet krev PO. Eit forsøk på ein slik analyse følgjer under:

(3: 7)

	lctn	sorc	dprt	drcn	path	goal	mnnr	intr	vrct	assn
av		+					+			
etter	+			+	+					
for						+				+
frå	+		+	+	+					
i	+							+		
om										+
over	+			+					+	
på	+			+						+
til	+			+	+	+				
ved	+						+			

lctn = location
sorc = source
dprt = depart
drcn = direction
path = path
goal = goal
mnnr = manner
intr = interior
vrct = vertical
assn = association

I (3: 7) har eg gjort eit forsøk på å subkategorisere dei moderne norske preposisjonane som dannar PO i verba frå valensundersøkinga. Subkategoriseringa er gjort ved hjelp av 10 semantiske trekk, og alle preposisjonane skil seg frå kvarandre ved minst eitt trekk. Denne analysen er ikkje meint som noko forsøk på å fange inn alle tydingar desse preposisjonane kan

ha i alle kontekstar, men han er eit forsøk på å seie noko om kva for tyding desse preposisjonane har i høve til kvarandre. Vidare er det eit viktig poeng at preposisjonar er ei semantisk markert form for kasusmarkering.

Dei norrøne preposisjonane som dannar PO i verbpara frå valensundersøkinga er følgjande:

á	'på'
at	'åt'
eptir	'etter'
frá	'frá'
fyrir	'føre'
til	'til'
um	'om'
við	'ved'
yfir	'over'

Som nemnt kan preposisjonsfrasar vere berarar av kasusrelasjonane LOC, COR og MNS, både i norrønt og moderne norsk, medan kasusrelasjonane AGT og PAT berre kan bli uttrykte ved nomenkomplement. Argumentasjonen for dette kjem eg tilbake til i neste kapittel, der tema er transitivitet.

I 3.2 har eg gjort greie for kasusmarkering gjennom morfologisk kasus og preposisjonar på dei to språkstega norrønt og moderne norsk. No skal eg gå over til å diskutere eit anna sentralt teoretisk tema i samband med valensundersøkinga, nemleg transitivitet.

3.3 Transitivitet

3.3.1 Grammatisk og semantisk transitivitet

Transitivitetsomgrepet har tradisjonelt vorte nytta om verb med minst to komplement, jf. Tesnière (1980: 165), der det eine komplementet, tradisjonelt kalla subjektet, gjennom den prosessen verbet uttrykker, på ein eller annan måte rettar seg mot det andre komplementet, tradisjonelt kalla objektet. Faarlund, Lie & Vannebo (1997: 663) skriv følgjande om transitivitet: ”Verb som kan ta objekt, blir kalt **transitive**, og verb som ikke kan ta objekt,

intransitive. Av de transitive verbene er det en undergruppe som tar to objekt og altså er treverdige.”

I LCDG blir eit transitivt verb definert som eit verb med kasusrelasjonane AGT og PAT, jf. definisjonane i 2.2.4.5. Med andre ord er kravet til transitivitet for det første at verbet knyter til seg minst to komplement, for det andre må desse komplementa saman med verbet ha visse eigenskapar for at eit verb skal bli rekna som transitivt. La oss sjå nærare på desse eigenskapane.

Starosta (upubl.a) diskuterer transitivitetsomgrepet og det han kallar **grammatisk transitivitet**. Den første viktige observasjonen er at verb med to komplement ikkje nødvendigvis er transitive, og at verb med berre eitt komplement i visse tilfelle må reknast som transitive. Den første typen er det ikkje vanskeleg å finne døme på. Verbet *bu*, som i setninga *Han bur i byen*, krev to komplement, men det er neppe nokon som ville kalle dette verbet transitivt. Difor blir heller ikkje preposisjonsfrasen *i byen* kalla objekt, men adverbial. Den andre typen, transitive verb med berre eitt komplement, vil ikkje bli handsama i dette arbeidet.

Vidare går Starosta (upubl.a) ut frå at alle predikat anten er transitive eller ikkje transitive, og han søker å underbyggje dette gjennom dei grammatiske generaliseringane ein slik dikotomi gjer muleg: ”What we will find is that the choice of one or the other of these two features typically has morphological, syntactic, and/or semantic correlates, and when these kinds of properties are present, they are gratifyingly consistent with each other” (s. 3). Ideen er at transitivitet på ulike måtar i ulike språk har samanheng med morfologiske, syntaktiske og/eller semantiske faktorar. På bakgrunn av slike faktorar freistar ein så å finne fram til mønster for transitivitet i det einskilde språket.

Starosta byggjer her i stor grad på Hopper & Thompson (1980), som dekomponerte transitivitetsomgrepet, og synte korleis dei ulike komponentane, som til saman utgjer deira transitivitetsomgrep, har samanheng med kvarandre i ei rekkje ulike språk frå heile verda. Utgangspunktet til Hopper & Thompson er ei tradisjonell forståing av transitivitet, der ein aktivitet blir transformert over frå ein agent til ein patient, og transitivitet krev dermed minst to deltakarar og ei handling som typisk har ein eller annan effekt på patient: ”This intuitive understanding is the one which we shall attempt to characterize explicitly and in universal terms.” Dei samanfatta dette i ”the Transitivity Hypothesis”:

(3: 8)

If two clauses (a) and (b) in a language differ in that (a) is higher in Transitivity according to any of the features A-J, then, if a concomitant grammatical or semantic difference appears elsewhere in the clause, that difference will also show (a) to be higher in Transitivity (Hopper & Thompson 1980).

Dei ulike komponentane i transitivetsomgrepet til Hopper & Thompson er følgjande:

(3: 9)

	HIGH	LOW
A Participants	2 or more participants A and O ¹	1 Participant
B Kinesis	action	non-action
C Aspect	telic	atelic
D Punctuality	punctual	non-punctual
E Volitionality	volitional	non-volitional
F Affirmation	affirmative	negative
G Mode	realis	irrealis
H Agency	A high in potency	A low in potency
I Affectedness of O	O totally affected	O not affected
J Individuation of O	O highly individuated	O non-individuated

Med desse transitivetskomponentane dannar Hopper & Thompson eit graduert transitivetsomgrep, der ein kan nytte dei ulike komponentane til å seie noko om i kva grad ei setning er transitiv. Dei knyter transitivetsomgrepet til setningar, medan Starosta (upubl.a) knyter omgrepet til predikat. Vidare peikar Starosta på at transitivetskomponentar som utelukkande er semantisk funderte, slik fleire av komponentane til Hopper & Thompson i (3: 9) vil vere i mange språk, ikkje er objektivt målbare på same måte som morfologiske og syntaktiske faktorar. Dersom ein ønskjer å nærme seg fastare haldepunkt for kva som bør

¹ A står for agent og O for objekt. Forkortingane blir brukte til å referere til dei to komplementa i ei setning med to komplement.

reknast som transitive verb, må ein difor undersøkje i kva grad og på kva for måte dei transitive komponentane kjem til uttrykk i bestemte morfologiske eller syntaktiske mønster.

Reint semantisk er det liten tvil om at Hopper & Thompson har rett i at transitivitet er eit graduert omgrep, med ein glidande skala der alle setningar plasserer seg i høve til kvarandre. I dette arbeidet trur eg derimot det vil vere nyttigare å nytte omgrepet grammatisk transitivitet (Starosta upubl.a) knytt til predikat, og undersøke om det er visse morfologiske og/eller syntaktiske faktorar som har samanheng med at visse verb plasserer seg på visse stader på transitivitetsskalaen.

Passivkonstruksjonar syner klare samanhengar med aktive konstruksjonar dei står i derivasjonstilhøve til. Mellom anna må eit ledd i aktivkonstruksjonen vere tilgjengeleg til å kunne bli subjekt i passiv for å kunne få ein personleg passivkonstruksjon, jf. Faarlund, Lie & Vannebo (1997: 845). I LCDG-termar vil dette seie at PAT i aktivkonstruksjonen blir PAT også i passivkonstruksjonen, medan kasusrelasjonen AGT ikkje er til stades i passiv. Ein derivasjon mellom aktiv og passiv blir på denne måten ein derivasjon der verbet i aktiv er transitivt, medan det tilsvarende passive verbet er intransitivt. Eit verb som i aktiv er intransitivt, vil dermed ikkje kunne bli derivert til personleg passiv, ettersom AGT-relasjonen til verbet ikkje er til stades ved intransitive verb. Eit grammatisk transitivt verb kan ut frå dette definerast som følgjer:

(3: 10)

Eit grammatisk transitivt verb er (i norsk) eit verb i aktiv som potensielt står i derivasjonstilhøve til tilsvarende passivverb i ein personleg passivkonstruksjon danna av bli/vere + perfektum partisipp av tilsvarende verb i aktiv.

Eg ser av fleire grunnar bort frå andre måtar å danne passiv i transitivitetskriteriet over. For det første er det slike passivkonstruksjonar som er vanlegast i norrønt, jf. Faarlund (2004: 211f). I norrønt blir passiv danna av hjelpeverbet *vera* 'vere' eller *verða* 'bli, verte' og perfektum partisipp av hovudverbet (jf. Faarlund 2004: 211ff).¹

¹ Passiv i norrønt er ikkje uomstridt. Dyvik (1980) argumenterer for at desse konstruksjonane heller bør analyserast som vanlege predikativkonstruksjonar med *vera/verða* som kopula og partisippet som predikativt adjektiv. Likevel står det fast at desse konstruksjonane kan fungere som passive motstykke til tilsvarende aktive konstruksjonar.

For det andre er desse passivkonstruksjonane dei mest anvendelege i moderne norsk: ”Bli-passiv har et vidt bruksområde og kan nyttes i de aller fleste tilfeller der en passiv uttryksmåte er mulig” (Faarlund, Lie & Vannebo 1997: 524).

La oss sjå litt nærare på analysen av passivkonstruksjonar i LCDG. Sidan ein innanfor LCDG ikkje opererer med fleire representasjonsnivå, til dømes ikkje opererer med noko djupstrukturelt nivå i tillegg til overflatestrukturen, er tilhøvet mellom aktive og passive konstruksjonar derivasjonelt, jf. definisjonen av omgrepet derivasjon i 2.2.3.4. På same måte som i Lexical Functional Grammar, sjå til dømes Bresnan (2001: 25ff), er det leksikalsk alternasjon som fører til skilnadene mellom aktiv og passiv. Dei to konstruksjonstypene står ikkje i noko transformasjonstilhøve til kvarandre. Derivasjonar kan i prinsippet gå begge vegar, men det utelukkar sjølvsagt ikkje at den eine konstruksjonen historisk sett kan ha oppstått tidlegare enn den andre osv. Derivasjonsregelen for tilhøvet mellom aktiv og personleg passiv er i norsk som følgjer:

(3: 11)

$$\begin{array}{c}
 \text{Aktivt} \\
 \text{V} \\
 \left[\begin{array}{c} ? \left[\begin{array}{c} \text{AGT} \\ \alpha F_i \end{array} \right] \\ ? \left[\begin{array}{c} \text{PAT} \\ \beta F_j \end{array} \right] \end{array} \right]
 \end{array}
 :
 \begin{array}{c}
 \text{Passivt} \\
 \text{V} \\
 \left[\begin{array}{c} ? \left[\begin{array}{c} \text{(MNS)} \\ \alpha F_i \end{array} \right] \\ ? \left[\begin{array}{c} \text{PAT} \\ \beta F_j \end{array} \right] \end{array} \right]
 \end{array}$$

Regelen i (3: 11) formaliserer derivasjonstilhøvet mellom aktiv og personleg passiv. AGT frå aktiv går over til ein fakultativ MNS-relasjon, medan PAT blir verande PAT. La oss sjå på eit døme:

(3: 12)

- a. Han slo ein ny ball innover (SK/ObTo/01)

[AGT] [PAT]

- b. Ein ny ball blei slått innover (av han)

[PAT] ([MNS])

Den aktive setninga i (3: 12a) og den passive i (b) illustrerer det derivasjonelle tilhøvet formalisert i (3: 11). Me ser at verbet går over frå å vere transitivt i (a) til å vere intransitivt i (b). Elles er dei funksjonelle skilnadene mellom dei to setningane viktige, dei to setningane kodar ulike perspektiv på ein ekstern situasjon. I (a) blir det fokusert på den eksterne drivkrafta bak den prosessen verbet uttrykker, medan denne relasjonen er undertrykt i (b), her er det det prosessen rettar seg mot, som blir fokusert, perspektiva er ulike.

Som nemnt kan derivasjonstilhøvet mellom aktiv og personleg passiv, slik dette er formulert i (3: 11), kunne nyttast som ein grammatisk test på transitivitet: Transitive verb kan bli deriverte til personleg passiv, medan intransitive verb ikkje kan. I dette arbeidet, som omhandlar verbvalens i norrønt og moderne norsk, vil grammatisk transitivitet vere ein viktig faktor i analysane.

Utgangspunktet for den vidare drøftinga er mellom anna følgjande observasjon hjå Faarlund, Lie & Vannebo (1997: 776): Valensbundne adverbial blir ofte uttrykte i form av preposisjonsfrasar. Vidare er det vanleg at valensbundne adverbial uttrykker ei stadnemning, eller dei kan uttrykke tid eller måte. Med andre ord plasserer verb som krev slike adverbial, seg svært lågt på den semantiske transitivitetsskalaen til Hopper & Thompson (1980) i (3: 9). Adverbiala uttrykker omstende rundt den prosessen verbet uttrykker. PO har det til felles med bundne adverbial at dei er valensbundne, og at dei blir uttrykte i form av preposisjonsfrase. På bakgrunn av dette er det eit interessant spørsmål om verb som krev PO, òg har felles transitivitetsegenskapar med verb som krev adverbial, dvs. om divalente verb der det eine komplementet er PO, er intransitive verb.

I høve til norrønt er det òg interessant å undersøkje om verb som krev ulik kasus for sine nominale komplement, syner skilnader i høve til transitivitet, for deretter å kunne sjå om dette har samanheng med korleis leksikalsk nærskylde moderne norske verb uttrykker tilsvarande komplement. I det følgjande skal eg sjå nærare på desse spørsmåla, først for divalente verb, deretter for trivalente verb.

3.3.2 Divalente verb

Når det gjeld divalente verb, har norrønt tre mulege kasus for nominale objekt, nemleg Akk, Dat og Gen. Alternativt kan verbet krevje PO, som i

(3: 13)

Gestur heilsar á konung (Bárð, 69)
Gestur-Nom helsar på konge-Akk

På moderne norsk finst det berre to alternativ, anten er objektet eit nomen merka Obl, eller det er PO, som i

(3: 14)

Måtte eg ikkje helse på deg? (SK/VeTa/02)

Ein eventuell AGT er markert av Nom på begge språksteg. I dei tilfella der eit norrønt verb krev eitt eller to komplement markerte av oblike kasus, er det snakk om såkalla upersonlege verb, jf. Haugen (2001: 223ff). Slike verb reknar eg i dette arbeidet med ikkje har kasusrelasjonen AGT, jf. definisjonen i 2.2.4.5.

For å undersøkje spørsmålet om tendensar til samanhengar mellom kasusmarkering og transitivitet i norrønt, valde eg ut ei gruppe på 10 verb frå dei tre ulike gruppene av divalente verb med to nominale komplement, der det eine komplementet er Nom, dvs. potensiell AGT. Verbgruppene måtte vere små fordi eg stilte krav om at verba måtte ha leksikalsk nærskylde verb i moderne norsk, jf. diskusjonen i 2.3.1, for å kunne sjå etter eventuelle samanhengar mellom dei to språkstega. Eg tok utgangspunkt i verba i valensrammene til Haugen (2001: 224ff). Haugen nemner ikkje noko om eventuelle kriterium for utvalet av desse verba, men eg let dei gjelde som eit tilfeldig utval. I dei tilfella der Haugen ikkje har så mange som 10 verb med leksikalsk nærskylde verb i moderne norsk, henta eg verb frå Nygaard (1905) sin gjennomgang av kasus. Eg undersøkte så om verbet kan deriverast til personleg passiv i moderne norsk, og om det fanst døme på norrøne passivkonstruksjonar av verbet danna av *vera* eller *verða* + perfektum partisipp av hovud verbet i *CD-ROM-korpuset*. Resultata av denne undersøkinga har eg samanfatta i tre tabellar:

(3: 15) Nom + V + Akk

Norrønt V	Mod. Norsk V	Norrøn passiv	Mod. norsk passiv
bera	bere	Siðan var þetta fyrir Sokka borið (Grænþ, 1118)	Barnet blei bore
binda	binde	Siðan var bundið sár Más (Eyrþ, 566)	Tjuven blei bunde
bíta	bite	Ingen førekomstar	Mannen blei bite
brjóta	bryte	Þá var upp brotið husið (Grett, 1009)	Kvisten blei brote
draga	dra	Var þá upp dregið akkerið (HallM, 1201)	Stokken blei drege
eta	ete	og hefðu öll etin verið (BandM, 21)	Pølsene blei ete
sjá	sjå	Nú er það séð að ver fáum þá aldrei (Njála, 279)	Bjørnen blei sett
slá	slå	Hún var slegin ofan öll af og fram til eggjar (Fóstb, 822)	Boksaren blei slått
senda	sende	Björn var ei á þingi því hann var sendur út til (Valjó, 1840)	Brevet blei sendt
hoggva	hogge	Þar var höggvið rjóður í skóginum (Laxd, 1569)	Veden blei hogd

(3: 16) Nom + V + Dat

Norrønt V	Mod. Norsk V	Norrøn passiv	Mod. norsk passiv
bjarga	berge	Bjargað mun málinu verða að lögum (LjósC, 1659)	Turistane blei berga
fylgja	fylgje	Var þeim fylgt í stofu (Laxd, 1640)	Ho blei fylgt
hjálpa	hjelpe	Ingen førekomstar	Eleven blei hjelpt
trúa	tru	Bar hann öllum vel og var því trúað (Njála, 337)	Tiltalte blei trudd
þjóna	tene	Ingen førekomstar	Kongen blei tent
hlíta	lite	Ingen førekomstar	*På henne blei lite
mæta	møte	Ingen førekomstar	Ho blei møtt
stýra	styre	Nú veit eg ei nema mér verði nær stýrt um eftirmálið (VaLjó, 1828)	Landet blei styrt
hóta	hote	Ingen førekomstar	Dommaren blei hota
refsa	refse	Ingen førekomstar	Eleven blei refsa

(3: 17) Nom + V + Gen

Norrønt V	Mod. Norsk V	Norrøn passiv	Moderne norsk passiv
bíða	bie	Ingen førekomstar	*På han blei bia
beiða	be	Lambi spurði hvers beitt mundi vera (Laxd, 1629)	*Om fred blei bede
fá	få	Kölluðu margir að þess væri vel fengið sem (Fljót, 689)	*Pakka blei fått
geyma	gøyme	Ingen førekomstar.	Ringen blei gøymt
hefna	hemne	þess manns mundi hefnt verða ef hann (Egla, 395)	Drapet blei hemna
leita	leite	Nú er hans leitað þangað (Fljót, 676)	*Etter boka blei leita
missa	miste	Ingen førekomstar	?Boka blei mista
njóta	nyte	Ingen førekomstar	Vinen blei note
sakna	sakne	Þormóðar var saknað á þinginu (Fóstb, 826)	Hunden blei sakna
vitja	vitje	Ingen førekomstar	Landet blei vitja

Sjølvsagt kan ein ikkje peike på sikre tendensar ut frå eit så lite undersøkingsmateriale som i dei tre tabellane ovanfor, men ein kan likevel slå fast følgjande: Det ser ut til at kasusrelasjonen PAT i norrønt kan bli markert av alle dei tre oblike kasus. Med andre ord kan ein ut frå transitivitetskriteriet i (3: 10) ikkje sjå nokon samanheng mellom kasusmarkering og grammatisk transitivitet på det norrøne språksteget, sidan nomen merka med alle tre oblike kasus opptrer som PAT i passivkonstruksjonar.

Eit spørsmål ein må diskutere i denne samanhengen, er likevel om passivkonstruksjonar der PAT er markert av Dat og Gen, er personlege passivkonstruksjonar. Dette spørsmålet har samband med eit mykje diskutert spørsmål i norrønforskinga, nemleg om norrønt har oblike subjekt. Dette spørsmålet har igjen samanheng med i kva grad norrønt er eit konfigurasjonelt språk.

Det finst to hovudposisjonar blant forskarane i høve til oblike subjekt. Det tradisjonelle synet er at subjektet alltid er markert av Nom i norrønt, og representantar for dette synet er til dømes Christoffersen (1993), Faarlund (1990, 1999), Kristoffersen (1991, 1994) og Mørck (1992). Den andre synet er at norrønt, som moderne islandsk, har strukturelt

definerbare oblike subjekt, dvs. at subjektet kan ha anna kasusmarkering enn Nom.

Representantar for dette synet er til dømes Barðdal (1997, 2001), Haugan (1997, 2000) og Rögnsvaldsson (1995). I dette arbeidet skal eg ikkje gå særleg inn i denne diskusjonen, men berre sjå korleis han kan relaterast til sentrale teoretiske funderingar innanfor LCDG.

Diskusjonen om oblike subjekt syner at subjektomgrepet er svært problematisk, men LCDG-modellen tillet eit kompromiss mellom dei to posisjonane. Kasusrelasjonen PAT er nemlig ikkje knytt til noko subjektomgrep. Grammatisk subjekt kan eventuelt definerast som eit nomen merka Nom, som er berar av ein kasusrelasjon, jf. Starosta (2003b: 540), men subjektet er ikkje ein primitiv i det analytiske apparatet ein opererer med. Og i motsetnad til subjektet (i tradisjonell forstand) treng kasusrelasjonen PAT ikkje vere merka Nom. Ved transitive verb er PAT aldri markert Nom, sidan Nom ved transitive verb alltid markerer kasusrelasjonen AGT på begge språksteg. Ved intransitive verb i moderne norsk er PAT rett nok alltid markert Nom, sidan dette språksteget manglar dei semantisk markerte kasusformene Dat og Gen ved verbkomplement. Norrønt, derimot, som har verb der Dat og Gen markerer verbkomplement, syner ved desse verba ikkje den same syntaktiske vekslinga i kasusmarkering av desse komplementa mellom aktiv og passiv som i moderne norsk. Dette tyder etter mi meining ikkje at aktivvariantane av desse verba er grammatisk intransitive, sidan komplement merka Dat og Gen opptrer ved passive variantar av desse verba:

(3: 18)

1a. Bjargað mun málinu-Dat verða að lögum (LjósC, 1659)

[PAT]

b. Saka kan bli vunne etter lovene

[PAT]

2a. Var þeim-Dat fylgt í stofu (Laxd, 1640)

[PAT]

b. Dei vart fylgt i stova

[PAT]

- 3a. Þess manns-Gen mundi hefnt verða (Egla, 395)
[PAT]
- b. Den mannen kan bli hevna
[PAT]
- 4a. Þormóðar-Gen var saknað á þinginu (Fóstb, 826)
[PAT]
- b. Þormóður var sakna på tinget
[PAT]

Me ser at PAT-komplementa merka Dat og Gen opptrer ved passive variantar av verbet på same måte som i konstruksjonane med personleg passiv i moderne norsk. Eg skal difor rekna desse verba som grammatisk transitive, sjølv om PAT-komplementa i dei norrøne passivkonstruksjonane ikkje er grammatiske subjekt; berre komplement merka Nom kongruerer med det finitte verbet, jf. Faarlund (1999). Kasusrelasjonen PAT er likevel til stades, og det ser ut til at PAT kan bli markert av alle tre oblike kasus i norrønt. Termen personleg passiv vil i dette arbeidet difor bli nytta om konstruksjonar med passive verb der PAT er refererande, uavhengig av kasusmarkering.

Kva så med dei norske passivkonstruksjonane i tabellane ovanfor? Ved fem av verba er den moderne norske passivkonstruksjonen markert som ugrammatikalsk, og fire av desse verba krev PO i moderne norsk. Mange forskarar har peika på at det er muleg å derivere desse verba til såkalla pseudopassiv ved preposisjonsstranding (sjå til dømes Körner 1948, Herslund 1984). I dette arbeidet skal eg argumentere for at verb som krev PO, *ikkje* kan derivast til personleg passiv, og at preposisjonsstranding fører til ei transitivering av verbet. La oss sjå på to ulike aktivkonstruksjonar og sju passivkonstruksjonar av eit av PO-verba frå undersøkinga over:

(3: 19)

- a. Han lit på henne (aktiv)
[PAT] [COR]
- b. Henne lit han på (aktiv)
[PAT] [AGT]
- c. *På henne blir lite
- d. På henne blir det lite
[COR] [PAT]
- e. Det blir lite på henne
[PAT] [COR]
- f. Henne blir det lite på
[COR] [PAT]
- g. Ho blir lite på
[PAT]
- h. *Henne blir lite på

(3: 19a) er ein konstruksjon der verbet er i aktiv og krev komplementa *han* (PAT) og *på henne* (COR), eit PO. I (b) er nominalet *henne* fokusert, og preposisjonen er stranda. Konstruksjonen i (c) syner at preposisjonsfrasen som heilskap ikkje kan fungere som PAT i ein personleg passivkonstruksjon, medan dei upersonlege passivkonstruksjonane i (d) og (e) er meir akseptable. Her fungerer *det* som PAT, og dette har samanheng med at alle verb krev ein PAT-relasjon. (f), (g) og (h) er alle konstruksjonar med stranda preposisjon, (g) er personleg, medan (f) er upersonleg. Den personlege passivkonstruksjonen i (g) blir ugrammatisk dersom *ho* er merka Obl, jf. (h). Dette syner at denne konstruksjonen står i derivasjonstilhøve til eit transitivt verb, nemleg verbet i aktivkonstruksjonen med stranda preposisjon i (b). Alternativt kan (b) bli derivert til ein upersonleg passivkonstruksjon som i (f), men poenget er

at den personlege konstruksjonen i (g) er muleg. Med andre ord fører såkalla preposisjonsstranding til ei **transitivering** av verbet ut frå transitivitetskriteriet i (3: 10). I kapittel 4 skal eg difor argumentere for at verbet *lite* i (b) er ein transitiv partikkelverbvariant av dette verbet.

Det ser ut til at grensa mellom grammatisk transitivitet og intransitivitet ved divalente verb går mellom nominale komplement og komplement av preposisjonsfrasar, sjølv om dette ikkje er absolutt. Verbet *få* er ut frå transitivitetskriteriet i (3: 10) intransitivt, sjølv om det krev to nominale komplement. Når det gjeld norrønt, ser det ut til at divalente verb med to nominale komplement kan bli passivderiverte uavhengig av kasusmarkering. Meir utfyllande og detaljerte analysar av PO i moderne norsk kjem eg tilbake til i kapittel 4.

3.3.3 Trivalente verb

Trivalente verb krev tre komplement, og dei fleste verb der minst to av desse komplementa er nomen, er transitive verb. På moderne norsk vil dette seie at eitt komplement er merka Nom, medan minst eitt av dei to andre er merka Obl. På norrønt er tilhøva meir kompliserte, jf. Haugen (2001: 227ff), som set opp seks ulike valensrammer med verb og nominale komplement. Av dei trivalente verba har alle eitt Nom-komplement og to andre komplement merka av oblike kasus:

(3: 20)

- a. Nom + V + Dat + Akk (IO i Dat, og DO i Akk)
- b. Nom + V + Dat + Gen (IO i Dat og DO i Gen)
- c. Nom + V + Dat + Dat (IO i Dat og DO i Dat)
- d. Nom + V + Akk + Dat (Personobjekt i Akk og gjenstandsobjekt i Dat.)
- e. Nom + V + Akk + Gen (Personobjekt i Akk og gjenstandsobjekt i Gen)
- f. Nom + V + Akk + Akk (Personobjekt i Akk og gjenstandsobjekt i Akk)

Spørsmålet er kva for eit av dei nominale komplementa med oblik kasusmarkering som bør reknast som PAT. Også i moderne norsk er det to PAT-kandidatar i dei tilfella der verbet krev tre nominale komplement, som i

(3: 21)

Politiet ga den 30 år gamle mannen ei bot (AV/BT9X/01)

PAT-relasjonen er det oppfatta perseptuelle sentrumet i ei handling eller ein tilstand. Eg skal difor argumentere for at det i trivalente setningar med tre nominale komplement er det indirekte objektet som må reknast som PAT i moderne norsk. Sjå på desse to setningane:

(3: 22)

a. Ola gav ballen til Randi

[AGT] [PAT] [LOC]

b. Ola gav Randi ballen

[AGT] [PAT] [COR]

Dei to setningane i (a) og (b) kodar to ulike perspektiv på ein ekstern situasjon. I (a) er *ballen* sentrum for handlinga, den prosessen verbet uttrykker rettar seg mot *ballen*, medan det i (b) er *Randi* som er i sentrum. Også Taylor (2002: 426f) analyserer setningar som i (3: 22) slik at dei ”construe the situation differently” (s. 427). Analysen til Taylor er heilt i samsvar med ein analyse i LCDG, bortsett frå at Taylor snakkar om å konstruere situasjonen ulikt, medan ein i LCDG snakkar om at språk kodar ulike perspektiv på eksterne situasjonar.

Ein slik analyse har òg samanheng med ei viktig generalisering innanfor LCDG når det gjeld kontroll ved infinitivskomplement, jf. Starosta (1988: 133ff). Ved verb med infinitivkonstruksjonar som komplement er det nemlig slik at PAT i predikatet over infinitiven har same indeks som actor i infinitivkonstruksjonen, jf. kjedingsregelen i 2.2.3.4. Med andre ord er det alltid PAT som kontrollerer den ”manglande” actor i infinitivkonstruksjonen. Følgjande døme er henta frå Faarlund, Lie & Vannebo (1997: 998ff):

(3: 23)

- a. Per likar å danse
[PAT]
- b. Eg bad Per om å komme
[AGT] [PAT]
- c. Vi anbefaler dere å ta den turen
[AGT] [PAT]
- d. Vi forbyr dere å røyke her
[AGT] [PAT]
- e. Ho nekta guten å gå ut
[AGT] [PAT]

Me ser at det er PAT som kontrollerer actor i infinitivkonstruksjonen i alle setningane over. Eit anna viktig poeng er at slik PAT er definert i LCDG, blir det òg unødvendig å skilje mellom subjektskontroll og objektskontroll, både ved transitive og intransitive verb er det alltid PAT som kontrollerer actor i infinitivkonstruksjonen når infinitivkonstruksjonen er komplement.

Ein av dei semantiske komponentane i transitivetsomgrepet til Hopper & Thompson (1980) underbyggjer òg ein analyse der det indirekte objektet blir rekna som PAT. Komponentten Individuation frå (3: 9) viser seg nemleg i svært mange tilfelle å syne høgare transitivitet ved indirekte objekt enn ved direkte. Hopper & Thompson analyserer komponentten Individuation slik:

(3: 24)

INDIVIDUATED	NON-INDIVIDUATED
proper	common
human, animate	inanimate
concrete	abstract
singular	plural
count	mass
referential, definite	non-referential

”[...] the arguments known to grammar as INDIRECT OBJECTS should in fact be Transitive O’s rather than what might be called ‘accusative’ O’s, since they tend to be definite and animate” (Hopper & Thompson 1980). Faarlund, Lie & Vannebo (1997: 723) skriv følgjande om det indirekte objektet: “Oftast refererer det indirekte objektet til ein person eller ein institusjon, eller til noko som på ein eller annan måte kan oppfattast som personleg.”

Ved trivalente verb der AGT-relasjonen står før verbet, er PAT i moderne norsk det nomenet som følgjer nærast etter verbet, dvs. det leddet som tradisjonelt blir kalla det indirekte objektet når begge ledda etter verbet er nominale.

Kva så med norrøne dobbelt objekt-konstruksjonar? Mørck (1998) diskuterer utviklinga av direkte og indirekte objekt som distinkte funksjonelle kategoriar frå norrønt til moderne norsk, og når det gjeld norrønt og mellomnorsk, finn han at ”In these earlier periods, only semantic role and the possibility of substitution by a prepositional phrase can make a distinction.” Når det gjeld ulike posisjonar for direkte og indirekte objekt når begge er plassert etter det finitte verbet, er dette eit kriterium som kan nyttast for moderne norsk, men ikkje for norrønt.

I valensrammene til Haugen (2001: 227ff) i (3: 20) kjem alltid det indirekte objektet og personobjektet før andre objekt i dobbelt objekt-konstruksjonar, noko som òg høver godt med transitivitetkomponenten Individuation hjå Hopper og Thompson (1980), sjå (3: 24). Nygaard (1905: 344ff) handsamar òg leddfølgje i dobbelt objekt-konstruksjonar, og ”naar ikke særlige hensyn gjør sig gjældende” (s. 344), stemmer oppsettet til Nygaard overeins med oppsettet til Haugen (2001), sjølv om Nygaard nyttar ein noko annan terminologi.

Vidare peikar Nygaard (s. 350f) på at dei to ledda i dobbelt objekt-konstruksjonen kan byte plass i norrønt: ”Saaledes kommer *objektet* foran *hensynsbetegnelsen*, naar *objektet* er et (pers., refl., dem.) *pronomer* eller et *adj.*, og *hensynsbetegnelsen* et *subst.*, men ikke sjelden

ogsaa, naar *begge led er substantiver*” (s. 351). Christoffersen (1993: 339) finn òg at ”Har setningen flere O, tradisjonelt plassert under N, er rekkefølgen mellom dem oftest O2 [indirekte objekt TAH] – O1 [direkte objekt TAH]. Denne rekkefølgen kan alltid forekomme, uansett leddas bygning eller informasjonsinnhold, og må dermed betraktes som den umarkerte typologisk sett. Motsatt leddstilling fins det likevel en god del eks. på, og denne har jeg tilskrevet dels rytmiske, dels pragmatiske forhold.” Det er interessant at Christoffersen tilskriv motsett leddstilling dels pragmatiske faktorar. Dette høver nemleg godt med at verbderivasjon i LCDG blir sett i samanheng med språkbrukarar sine behov for å kode ulike perspektiv på eksterne situasjonar, jf. det derivasjonelle verbsystemet i 2.2.4.5.

Motsett leddstilling er (3: 25 a) nedanfor eit døme på. I (b) er tilsvarande verb i passiv. (c) syner ein aktiv variant av verbet der Dat-komplementet er det oblike komplementet som står nærast det finitte verbet, medan (d) syner denne varianten av verbet i passiv. I ein LCDG-analyse er denne vekslinga ved verbet *gefa* eit resultat av verbderivasjon, og desse verbvariantane regjerer ulike kasusrelasjonar for sine komplement:

(3: 25)

- a. Skalla-Grímur gaf land skipverjum sínum (Egla, 402)
 Skalla-Grímur-Nom gav land-Akk skipsfolk-Dat sine
 [AGT] [PAT] [LOC]
- b. Var þá það nafn gefið sveininum (Njála, 194)
 Var då det namn-Nom gjeve guten-Dat
 [PAT] [LOC]
- c. Jarl gaf þeim góðar gjafir að skilnaði (GunKe, 1147)
 Jarl gav dei-Dat gode gáver-Akk át skiljing
 [AGT] [PAT] [COR]
- d. Þeim sveini var nafn gefið og kallaður þorleikur (Laxd, 1617)
 Den gut-Dat var namn-Nom gjeve og kalla þorleikur
 [PAT] [COR]

I moderne norsk kodar ein setningar som i (a) og (c) på denne måten:

(3: 26)

- a. Skalla-Grímur gav land til skipsfolka sine (svarar til 3: 25a)
- b. Jarlen gav dei fine gáver då dei skildest (svarar til 3: 25c)

I norrønt ser kasusmarkeringa i dobbelt objekt-konstruksjonar difor ut til å vere som følgjer: AGT er markert med Nom, medan PAT er det leddet markert av oblik kasus som følgjer nærast det finitte verbet. Diskusjonen til Haugan (1997) om passiv av norrøne dobbelt objekt-konstruksjonar styrkar denne hypotesen. Haugan viser til eksempel der han argumenterer for at nomen merka Dat, som typisk er det oblikt merka nomenet som følgjer nærast det finitte verbet, går over til å bli subjekt i passiv av dobbelt objekt-konstruksjonar, noko som i LCDG-terminar er eit argument for at Dat-nomenet er PAT i aktiv og blir verande PAT i passiv.

Funna til Haugan (1997) går inn i diskusjonen om oblike subjekt i norrønt, noko det som nemnt er usemje om i norrønforskinga. I LCDG er problemet med denne analysen ikkje knytt til subjektomgrepet ettersom ein ikkje opererer med noko subjektomgrep, grammatisk subjekt kan eventuelt definerast som eit nomen merka Nom som er berar av ein kasusrelasjon, jf. Starosta (2003b: 540). Det som derimot er problematisk for ein LCDG-analyse av setning (3: 25d), er at nomenet *nafn* er merka Nom, jf. analysen til Haugan (2000: 260) av denne setninga. Det vanlege i akkusative språk er at Nom markerer AGT ved transitive verb og PAT ved intransitive verb, jf. Starosta (2003b: 540). Ved passiv av divalente verb i norrønt med komplement merka Nom og annan kasus enn Akk er dette mindre problematisk, sidan eit nomen merka Dat eller Gen er einaste PAT-kandidatar i desse tilfella. I (3: 25d) er derimot eit nomen merka Nom til stades i setninga. Eit argument for likevel å rekne Dat-komplementet som PAT i denne setninga, er følgjande parallelle døme som syner kontroll ved infinitivskomplement:

(3: 27)

Siðan var þeim borið öl að drekka (Egla, 419)

Sidan var dei-dat bore øl-Nom å drikke

[PAT] [COR]

Som me ser er det Dat-komplementet *þeim* som kontrollerer den manglande actor i infinitivkonstruksjonen, og dermed er det grammatisk mest prominente komplementet i denne konstruksjonen. Dette er eit tungtvegande argument for å rekne dette komplementet

PAT òg bli markert med Dat og Gen. Termen subjekt (dersom ein ønskjer å operere med denne) kunne ein nytte om Nom-merka komplement som kongruerer med det finitte verbet.

I moderne norsk skjer passivderivasjon ved trivalente verb på same måte som i norrønt. PAT-relasjonen frå den aktive varianten av verbet blir verande PAT i den passive varianten, medan AGT frå aktiv går over til ein fakultativ MNS-relasjon:¹

(3: 29)

- a. Forfattaren sende forlaget eit manuskript
[AGT] [PAT] [COR]
- b. Forlaget vart sendt eit manuskript
[PAT] [COR]
- c. Forfattaren sende eit manuskript til forlaget
[AGT] [PAT] [LOC]
- d. Eit manuskript vart sendt til forlaget av forfattaren
[PAT] [LOC] ([MNS])

Derivasjonane frå aktiv til passiv mellom (a) og (b) og mellom (c) og (d) over syner at det derivasjonelle tilhøvet er det same som i norrønt. Skilnaden er at det moderne norske språksteget manglar dei semantisk markerte kasusformene Dat og Gen i kasusmarkering av verbkomplement. Medan Nom og Akk kan veksle med kvarandre ved trekket [\pm Nom], er ei slik veksling ikkje muleg ved dei semantisk markerte kasusformene Dat og Gen, jf. den semantiske analysen av morfologisk kasus i (3: 6).

I dette kapitlet har eg nytta derivasjon mellom aktiv og personleg passiv som test for grammatisk transitivitet, og saman med kapittel 2 og kapitlet om kasus og preposisjonar, dannar dette kapitlet det teoretiske fundamentet for analysane i samband med valensundersøkinga. Før eg drøftar resultata av denne undersøkinga, skal eg sjå nærare på kasuslinking i norrønt, dvs. korleis kasusrelasjonar og kasusformer blir linka til kvarandre. I

¹ Derivasjonstilhøva er ikkje like klare ved verb som ikkje har variantar der det indirekte objektet kan ha form av preposisjonsfrase, jf. Faarlund, Lie & Vannebo (1997: 729f).

tillegg skal eg samanfatte dei viktigaste trekka ved kasusrelasjonar og kasusmarkering på det norrøne og moderne norske språksteget.

3.4 Kasuslinking i norrønt

AGT og PAT er dei mest sentrale kasusrelasjonane i LCDG-modellen. Berre desse kasusrelasjonane er alltid komplement, medan dei andre kasusrelasjonane, LOC, COR og MNS, kan vere både komplement (indre kasusrelasjon) og adjunkt (ytre kasusrelasjon), avhengig av det semantiske fokuset deira. Dei er komplement når dei har PAT som sitt semantiske fokus (patient centrality), medan dei er adjunkt når dei har verbprosessen som heilskap som semantisk fokus. Vidare er transitivitet sentralt i høve til kasusrelasjonar; berre transitive verb regjerer kasusrelasjonen AGT.

Korrelasjonar mellom kasusformer og kasusrelasjonar blir i LCDG referert til som **kasuslinking**, og dette blir formalisert ved hjelp av såkalla **tobiisi** ('stepping stone') **features**, jf. Starosta (2003b: 541ff). Eit slikt tobiisi-trekk er eit korrelerande par av kasusform og kasusrelasjon, kasusformer og kasusrelasjonar blir linka til kvarandre. Tobiisi-trekk er å forstå som steg på veg mot å tilfredsstille valenstrekka til verbet, og samstundes unngå at det oppstår konflikt mellom valenstrekka til verbet og dei leksikalske trekka til verbet sine dependensar (valenskonflikt). Ved slik valenskonflikt blir setninga ugrammatisk. Alle verb har i leksikon informasjon om kasusrelasjonar og kasusformer, og tobiisi-trekka er ei generalisering over korleis desse blir linka til kvarandre. Ein viktig restriksjon i samband med kasuslinking er "one per Sent" (Starosta 1988: 138), dvs. at ingen indre kasusrelasjon kan finnast meir enn ein gong i ei enkelt setning.

Tobiisi-trekk har visse likskapar med "subject choice hierarchy" i kasusgrammatikken til Fillmore (1970)¹ (Starosta 1988: 181f):

¹ Her referert etter Starosta (1988: 181).

In Fillmorean case grammars there is a 'subject choice hierarchy': a kind of pecking order among case relations such that the highest-ranking case relation present in the clause becomes the (unmarked) subject. In 1970, the hierarchy was A>E>I>O>S>G [...], that is, if an Agent is present in a clause, it will be the (unmarked) subject; otherwise if an Experiencer is present, it will be the subject, otherwise the subject will be the Instrument, or the Object, or the Source, or the Goal, in that order. In a lexicase grammar, the 'subject choice hierarchy' contains only two members, Agent and Patient, and the Nominative case form marks the verb's 'favorite participant': the Patient in all intransitive clauses in all languages, and either the Patient (ergative languages) or Agent (accusative languages) in transitive clauses.

I LCDG opererer ein altså med følgjande hierarki av kasusrelasjonar for akkusative språk:

(3: 30)

KR-hierarki: AGT > PAT > Andre KR


Vidare reknar ein med at settet av kasusrelasjonar er universelt, og dermed også at hierarkiet ovanfor gjeld for alle akkusative språk. I motsetnad til kasusrelasjonar er kasusformer ikkje universelle. I dette arbeidet opererer eg med fire kasusformer i norrønt, og eg skal anta at følgjande hierarki er gjeldande mellom desse:

(3: 31)

KF-hierarki: Nom > Dat > Akk > Gen

Dette gjev følgjande tobiisi-trekk, som ser ut til å vere dei som er mulege i norrønt:

(3: 32)



Tobiisi-trekka i (3: 32) ovanfor gjenspeglar kasusrelasjonshierarkiet i (3: 30) og kasusformhierarkiet i (3: 31). Norrøne verb har som nemnt informasjon om kasusrelasjonar og kasusformer i leksikon, og tobiisi-trekka er ei generalisering over korleis desse blir linka til kvarandre. Først blir AGT linka til den første kasusforma i hierarkiet som ikkje gjev valenskonflikt, deretter PAT og så andre kasusrelasjonar. La oss igjen sjå på dei aktive og passive variantane av verbet *gefa* frå (3: 25) i høve til denne linkinga:

(3: 33)

- a. Skalla-Grímur gaf land skipverjum sínum (Egla, 402)
[AGT] [PAT] [LOC]
- b. Var þá það nafn gefið sveininum (Njála, 194)
 [PAT] [LOC]

- c. Jarl gaf þeim góðar gjafir að skilnaði (GunKe, 1147)
[AGT] [PAT] [COR]
- d. Þeim sveini var nafn gefið og kallaður þorleikur (Laxd, 1617)
[PAT] [COR]

Det transitive verbet i (a) har kasusrelasjonane AGT, PAT, LOC og kasusformene Nom, Akk, Dat. Første steget i tobiisi-trekka i (3: 32) linkar Nom til AGT. Øvste tilgjengelege kasusform for PAT er dermed Dat. Denne linkinga kjem i konflikt med neste steg, sidan LOC berre kan bli linka til Dat. PAT må dermed bli linka til neste kasusform i hierarkiet, nemleg Akk. Den passive varianten av verbet i (b) er intransitiv, og regjerer difor ikkje kasusrelasjonen AGT. Linkinga skjer likevel på same måte. PAT blir linka til den øvste kasusforma i hierarkiet, Nom, og LOC til Dat.

Den transitive verbvarianten i (c) regjerer kasusrelasjonane AGT, PAT, COR og kasusformene Nom, Dat, Akk. Linkinga følgjer stega i tobiisi-trekka og linkar AGT til Nom, PAT til Dat og COR til Akk. I dette tilfelle kan kasusrelasjonane bli linka til høgaste kasusform i hierarkiet utan valenskonflikt. Dette er ikkje tilfelle i den passive verbvarianten i (d), som regjerer kasusrelasjonane PAT og COR, og kasusformene Nom og Dat. Øvste kasusform PAT kan bli linka til, er Nom, men det oppstår konflikt sidan COR ikkje kan bli linka til Dat. Difor blir PAT linka til neste kasusform i hierarkiet, nemleg Dat, medan COR blir linka til Nom.

Kva er det så som motiverer hierarkiet av kasusformer? Min hypotese er at kasusformhierarkiet i (3: 31) er eit transitivitetshierarki. AGT er den kasusrelasjonen som gjer eit verb transitivt, og det er alltid Nom som markerer AGT. Såleis står AGT og Nom i ei særstilling øvst i hierarkia. Elles avspeglar kasusformhierarkiet den vanlegaste ordstillinga ved trivalente verb i dei germanske språka, nemleg subjekt – indirekte objekt – direkte objekt, jf. (Haugan 1997), og kasusen til det indirekte objektet er Dat. Haugan peikar òg på at det indirekte objektet vanlegvis representerer ein person, medan det direkte objektet representerer ein ting.

Det er mellom anna dette som får Hopper & Thompson (1980) til å hevde at relasjonen mellom verbet og det indirekte objektet ofte er meir transitiv enn relasjonen mellom verbet og det direkte objektet (akkusativobjektet). Indirekte objekt er svært ofte animate, og dei skårar

høgt på komponenten Individuation i transitivitetssomgrepet til Hopper og Thompson, jf. (3: 24).

Også undersøkinga til Kristoffersen (1991) styrker ein slik hypotese. Hann fann (s. 59f) at den opphavlege Dat realiserer rollene benefaktiv og perseptiv: ”*Benefaktiv* viser til ein animat deltakar som verbalhandlinga skjer til fordel eller ulempe for” (s. 33). ”*Perseptiv* kan også karakteriserast som animat, og refererer til ein opplevande deltakar, ein som tar imot inntrykk” (s. 33). Opphavleg Dat markerer med andre ord ofte komplement som refererer til animate deltakarar i verbprosessen.

I min analyse av opphavleg Dat i 3.2.1.4 analyserte eg denne som [–Nom, +goal], dvs. som markert transitiv, sidan opphavleg Dat ved verbkomplement markerer animate nomen som den prosessen verbet uttrykker rettar seg mot, eller i konkret eller abstrakt forstand treffer. Dette gjeld ofte for verbkomplement merka Akk òg, men skilnaden mellom Akk og Dat ser ut til å vere at Dat-komplement skårar høgare når det gjeld Individuation. Opphavleg Dat markerer ofte animate deltakarar i verbprosessen. Dette underbygger òg ein analyse av Akk som ein meir nøytral, semantisk umarkert kasus, [–Nom], sidan Akk ikkje på same måte som opphavleg Dat er reservert til å markere individualiserte, animate komplement. Når det gjeld Gen, er denne kasusforma i den semantiske analysen i 3.2.1.4 analysert som [–Nom, +sorc], dvs. med markert låg transitivitetsgrad. Dermed er Gen semantisk sett den minst transitive av dei oblike kasusformene, og hamnar nedst i hierarkiet.

3.5 Oversyn over kasusrelasjonar og kasusmarkering

Ei samanlikning av korleis dei to språkstega markerer kasusrelasjonar ved verbkomplement syner følgjande (ved nomenkomplement står den aktuelle kasusforma, ved preposisjonsfrase PP):

NORRØNT

AGT	PAT	COR	LOC	MNS
Nom	Nom	Nom	Dat	Dat
	Dat	Akk	PP	PP
	Akk	Gen		
	Gen	PP		

Eit interessant poeng ved denne oversikta er at nomen merka Dat er dei einaste nomenkomplementa som kan uttrykke kasusrelasjonane LOC (ablativ dativ) og MNS (instrumental dativ). Koplinga mellom kasusrelasjon og morfologisk kasus gjer det dermed klart kva for dativvariant det er snakk om i det einaskilde tilfellet.¹ Ein interessant hypotese er at dette er ein medverkande årsak til at opphavleg dativ, instrumentalis og ablativ har falle saman i norrønt.

La oss sjå på tilsvarande oversyn for det moderne norske språksteget:

MODERNE NORSK

AGT	PAT	COR	LOC	MNS
Nom	Nom	Obl	PP	PP
	Obl	PP		

Sidan norrønt og moderne norsk begge er akkusative språk, markerer Nom AGT ved transitive verb. Ved transitive verb markerer Obl PAT i moderne norsk, medan markeringa av PAT er meir komplisert i norrønt; det ser ut til at PAT kan bli markert av alle tre oblike kasus. Ved derivasjon mellom aktiv og passiv syner PAT-komplement merka Akk andre eigenskapar enn PAT-komplement merka Dat og Gen. Medan Akk går over til Nom i passiv, behold Dat- og Gen-komplement same kasusmarkering. Min hypotese er at dette har samanheng med at Dat og Gen er semantisk markerte kasus, medan Akk er ein syntaktisk, semantisk umarkert kasus, jf. den semantiske analysen av morfologisk kasus i (3: 6). Oppsummert er sentrale eigenskapar ved kasusrelasjonar og kasusmarkering i norrønt og moderne norsk følgjande:

- AGT – denne kasusrelasjonen finst berre ved transitive verb, og blir markert av Nom på begge språksteg. Medan norrønt har morfologisk Nom, er Nom i moderne norsk i dei fleste tilfelle knytt til ordstilling.

¹ Eit unntak frå dette er variantar av verb av typen *gefa* med kasusrelasjonane [AGT, PAT, LOC], som i *Skalla-Grímur gaf land skipverjum sínum* (Egla, 402). Ved desse verba blir den opphavlege dativ [-Nom, +goal] nytta for å markere LOC-relasjonen. Generaliseringa at berre nominale komplement merka Dat markerer kasusrelasjonen LOC, står likevel fast. Dessutan vil tydingstrekk i verbet vere med på avgjere kva for dativvariant som er til stades.

- PAT – ved intransitive verb er PAT alltid merka Nom i moderne norsk, men i norrønt kan PAT òg bli markert av alle dei tre oblike kasusformene. Ved transitive verb blir PAT i norrønt markert av alle tre oblike kasus, i moderne norsk med Obl. Obl er i moderne norsk i dei fleste tilfelle knytt til ordstilling. AGT og PAT har det til felles på begge språksteg at dei berre blir realiserte ved nomen(frasar).
- COR – denne kasusrelasjonen kan ved komplement på begge språksteg bli realisert både som nomen(frasar) og preposisjonsfrasar.
- LOC – denne kasusrelasjonen kan ved komplement i norrønt realiserast både som nomen(frase) og preposisjonsfrase, medan han i moderne norsk berre blir realisert som preposisjonsfrase.
- MNS – denne kasusrelasjonen kan ved komplement i norrønt bli realisert både som nomen(frase) og preposisjonsfrase, medan han i moderne norsk berre blir realisert som preposisjonsfrase.

3.6 Verbpara i valensundersøkinga

3.6.1 Innleiing

Metodane eg nytta i samband med valensundersøkinga, har eg i gjort greie for i kapittel 2, men enkelte metodiske og teoretiske spørsmål vil bli diskuterte vidare når eg no skal presentere resultata av undersøkinga. For ordens skuld skal eg gjenta hovudpremissane her:

- Verbpara består av eitt verb frå det norrøne språksteget og eitt frå moderne norsk (nynorsk).
- Dei to verba er leksikalsk nærskylde, dvs. at dei har klare fellestrekk både i uttrykk (fonologi) og innhald (tyding).
- Dei moderne norske verba har valenstrekk som krev preposisjonsfrasar med ein bestemt preposisjon som ikkje har konkret lokativ tyding (PO).

Som nemnt i 2.3.2, er alle dei norrøne døma henta frå CD-ROM-korpuset *Íslendinga sögur. Orðstöðulykill og texti*, publisert av Mál og Menning, Reykjavik (1996). Som referanse til døma frå CD-ROM-korpuset er dei same forkortingane som på CD-ROMen nytta, til dømes (Egla, 506). *Egla* refererer til den aktuelle sagateksten, i dette tilfellet *Egils saga*. For oversyn

over sagaforkortingane, sjå lista over ekserpert litteratur. Talet etter kommaet refererer til sidetalet i korpuset samla.

Eg valde å avgrense undersøkinga til verb frå dette korpuset, sjølv om gjennomgangen av *Fritzner* resulterte i ein del fleire verb enn dei ein finn døme på i korpuset. Dermed er berre verb som finst i *CD-ROM-korpuset* med i undersøkinga.

Arbeidet resulterte i 50 verbpar, der 35 er divalente verb og 15 er trivalente verb. Sidan sentrale analysespørsmål knytte til desse to verbgruppene er av noko ulik art, skal eg handsame dei kvar for seg. Før eg presenterer og drøftar resultatata av undersøkinga, er det naudsynt å sjå nærare på korleis PO kan analyserast i LCDG-modellen, og generelt på statusen til ordklassa preposisjon i norrønt.


3.6.2 Ein LCDG-analyse av valensbundne preposisjonsfrasar

Definisjonen eg så langt har nytta om PO, er at desse frasane er valensbundne preposisjonsfrasar der preposisjonen er bestemt av verbet, og ikkje har konkret lokativ tyding. Det er no på tide å nærme seg ein meir presis definisjon av desse frasane med grunnlag i LCDG-modellen. At det berre er ein bestemt preposisjon som er muleg i desse preposisjonsfrasane, kan ein formalisere ved å setje inn ein bestemt preposisjon som valenstrekk i verbet. Når det gjeld tydinga til preposisjonen, ser det rådande synet i litteraturen ut til å vere at denne ikkje har konkret tyding ved preposisjonsobjekt, jf. Faarlund, Lie & Vannebo (1997: 697), og at PO uttrykker ei anna semantisk rolle enn lokativ, jf. Enger & Kristoffersen (2000: 246). Enger & Kristoffersen peikar òg på at skilnaden mellom valensbundne adverbial og preposisjonsobjekt er ”at adverbial uttrykker lokativ rolle, medan preposisjonsobjekt aldri gjør det” (s. 246).


Innanfor LCDG-modellen er den mest nærliggjande analysen å anta at verb som krev PO, er verb med kasusrelasjonane PAT og COR, sidan desse verba er intransitive verb. COR er ved indre kasusrelasjon instansen oppfatta som korresponderande med PAT, i motsetnad til LOC, som uttrykker den oppfatta abstrakte eller konkrete lokaliteten til PAT. Ei tvitydig setning som *Ola ventar på toget*, underbyggjer ein slik analyse av PO. Preposisjonsfrasen kan nemleg tolkast som valensbunde adverbial, som i (3: 34a), eller som PO i (b):

(3: 34)

a.



b.



Verbet *vente* i (a) tolkar sine komplement som berarar av kasusrelasjonane PAT og LOC. LOC-relasjonen blir realisert av ein preposisjonsfrase. Legg merke til at *vente* her ikkje krev ein bestemt preposisjon, *på toget* er i dette tilfellet eit valensbunde adverbial. Verbet *vente* i (b) har derimot andre valenstrekk. For det første tolkar dette verbet sine komplement som berarar av kasusrelasjonane PAT og COR, for det andre krev verbet her ein bestemt preposisjon. *på toget* er i dette tilfellet PO. Denne analysen impliserer at verbet *vente*₁ i (a) og *vente*₂ i (b) tilhøyrer ulike underklasser av verb. Det viktigaste argumentet for denne analysen er at det er valenstrekk i verbet som avgjer kva for kasusrelasjonar verbkomplementa er berarar av, og dersom ein godtek denne analysen, treng ein heller ikkje rekne med at det er

preposisjonar med ulik tyding som blir nytta i dei to setningane. Skilnaden er at dei to verbvariantane tolkar sine komplement som berarar av ulike kasusrelasjonar. Ut frå dette kan ein i LCDG-modellen definere PO på følgjande måte:

(3: 35)

PO er valensbundne preposisjonsfrasar som er berarar av kasusrelasjonen COR, der preposisjonen i preposisjonsfrasen blir bestemt av eit valenstrekk i verbet.

Så til ordklassa preposisjon i norrønt.

3.6.3 Statusen til preposisjonen i norrønt

Preposisjonsfrasar er eit mykje diskutert tema i norrønforskinga, ikkje minst i diskusjonen om norrønt er eit konfigurasjonelt språk eller ikkje. Faarlund (1990: 97ff) syner ei rekkje eksempel på diskontinuerlege preposisjonsfrasar, og argumenterer for at dette har samanheng med at norrønt er eit nonkonfigurasjonelt språk. Blant døma Faarlund viser til er desse (preposisjonen og komplementet til preposisjonen er understreka):

(3: 36)

- a. Hogg þú af tvær alnar hverju stórtre
- b. Snorri brá við skjótt orðsending Guðrúnar
- c. Af hefir þú mik ráðit brekvísi við þik
- d. Hafið þit vel yfir slétt vanhyggju mína
- e. Þat hefir mik til rekit svá langrar ferðar

Faarlund (1990: 97) peikar sjølv på at "it should be pointed out that it is, of course, normal for prepositions to precede their objects immediately". Også Rögnvaldsson (1995: 9) understrekar kor sjeldan det er at preposisjonen er skilt frå komplementet sitt : "In a count I have made of 5 of the most common prepositions (*í, á, til, með* and *við*), it turned out that in more than 99% of the cases, the preposition was adjacent to its complement." Likevel syner setningane i (3: 36) at slike tilfelle finst. I dette arbeidet skal eg foreslå ein alternativ analyse av slike konstruksjonar, og i analysen eg skal foreslå, er preposisjonar som er skilt frå komplementet sitt, ikkje preposisjonar, men adverb.

I LCDG er ordklassene strengt distribusjonelt definerte, jf. ordklasseinndelinga i 2.2.3.2. Ein preposisjon er såleis eit ord som inngår i ein eksosentrisk frase saman med eit anna ord eller ein annan frase. Vidare er det ein viktig restriksjon at det ikkje finst kryssande dependenstilhøve, det vil i frasestrukturtermar seie at det ikkje finst diskontinuerlige frasar, jf. Starosta (2003b: 530). For at eit ord skal kvalifisere som preposisjon, må det med andre ord inngå i ein binær eksosentrisk frase, og anten følgje rett før (preposisjonar) eller rett etter komplementet sitt (postposisjonar). Spørsmålet er om ein så sterk projektivitsrestriksjon kan forsvarast også ved preposisjonsfrasar i norrønt. (Meir detaljerte analysar av PO og tilgrensande konstruksjonar i moderne norsk kjem eg tilbake til i kapittel 4.)

Skal ein oppretthalde projektivitsrestriksjonen, må preposisjonane i (3: 36) analyserast som adverb, og eg skal argumentere for at verba i (3: 36) kan analyserast som såkalla partikkelverb. I LCDG-termar er partikkelverb verb med ein valensbunden verbpartikkel, som tilhøyrrer ordklassa adverb. Døme på slike verb i moderne norsk er (*kaste opp*), (*hogge av*), (*slå ut*) osv. Partikkelverb er ei anna underklasse av verb enn dei som krev valensbundne preposisjonsfrasar som komplement. Ein viktig skilnad er at divalente PO-verb er intransitive, medan divalente partikkelverb er transitive:

(3: 37)

- a. Tømmerhoggaren hogde av greina
- b. Greina vart hogd av
- c. Studenten leitte etter boka
- d. *Etter boka vart leitt

Som ein ser i (3: 37) kan partikkelverbet (*hogge av*) utan problem bli derivert til personleg passiv, medan dette ikkje er muleg for PO-verbet *leite (etter)*.¹

Å analysere verba i (3: 36) som partikkelverb impliserer at ei og same ordform kan fungere i to ulike ordklasser (preposisjon og adverb), noko som ikkje er uvanleg i samband med det tresidige teiknomgrepet ein opererer med i LCDG, der distribusjon er ein del at teikndefinisjonen. Også ifølgje *Norrøn ordbok* kan alle preposisjonane i valensundersøkinga bli nytta som adverb.

Falk & Torp (1900: 344) skriv følgjande om konstruksjonar som dei i (3: 36):

¹ Ein såkalla pseudopassivkonstruksjon er muleg også ved *leite (etter)*: *Boka vart leita etter*. I kapittel 4 skal eg argumentere for at det i denne konstruksjonen er ein partikkelverbvariant av dette verbet som opptrer.

Paa grænsen af præverbium staar i oldnorsk *præpositionen*, hvor den er *løsrevet fra sin styrelse og stillet foran verbet*, uden dog at forenes med dette til en fast sammensætning. Her er prepositionen betonet og nærmer sig herved, som tildels ved sin stilling (sml. § 196), til adverbiet, uden dog at opgive sin rektion (sml. § 189, b). Denne ordstilling (*den uegte sammensætning*) er anvendelig ved alle præpositioner, og hører hjemme hvor præpositionen ikke bruges rent stedligt, men i forening med verbet antager en mere abstrakt eller overført betydning”.

Heusler (1967: 145) peikar også på det han kallar den glidande overgangen frå preposisjon til adverb i norrønt: ”Kennzeichnend für das Aisl. (und z.T. für die nordischen Sprachen überhaupt) ist der flüssige *Übergang von Präposition zu Adverb*. Jede Präp. kann ohne weiteres als Adv. stehn; statt des proklitischen Schwachtons hat sie dann volleren Nachdruck.”

Blaisdell (1959) undersøkte med utgangspunkt i observasjonen til Heusler i kva for grad same ordform kan opptre både som preposisjon og adverb i ti tidlege norrøne manuskript. Utgangspunktet for undersøkinga er følgjande definisjon av preposisjonen (s. 4): ”By preposition I mean those words traditionally so classified, when they immediately precede their object or their object with its adjectival modifiers.” I andre tilfelle refererer Blaisdell til desse ordformene som adverb (s. 4): ”Adverb will thus be a sort of cover term and equal ’non-preposition’, and a preposition-adverb used in any other way than strictly as a preposition (or postposition) will be classed as an adverb.”

Resultata Blaisdell (s. 43) kom fram til, er som følgjer, med prosentdel av førekomstar som adverbial i parentes: *á* (17 %), *af* (9 %), *án* (0 %), *at* (16 %), *eptir* (22 %), *frá* (18 %), *fyrir* (20 %), *í* (6 %), *með* (6 %), *of* (12 %), *ór* (3 %), *um* (74 %), *undir* (14 %), *við* (11 %) og *yfir* (6 %). Av preposisjonane Blaisdell undersøkte, er det altså berre preposisjonen *án* han ikkje finn døme på i adverbial bruk ut frå definisjonane han legg til grunn for ordklassene preposisjon og adverb. Vidare meiner Blaisdell (s. 44) å sjå ein tendens til meir adverbial bruk av preposisjonar i dei yngste av tekstane han undersøkte enn i dei eldste: ”In general, I think that there is good evidence in these oldest manuscripts for a process of development from prepositional to adverbial usage”. Undersøkinga til Blaisdell syner at same ordform kan fungere både som preposisjon og adverb, ut frå definisjonar av desse ordklassene som ligg svært nær opp til definisjonane ein opererer med i LCDG.

Det største problemet med å analysere verba i (3: 36) som partikkelverb, er at det ser ut til at preposisjonen styrer kasusen til det nominale komplementet som følgjer lenger bak i setninga. Ein analyse som partikkelverb impliserer derimot at det er verbet som regjerer kasusen til desse komplementa, og dette er sjølvstøtt problematisk der komplementet har annan kasus enn det desse verba vanlegvis krev. Likevel meiner eg det er fleire argument som talar for ein analyse der ein analyserer komplementskasus som regjert av verbet i tilfelle der eit nominalt komplement er skilt frå preposisjonen.

For det første peikar Faarlund (1990: 98) på at ”When a preposition is separated from its object like this, it often occurs in a position immediately preceding a nonfinite verb”. Dette ser me døme på i (3: 36d-e), og dette tyder etter mi meining på at desse partiklane er nært knytte til verbet og tener til å modifisere verbtydinga.

For det andre er det ikkje urimeleg at eit verb som får tydinga modifisert av ein verbpartikkel, kan regjere andre kasus for sine nominale komplement enn ein variant av verbet som står utan verbpartikkel. Partikkelverb har såleis mykje til felles med ekte samansette verb der ein verbpartikkel dannar forstavinga til verbet. I begge tilfelle er funksjonen til verbpartikkelen nettopp å modifisere verbtydinga. Døme på slike samansette verb i norrønt (henta frå *Fritzner*) er til dømes *afsanna* ’avsanne’, *afsegja* ’forsake’, *aflofa* ’forby’, *afdæma* ’frådømme’, *yfirvinna* ’overvinne’, *yfirgefa* ’gje opp’, *yfirstíga* ’overstige’, *tilbiðja* ’tilbe’, *áminna* ’påminne’ og *ávísa* ’påpeike’. Desse verba har sjølvstøtt anna tyding enn tilsvarande verb utan verbpartikkel.

For det tredje finst det døme på at eit verb har både verbpartikkel og ein valensbunden preposisjonsfrase, jf. Faarlund (2004: 164f) og Nygaard (1905: 22). Døme på dette frå Faarlund (2004: 164f) er:

(3: 38)


- a. ok urðu þeir á sáttir á allan kaupmála
- b. at ek mun framarla á horfa um kvánfangit
- c. at um þetta ráð spyrir vér ekki Svía-konung eptir

I disse tre døma har me, dersom ein godtek min analyse av preposisjonar utan (adjasent) komplement som adverb, partikkelverb med valensbundne preposisjonsfrasar.¹ Også Falk & Torp (1900: 349) peikar på at ”Hvor selvstændig *præpositionen* føles, naar den skilles fra sin styrelse og stilles foran udsagnet, sees deraf, at den kan *gjentages* umiddelbart *foran nomenet* [...] Denne gjentagelse finder i prosa regelmæssig sted, hvor – i overensstemmelse med reglerne for adverbets stilling (§187) – præpositionen kommer mellem verbet og objektet, idet den her opfattes rent adverbialt, og den præpositionelle styrelse føies til som en nærmere forklaring”.

Ut frå argumenta ovanfor meiner eg det kan forsvarast å analysere preposisjonar utan (adjasent) komplement som adverb. Eit verb med verbpartikkel har anna tyding enn tilsvarande verb utan partikkel, og det er difor ikkje urimeleg at partikkelen har innverknad på valensen til desse verba. Dermed foreslår eg følgjande analyse av setninga i (3: 36a) og tilsvarande konstruksjonar:

¹ Det kan diskuteras om verbpartiklane i desse døma er valensbundne. I analysen eg foreslår, må ein i alle fall rekne med at verbpartiklar som har innverknad på valensen til verbet, dvs. kva for komplement og med kva for kasus verbet regjerer, er valensbundne.

(3: 39)



I (3: 39) er verbet *hoggva* frá (3: 36a) analysert som partikkelverb. *af* er ein valensbunden verbpartikkel som tilhøyrrer ordklassa adverb. Verbpartikkelen har klitiske eigenskapar, jf. trekket [+cltc], han er nært knytt til verbet og modifierer verbtydinga.¹ Vidare er det i denne analysen verbet som regjerer kasusen til nomenfrasen *hverju stórtre*, som eg har analysert som berar av kasusrelasjonen LOC, som uttrykker den oppfatta abstrakte eller konkrete lokaliteten til PAT, som i dette tilfellet er nomenfrasen *tvær alnar*. Det Dat-merka

¹ Verbpartiklar er adverb som valensmessig er dei komplementa som er nærast knytte til verbet, og som alltid opptrer saman med bestemte verb. Slike verb blir i dette arbeidet kalla partikkelverb. Den nære tilknyttinga mellom verb og partikkel er grunnen til at Starosta (2003a: 273f) analyserer verbpartiklar som ord med klitiske eigenskapar [+cltc], dvs. at dei alltid opptrer saman med eit anna ord (verbet). Dette skil seg frå andre analysar med omgrepet klitikon, der klitikon blir definert som element som ikkje kan opptre i isolasjon, men treng ein "vert" å slutte seg til. Ut frå denne definisjonen er klitikon ein type bunde morfem, som til skilnad frå affiks knytter seg til fullt spesifiserte ord eller frasar, jf. Enger & Kristoffersen (2000: 68). Trekket [+clct] i verbpartiklane i dette arbeidet refererer til at sambandet mellom partikkel og verb har visse eigenskapar felles med sambandet mellom eit klitikon og verten til dette, nemleg at verbpartiklane alltid opptrer saman med eit anna element. Verbpartiklar modifierer verbtydinga og markerer verb med og utan partikkel som ulike einingar i leksikon, jf. Starosta (1988: 245).

komplementet *hverju stórtre* har ablativ tyding [+dprt], dvs. at det uttrykker utgangspunktet for ei rørsle, retning frå noko. I moderne norsk må denne kasusrelasjonen uttrykkast med preposisjonsfrase:

(3: 40)

Hogg av to alner **frå kvart stortre**.

Sjølv om ein godtek ein analyse der ordformer som *af*, *við*, *til* og *yfir* som preposisjonar berre i dei tilfella der dei har eit adjasent komplement, slik eg foreslår i dette arbeidet, står det framleis att eit sentralt problem i samband med analysen av dei norrøne preposisjonsfrasane i undersøkinga. Dette problemet gjeld avgrensing av partikkelverb frå PO-verb. I moderne norsk er det nemleg slik at verbpartikkelen til eit partikkelverb godt kan følgje rett før eit nominalt komplement, som då ikkje blir rekna som komplement til verbpartikkelen, jf. setninga i (3: 37a). Ut frå analysen eg her har foreslått, kan ein med andre ord fastslå at ein preposisjon utan (adjasent) komplement er eit adverb, men ikkje at ein preposisjon med etterfølgjande nominalt komplement alltid bør reknast som preposisjon.

Faarlund, Lie & Vannebo (1997: 697ff) set opp ein del kriterium for korleis ein kan avgrense PO-verb frå partikkelverb i moderne norsk, men desse er etter mi meining svært vanskelege å nytte i samband med norrønt. Dette har sjølvstakt samanheng med at norrønt er eit dautt språk, og at ein difor manglar negativ evidens. I dette arbeidet har eg difor valt å rekne norrøne konstruksjonar, som i tyding og form er nærskylde moderne norske PO-konstruksjonar, som PO-konstruksjonar, eller i alle fall PO-liknande konstruksjonar, også i norrønt. Eg skal vise mange døme på dette når eg no skal handsame dei divalente verba frå valensundersøkinga.

3.6.4 Divalente verb

35 av verbpara valensundersøkinga resulterte i, er divalente verb, og desse kan ein dele inn i fire grupper: Den første gruppa består av verb der eg har funne verbvariantar på begge språksteg som krev eit nominalt komplement merka Nom og eit komplement i form av PO. Eit unntak frå dette er verbet *gruna* som ikkje tek noko Nom-komplement. Denne gruppa består av 24 verb.

Den andre gruppa består av verb der det norrøne verbet krev to nominale komplement merka Nom og Akk, medan det moderne norske verbet krev PO. Det er 3 verb i denne gruppa.

Tilsvarende er det ei tredje gruppe der det norrøne verbet krev Dat (4 verb) og ei fjerde gruppe der det norrøne verbet krev Gen (4 verb).

3.6.4.1 Norrønt PO – moderne norsk PO

24 av 35 verbpar inneheld verb der både det norrøne og det moderne norske verbet krev PO, og dette er den klart største av dei fire gruppene. Ved desse verbpara har begge språksteg grammatisk intransitive verbvariantar, og det ser ut til at verb med denne typen valensbundne preposisjonsfrasar er vanlege også i norrønt. La oss først sjå på eit oversyn over dei 24 verbpara:

(3: 41)

bæta (um)	bøte (på)
dæma (um)	dømme (om)
frétta (eptir)	frette (etter)
gruna (um)	grune (på)
heilsa (á)	helse (på)
herma (eptir)	herme (etter)
heyra (á)	høyre (på)
hlýða (á)	lyde (på)
hlæja (at)	le (av)
kalla (á)	kalle (på)
kvíða (við)	kvide (for)
leita (eptir)	leite (etter)
ljúga (til)	lyge (om)
sjá (á)	sjå (på)
spyrja (um)	spørje (om)
spyrja (eptir)	spørje (etter)
sækja (eptir)	søkje (etter)
tala (um)	tale (om)
tala (við)	tale (ved)
trúa (á)	tru (på)
þegja (yfir)	teie (om)
þræta (um)	rette (om)
vaka (yfir)	vake (over)
vita (um)	vite (om)

Preposisjonane som dannar PO i dei ulike verbpara er følgjande:

(3: 42)

NORRØNE PREP.	MOD. NORSKE PREP.
á	på
eptir	etter
um	om
við	ved
yfir	over
at	av
til	for
	i

Dei fem første preposisjonspara er leksikalsk nærskyldte i norrønt og moderne norsk, men det er likevel ikkje alltid slik at det er desse preposisjonspara som dannar PO innanfor det enkelte verbparet. Dette er tilfellet i 18 av dei 24 verbpara. Med andre ord er det ved 6 av verbpara slik at ein annan preposisjon dannar PO i norrønt enn i moderne norsk. Det dreiar seg om følgjande 6 verbpar:

(3: 43)

bæta (um)	-	bøte (på)
gruna (um)	-	grune (på)
hlæja (at)	-	le (av)
kvíða (við)	-	kvide (for)
ljúga (til)	-	lyge (om)
þegja (yfir)	-	teie (om)

Sjølv om preposisjonane i desse verbpara ikkje er leksikalsk nærskyldte, meiner eg desse konstruksjonane likevel uttrykker nærskyldte tydingar. La oss sjå på eit døme på kvart av dei norrøne verba i bruk saman med mine oversetjingar til moderne norsk:

(3: 44)

- 1a. Ekki þótti flestum mönnum Helgi bæta **um skapsmuni Harðar** (Harð, 1267)
- b. Dei fleste mennene tykte ikkje at Helgi bótte **på humøret til Hörður**

- 2a. Ólaf fóstura Hallfreðar grunaði **um ferð þeirra** (HallM, 1199)
- b. Ólafur fóstura Hallfreðar gruna **på ferda deira**

- 3a. allur þingheimur mun **hlæja að þér** (BandK, 43)
- b. alt tingfolket kjem til å **le av deg**

- 4a. Kvíddu allir **við komu hans** (GíslL, 899)
- b. Alle kvidde **for koma hans**

- 5a. Heyr á endemi að ljúga **til sára manna** (LjósC, 1703)
- b. Høyr for skam å lyge **om sára til mennene**

- 6a. Eigi urðu allir svo haldinorðir að þegðu **yfir ódádum þeirra** (GrænS, 1108)
- b. Ikkje alle synte seg å kunne teie **om ugjerningane deira**

Preposisjonsfrasane i dei norrøne setningane i (3: 44) uttrykker etter mi meining tydingar som er svært nærskylde dei tilsvarende moderne norske. Eg har difor valt å ta desse verbpara med i undersøkingsmaterialet. Ved dei resterande 18 verbpara i denne gruppa er sjølve preposisjonane leksikalsk nærskylde. Her er nokre dømme frå desse verbpara:

(3: 45)

- 1a. að eigi hefir þú vit til að dæma **um þetta mál** (BandM, 19)
- b. at ikkje har du vit til å dømme **om denne saka**

- 2a. og fréttu **eftir hestum þeim** er horfið hafa (Heið, 1375)
- b. og frette **etter dei hestane** som har forsvunne

- 3a. Ásgrímur gekk að honum og heilsaði **á hann** (Njála, 266)
 b. Ásgrímur gjekk bort til han og helste **på han**
- 4a. og konungur hlýddi **á slíkar fortölur** (Egla, 384)
 b. og kongen lydde **på slike råd**
- 5a. Hrappur leitar **eftir þeim** og finnur þau (Njála, 224)
 b. Hrappur leitar **etter dei** og finn dei
- 6a. Sat hann á stóli og sá **á leikinn** (Eyrb, 590)
 b. Han sat på ein stol og såg **på leiken**
- 7a. Ölvir spurði **um ferð hans** (Njála, 156)
 b. Ölvir spurde **om ferda hans**
- 8a. Þú munt vilja tala **um mál Odds** (BandM, 16)
 b. Du vil vel tale **om saka til Odd**
- 9a. Slík sem við adra menn að þú trúir **á sannan guð** (Bárð, 69)
 b. Slík som vi andre menn at du trur **på den rette gud**
- 10a. Þorsteinn lét þá sem hann vissi eigi **um beit það** sem (Egla, 506)
 b. Þorsteinn let då som han ikkje visste **om det beitet** som

For fleire verb og dømme viser eg til appendikset der alle verbpara er stilte opp overfor kvarandre med valensinformasjon. Etter mi meining kan det ikkje vere tvil om at dei norrøne konstruksjonane i (a) og dei moderne norske i (b) er nærskyldde konstruksjonar. Det ser difor ut til at PO er ganske vanlege også i norrønt, sjølv om ein skal vere forsiktig med å konkludere med dette ut frå eit så lite materiale. Det ein i alle fall kan slå fast, er at av 35 norrøne verb som har nærskyldde moderne norske verb som krev PO, har 24 av dei norrøne verba òg ein verbvariant med PO, eller i alle fall PO-liknande komplement.

Det kan verke som dei norrøne preposisjonane i fleire av preposisjonskomplementa har meir ”konkrete” tydingar enn dei moderne norske, og at desse norrøne konstruksjonane mulegvis

heller bør analyserast med kasusrelasjonen LOC, og dermed som adverbial. Dette gjeld særleg *herma* (*eptir*), *hlæja* (*at*), *ljúga* (*til*), *sækja* (*eptir*), *þegja* (*yfir*) og *vaka* (*yfir*). Ei slik utvikling, frå heller konkrete til meir abstrakte tydingar, peikar også Breindl (1989: 11) på i si undersøking av PO i tysk: ”POe sind beschränkt auf die diachron ältere Schicht von morphologisch einfachen, diachron in der Regel aus Lokaladverbien entstandenen Präpositionen”.

På den andre sida har PO mykje til felles med valensbundne adverbial også i moderne norsk. Desse to komplementstypene blir som oftast realiserte som preposisjonsfrasar, og divalente verb med desse to komplementstypene er alle intransitive verb. I kapittel 4 skal eg, mellom anna med bakgrunn i dette, argumentere for at PO er ein type adverbial også i moderne norsk, ein type ein kunne kalle objektsadverbial. Uansett syner dei norrøne preposisjonskomplementa at valensbundne preposisjonsfrasar er vanlege også i norrønt, og dei norrøne preposisjonskomplementa i dette kapitlet ligg etter mi meining nært opp til dei tilsvarende moderne norske POa i tyding.

Ein interessant skilnad mellom norrønt og moderne norsk ved fleire av desse verba er mulegheiter for å uttrykke nærskyldte tydingar med nominale komplement i norrønt, der dette ikkje er muleg i moderne norsk. Ei nærare undersøking av dette synte at dette ser ut til å vere tilfelle i alle fall ved desse 6 verbpara:

(3: 46)

frétta + Gen / frétta (<i>eptir</i>)	-	frette (etter)
hlýða + Dat / hlýða (<i>á</i>)	-	lyde (på)
kviða + Dat / kviða (<i>við</i>)	-	kvide (for)
leita + Gen / leita (<i>eptir</i>)	-	leite (etter)
spyrja + Gen / spyrja (<i>um</i>)	-	spørje (om)
tala + Akk / tala (<i>um</i>)	-	tale (om)

Det er rett nok svært vanskeleg å setje opp objektive kriterium for kva som er nærskyldte tydingar og ikkje, men eg meiner likevel å sjå ein klar tendens til at dei norrøne verba har fleire mulegheiter for nominale komplement enn dei moderne norske, og dette har truleg

samanheng med eit rikare system for morfologisk kasusmarkering i norrønt. Sjå på følgjande døme med desse verba, der det norrøne verbet har nominalt komplement, medan dette ikkje er muleg i moderne norsk:

(3: 47)

- 1a. Skeggi tók allvel við honum og fréttir **tiðinda-Gen** (Bárð, 62)
[+sorc]
- b. Skeggi tok godt i mot han og frettar **etter nyhende**.
[+drcn]
- 2a. Konungur kvaðst eigi hlýða vilja **kvæði-Dat** hans (HallÓ, 1232)
[+dprt]
- b. Kongen sa at han ikkje ville lyde **på kvedet** hans
[+drcn]
- 3a. Ekki kvíði eg **því-Dat** að eg (Laxd, 1591)
[+mnnr]
- b. Ikkje kvir eg **for det** at eg
[+assn]
- 4a. Nennti hann þá ekki að leita **vikinganna-Gen** (Grett, 984)
[+sorc]
- b. Han brydde seg då ikkje om å leite **etter vikingane**
[+drcn]
- 5a. Þorkell kom í stofu að spyrja **þeirra hluta-Gen** er honum var forvitni á að vita
(Fóstb, 786) [+sorc]
- b. Þorkell kom ut i stova for å spørje **om dei ting** han var nysgjerrig på å få vite
[+assn]
- 6a. Þú munt tala vilja **málið-Akk** Odds sonar þíns (BandK, 36)
[-Nom]
- b. Du vil vel tale **om saka** til Odd, son din
[+assn]

Eit interessant spørsmål er om desse verba er grammatisk transitive. For å kunne svare på dette, undersøkte eg om det finst døme på desse verba i personlege passivkonstruksjonar i *CD-ROM-korpuset*. Denne undersøkinga gav følgjande resultat:

(3: 48)

		Førekomstar i CD-ROM-korpuset ¹	Førekomstar av personleg passiv
frétta + Gen	frette (etter)	202	Nei
hlýða + Dat	lyde (på)	102	Nei ²
kviða + Dat	kvide (for)	8	Nei
leita + Gen	leite (etter)	790	Ja
spyrja + Gen	spørje (om)	2055	Nei
tala + Akk	tale (om)	618	Ja

Av tabellen ovanfor ser me at det i *CD-ROM-korpuset* finst døme på derivasjon til personleg passiv av *leita* og *tala*:

(3: 49)

- a. Siðan var hans leitað um bæinn (Egla, 420)
- b. Nú var þetta talað á þingi (Flóam, 760)

Desse blir dermed rekna som grammatisk transitive verb i dette arbeidet. Når det gjeld *frétta*, *hlýða*, *kviða* og *spyrja* finst det ikkje døme på slike passivkonstruksjonar. Sidan det finst relativt få førekomstar av *hlýða* og *kviða* i korpuset, kan ein ikkje ut frå dette seie noko sikkert om den grammatiske transitiviteten til desse verba. Eit argument for å rekne *kviða*, *frétta* og *spyrja* som grammatisk transitive, er at desse ifølgje Jóhanna Barðdal (personleg kommunikasjon) kan deriverast til personleg passiv i moderne islandsk:

¹ Refererer til antalet førekomstar av alle former av verbet samanlagt i heile korpuset.

² Det finst rett nok eitt døme på dette verbet i passivkonstruksjon i korpuset, nemleg *þótt þá væri hlýtt ráðum þínum* (LjósC, 1705), men her har verbet snarare tydinga, 'lyde, gjere som nokon seier'.

(3: 50)

- a. Þess var frétt að...
- b. Þvi var kviðið að hann færi
- c. Þá var spurt fregna

Når det gjeld *spyrja* + Gen peikar Jóhanna Barðdal på at dette i moderne islandsk berre blir nytta i uttrykket *spyrja fregna*. *Hlýða* blir i tydinga 'høyre på' berre brukt med preposisjon: *hlýða á eitthvað*. Ettersom det ikkje er grunnlag for noko anna, reknar eg dermed *hlýða* som grammatisk intransitivt (undersøkingar i andre korpus vil sjølvstakt kunne motbevise dette).

At *frétta*, *kviða* og *spyrja* kan deriverast til personleg passiv i moderne islandsk, tyder ikkje nødvendigvis at dei var grammatisk transitive også i norrønt, men det styrkar sannsynet. Eg har difor valt å rekne desse verba som grammatisk transitive verb. Den semantiske transitiviteten til dei divalente verba i valensundersøkinga skal eg diskutere i kapittel 3.6.4.5.

Det er interessant at fem av seks verb i (3: 48) tek nominale komplement merka Dat eller Gen, sidan morfologisk kasusmarkering med desse kasusformene ikkje er muleg ved verbkomplement i moderne norsk. Det dreiar seg om verba *frétta*, *hlýða*, *kviða*, *leita* og *spyrja*. PO ser i norrønt ut til å vere eit muleg alternativ til nominale komplement ved desse verba, medan PO er einaste alternativ på det moderne språksteget.

Elles har eg merka morfologisk kasus (norrønt) og preposisjonsfrasar (moderne norsk) med semantiske trekk frå dei semantiske analysane i 3.2, for å kunne samanlikne desse formene for kasusmarkering. Når det gjeld preposisjonane, har eg valt ut dei mest relevante trekka for den aktuelle konteksten. Felles for kasusmarkering ved preposisjonar og kasusmarkering ved Dat og Gen er at dette er semantisk markerte former for kasusmarkering. Ut frå dette set eg opp følgjande hypotese:

(3: 51)

Ved dei divalente verba i valensundersøkinga, der nominalt komplement er muleg i norrønt, men ikkje i moderne norsk, er kasusmarkering gjennom preposisjonar i moderne norsk i høg grad ei erstatning for kasusmarkering gjennom dei semantisk markerte kasusformene Dat og Gen i norrønt.

La oss sjå på dei resterande verbgruppene valensundersøkinga resulterte i, for å sjå om hypotesen i (3: 51) blir styrkt.

3.6.4.2 Norrøn Akk – moderne norsk PO

I denne gruppa tek det norrøne verbet eit nominalt komplement merka Akk, medan det norske verbet krev PO. Det er 3 verb i denne gruppa:

(3: 52)

		Førekomstar i CD-ROM-korpuset	Førekomstar av personleg passiv
byrja + Akk	byrje (på)	48	Nei
gráta + Akk	gráte (over)	51	Nei
sigra + Akk	sigre (over)	25	Ja

Verbet *byrja* skil seg her frå dei to andre ved at det ved dette verbet er muleg med nominalt komplement også i moderne norsk:

(3: 53)

Eg ser fram til å byrja arbeidet som prest her. (AV/Loka/01)

Når det gjeld dei to andre verba, er desse ifølgje Falk & Torp (1900: 25f) spesielle tilfelle av verb som i norrønt var transitive, men som på det moderne språksteget blir nytta med preposisjonskomplement: ”En særstilling indtager de verber som i oldnorsk ved bortfald af forstavelsen *bi-* havde faaet samme form som de tilsvarende intransitive verber: *sigra e-n*; *gráta e-n* [...]”. I bokmål har ein her som alternativ uttrykksmåte gjeninnført forstavinga *be-* frå tysk, i alle fall ved verbet *beseire*, medan denne forstavinga ikkje er like brukeleg i nynorsk. I nynorsk nyttar ein difor heller PO ved desse to verba. La oss sjå på nokre døme på desse verba i bruk:

(3: 54)

1a. Siðan byrjaði Ölvir **ferð-Akk** sína norður (Egla, 395)

[-Nom]

b. Sidan byrja Ölvir **på ferda** si nordover

[+assn]

- 2a. Gráta mun eg **Gísla-Akk** broður minn (GíslS, 897)
[-Nom]
- b. Eg vil gráte **over Gísli**, bror min
[+drcn]
[+vrtc]
- 3a. Hann hafði sigrað **marga víkinga og hermenn-Akk** (Korm, 1467)
[-Nom]
- b. Han hadde sigra **over mange vikingar og hermenn**
[+drcn]
[+vrtc]

Som me ser av tabellen i (3: 52), finst det døme på personleg passivkonstruksjon av *sigra* i *CD-ROM-korpuset*,

(3: 55)

þeir eru nu yfirkomnir og með öllu sigraðir (Finnb, 663)

medan det ikkje finst døme på at *byrja* og *gráta* er deriverte til personleg passiv. Sidan det finst relativt få førekomstar av desse verba i korpuset, kan ein ikkje ut frå dette seie noko sikkert om den grammatiske transitiviteten til desse verba. Dei kan deriverast til personleg passiv i moderne islandsk (Jóhanna Barðdal, personleg kommunikasjon):

(3: 56)

- a. Ferðin var byrjuð og alt gekk vel
- b. Móðir mín var mikið grátin i gær á jarðarförinni

Med bakgrunn i få førekomstar i korpuset og mulegheit for derivasjon i moderne islandsk, har eg valt å rekne desse verba som grammatisk transitive verb. La oss så sjå på dei to siste verbgruppene, der dei norrøne verba krev komplement merka høvesvis Dat og Gen.

3.6.4.3 Norrøn Dat – moderne norsk PO

I denne gruppa tek det norrøne verbet eit nominalt komplement merka Dat, medan det moderne norske verbet tek PO. Det er 4 verb i denne gruppa:

(3: 57)

		Førekomstar i CD-ROM-korpuset	Førekomstar av personleg passiv
hlíta + Dat	lite (på)	40	Nei
ráða + Dat	råde (over)	1286	Ja
samþykkja + Dat	samtykkje (i)	16	Nei
svara + Dat	svare (på)	2174	Ja

Også her er det ved eitt av verba muleg med nominalt komplement også i moderne norsk, nemleg ved verbet *råde*:

(3: 58)

frå den tida Det Bergenske Dampskibsselskab råde grunnen på Bradbenken
(AV/BT9X/01)

La oss sjå på nokre døme på desse verba i bruk:

(3: 59)

1a. Ljótur kvað hann ekki **öðrum-Dat** að því hlíta (VaLjó, 1839)

[+dprt]

b. Ljótur sa at han ikkje leit **på andre** at det

[+drcn]

2a en Ólafur réð síðan **öllu landinu-Dat** og varð konungur yfir (BjHít, 82)

[+goal]

b. og Ólafur råde síðan **over heile landet** og vart konge over det

[+lctn]

[+drcn]

- 3a. Vil eg því-Dat samþykkja sem hún vill til sín snúa (Fljót, 723)
[+dprt]
- b. Eg vil samtykkje i det som ho vil tilegne seg
[+intr]
- 4a. hann spurði hversu þeir bræður mundu því-Dat svara ef hann (Njála, 161)
[+goal]
- b. hann spurde korleis dei brørne ville svare på det viss hann
[+drcn]

Av tabellen i (3: 57) ser me at det ved *ráða* og *svara* finst dømme på derivasjon til personleg passiv:

(3: 60)

- a. kvað þá nu sjá mega að því var vel ráðið (Reykð, 1761)
- b. Var því máli vel svarað (Eirík, 526)

På bakgrunn av diskusjonen om transitivitet i kapittel 3.3 reknar eg dermed også desse verba som grammatisk transitive, sidan Dat-komplement opptre som PAT i passiv. Med andre ord har det også ved desse verba skjedd ein overgang frå grammatisk transitive verb i norrønt til intransitive verb i moderne norsk. Når det gjeld *hlíta* og *samþykkja* er dette meir usikkert. *Hlíta* i tydinga 'lite på' og *samþykkja* + Dat finst ifølgje Jóhanna Barðdal (personleg kommunikasjon) ikkje i moderne islandsk. Ettersom det ikkje er grunnlag for noko anna, reknar eg dermed *hlíta* og *samþykkja* som grammatisk intransitive (undersøkingar i andre korpus vil sjølv sagt kunne motbevise dette). La oss så sjå på den siste gruppa av divalente verb.

3.6.4.4 Norrøn Gen – moderne norsk PO

I denne gruppa tek det norrøne verbet eit nominalt komplement merka Gen, medan det moderne norske verbet krev PO. Det er 4 verb i denne gruppa:

(3: 61)

		Førekomstar i CD-ROM-korpuset	Førekomstar av personleg passiv
beiða + Gen	be (om)	250	Ja
bíða + Gen	bie (på)	273	Nei
biðja + Gen	be (om)	1966	Ja
sverja + Gen	sverje (på)	36	Nei

La oss sjå på nokre døme på desse verba i bruk:

(3: 62)

1a. En um morguninn beiðir hann **fars-Gen** úr eyjunum (GíslL, 935)

[+sorc]

b. Og om morgonen ber han **om frakt** ut frá øyane

[+assn]

2a. Einar beið **hans-Gen** þrjár nætur en þat var (Egla, 503)

[+sorc]

b. Einar bia **på han** i tre netter og det var

[+drcn]

3a. **Hennar-Gen** bað Grímur og hún var honum gefin (Dropl, 351)

[+sorc]

b. **Om henne** bad Grímur og ho vart gjeve han

[+assn]

4a. Vilt þú sverja **þess-Gen** að þú (Njála, 231)

[+sorc]

b. Vil du sverje **på det** at du

[+drcn]

Ved *beiða* og *biðja* finst det døme på derivasjon til personleg passiv i *CD-ROM-korpuset*:

(3: 63)

- a. Lambi spurði hvers beitt mundi vera (Laxd, 1629)
- b. Ekki var bygðarleyfis beðið (VaLjó, 1830)

Når det gjeld *biða* og *sverja* finst det relativt få førekomstar i korpuset, og det er difor ikkje muleg ut frå dette seie noko sikkert om desse er grammatisk transitive eller ikkje. Dei kan ifølgje Jóhanna Barðdal (personleg kommunikasjon) bli deriverte til personleg passiv i moderne islandsk:

(3: 64)

- a. Hans var beðið í þrjár nætur
- b. Þess var svarið eið að...

Når det gjeld passivkonstruksjonen av *sverja* peikar Jóhanna Barðdal på at han er litt merkeleg, men at han nok er grammatisk med rett kontekst. Med bakgrunn i få førekomstar i korpuset og mulegheit for derivasjon i moderne islandsk, har eg valt å rekne også desse verba som grammatisk transitive verb.

Ved 15 av 35 divalente verb er nominale komplement obligatoriske eller mulege (med tilnærma same tyding) i norrønt, men ikkje i moderne norsk. Av desse krev 3 verb Akk-komplement i norrønt. Trekker ein frå dei noko spesielle verba *gráta* og *sígra*, jf. 3.6.4.2, står ein att med berre eitt verb som krev Akk-komplement, nemleg *tala*, som alternativt kan ta PO også i norrønt. Difor er hypotesen om at PO i moderne norsk i stor grad er ei form for kasusmarkering som erstattar kasusmarkering gjennom dei semantisk markerte kasusformene Dat og Gen i norrønt, etter mi meining styrkt.

Ein annan faktor som underbyggjer denne hypotesen, er kor frekvente dei oblike kasusformene generelt sett er som objektskasus i norrønt. I det norrøne korpuset til Barðdal (2001: 180) fann ho at objektet var markert Akk i 67,2 % av tilfella, Dat i 21,8 % og Gen i 4,8 % av tilfella.¹ På bakgrunn av kor frekvente Akk-komplement generelt sett er i norrønt, meiner eg hypotesen om at PO i moderne norsk i hovudsak er erstatningar for Dat- og Gen-komplement i norrønt, er ytterlegare styrkt.

¹ I dei resterande 6,2 % av tilfella var objektet merka Nom. Barðdal reknar med at både norrønt og moderne islandsk har oblike subjekt, og at objekt kan vere merka Nom.

Dei norrøne verba med nominale komplement merka Nom og Gen er dei som i Hopper & Thompsons (1980) forstand semantisk sett har lågast transitivetsgrad av verba med nominale komplement i undersøkinga. I døma i (3: 62) er det i liten grad snakk om at ein aktivitet blir transformert over frå ein agent til ein patient, og i liten grad snakk om ei handling som typisk har ein eller annan effekt på patient. Likevel finst det mange døme på at eit komplement merka Gen er berar av kasusrelasjonen PAT i passiv, jf. (3: 18). På bakgrunn av dette reknar eg også desse verba som grammatisk transitive, men dette tyder ikkje at det ikkje finst skilnader når det gjeld semantisk transitivitet i høve til kasusmarkering ved nominale verbkomplement i norrønt. Dette skal me sjå nærare på no.

3.6.4.5 Semantisk transitivitet ved verba i valensundersøkinga

Dei ulike komponentane i det graduelle transitivetsomgrepet til Hopper & Thompson (1980) i (3: 9) kan nyttast til å seie noko om i kva grad ei setning er transitiv. I dette arbeidet har eg, som nemnt i 3.3.1, derimot valt å nytte omgrepet grammatisk transitivitet, som Starosta (upubl.a) knyter til predikat, og predikata som blir handsama i dette arbeidet, er verb. Alle verb har såleis trekket [\pm trns]. Trass i desse ulike utgangspunkta meiner eg fleire av komponentane til Hopper & Thompson også er brukbare til å seie noko om den semantiske transitiviteten til det einskilde verbet. For ordens skuld skal eg gjenta eit oversyn over komponentane i transitivetsomgrepet til Hopper & Thompson her:

(3: 65)

	HIGH	LOW
A Participants	2 or more participants, A and O ¹	1 Participant
B Kinesis	action	non-action
C Aspect	telic	atelic
D Punctuality	punctual	non-punctual
E Volitionality	volitional	non-volitional
F Affirmation	affirmative	negative
G Mode	realis	irrealis
H Agency	A high in potency	A low in potency
I Affectedness of O	O totally affected	O not affected
J Individuation of O	O highly individuated	O non-individuated

Ikkje alle komponentane Hopper & Thompson opererer med i sitt transitivitetssomgrep, er like godt eigna for å undersøkje transitiviteten til bestemte verb. Komponentane C, F, G, H og J i (3: 65) er i større grad eigenskapar ved enkelte realiseringar av verba i setningskontekstar enn eigenskapar som seier noko om eigenskapar ved sjølve den prosessen verbet uttrykker. Det siste er det mest interessante her, og eg skal difor halde meg til komponentane A, B, D, E og I til Hopper & Thompson i (3: 65) for å sjå om det finst tendensar til at dei divalente verba i valensundersøkinga plasserer seg på visse stader på transitivitetsskalaen.

Dei mest interessante verba å undersøkje, er dei som krev nominale komplement i norrønt, men som i moderne norsk har gått over til å bli PO-verb. I tillegg er verbgruppa der det norrøne verbet har eit nominalt komplement som alternativ til PO, interessant i denne samanhengen. I denne siste gruppa har det nominale komplementet omtrent same tyding som POet, jf. (3: 46) og (3: 47). Dei resterande verbpara, der begge språksteg krev PO, reknar eg i dette arbeidet som intransitive verb.

Komponent A er sjølvstekt lik 2 ved alle verba. Det er snakk om ei svært grov inndeling når ein berre nyttar verdiane høg og låg grad av den aktuelle eigenskapen, og det er heller ikkje heilt objektivt målbare gradar av ulike eigenskapar me her står overfor. Likevel meiner

¹ A står for agent og O for objekt, og blir brukt for å referere til dei to komplementa i ei setning med to komplement.

eg desse komponentane kan syne tendensar til kvar dei aktuelle verba plasserer seg på ein graduell transitivitetsskala. Kryss vert berre sette der eg meiner å sjå klare tendensar til høg eller låg grad av ein eigenskap, i andre tilfelle let eg begge felta stå opne:

(3: 66)

Verb	Tyding	Kinesis		Punctuality		Volitionality		Affectedness of O	
		H	L	H	L	H	L	H	L
byrja + Akk	'byrje (på)'			X		X			X
gráta + Akk	'gráte (over)'		X		X		X		X
sigra + Akk	'sigre (over)'	X				X		X	
tala + Akk	'tale (om)'		X		X	X			X
hlíta + Dat	'lite (på)'		X		X				X
hlýða + Dat	'lyde (på)'		X		X	X			X
kviða + Dat	'kvide (for)'		X		X		X		X
ráða + Dat	'råde (over)'				X			X	
samþykkja + Dat	'samtykkje (i)'		X			X			X
svara + Dat	'svare (på)'		X			X			X
beiða + Gen	'be (om)'		X			X			X
biða + Gen	'bie (på)'		X		X	X			X
biðja + Gen	'be (om)'		X			X			X
frétta + Gen	'frette (etter)'		X			X			X
leita + Gen	'leite (etter)'				X	X			X
spyrja + Gen	'spørje (om)'		X			X			X
sverja + Gen	'Sverje (på)'		X			X			X

Dei fire komponentane frå Hopper & Thompson eg her har nytta i eit forsøk på å seie noko om den semantiske transitiviteten til verba i tabellen i (3: 66) over, treng ei nærare forklaring. **Kinesis** seier noko om i kva grad verbprosessen er dynamisk, i kva grad ei rørsle utført av A rettar seg mot O i samband med den prosessen verbet uttrykker. **Punctuality** seier noko om i kva grad den prosessen verbet uttrykker er durativ (non-punctuality) eller punktuell, dvs. i kva grad det er eit tidsforløp mellom startpunkt og sluttunkt for verbprosessen. **Volitionality** vil seie i kva grad verbprosessen typisk impliserer hensikt eller intensjonalitet frå A. Endeleg har **affectedness of O** å gjere med i kva grad verbprosessen påverkar eller har verknad på O. I

transitivitetsomgrepet til Hopper & Thompson har høg eller låg grad av desse eigenskapane samanheng med høg, høvesvis låg grad av transitivitet.

Fleire av avkryssingane i tabellen ovanfor kan sikkert diskuteras. Dei bygger på døme eg har funne i *CD-ROM-korpuset* i samband med valensundersøkinga, og på dei konseptane desse verbprosessane uttrykker ut frå min eigen språkkompetanse. Likevel meiner eg tendensen til at desse verba syner låg grad av transitivitet i høve til komponentane kinesis, punctuality og affectedness of O er klar nok. Unntaket er komponenten volitionality, der tendensen er motsett. Likevel meiner eg det er grunnlag for følgjande hypotese:

(3: 67)

At dei norrøne verba i valensundersøkinga som krev nominale komplement, har endra valens til å krevje PO i moderne norsk, har samanheng med at desse verba semantisk sett syner låg transitivitetsgrad.

Når det gjeld samanhengar mellom semantisk transitivitet og kasusmarkering ved desse verba, kan ein kanskje sjå ein tendens til at verba med Akk-komplement er mest transitive, medan dei med Gen-komplement er minst transitive. Likevel er det interessant at verba med Akk-komplement syner stor innbyrdes skilnad når det gjeld semantisk transitivitet. Verbet *gráta* har til dømes langt lågare transitivitetsgrad enn verbet *sigra*. Ein interessant tendens ved verba med Gen-komplement, som etter mitt syn er dei som syner lågast grad av semantisk transitivitet, er at O i abstrakt forstand like mykje har verknad på A som omvendt. Særleg tydeleg er dette ved verba *biða* og *leita*, der O er tydeleg kjelde eller årsak til den prosessen verbet uttrykker.

I dette kapitlet har eg handsama dei divalente verba frå valensundersøkinga, og i desse 35 verbpara har alle dei moderne norske verba kravd PO. Når det gjeld dei trivalente verba, er det ikkje alltid slik at dei moderne norske verba krev PO, slik eg definerte desse preposisjonsfrasane i (3: 35). Like fullt krev alle dei moderne norske verba preposisjonskomplement, og dei syner interessante skilnader mellom det norrøne og moderne norske språksteget.

3.6.5 Trivalente verb

Valensundersøkinga resulterte i 15 trivalente verbpara. Som nemnt krev ikkje alle dei moderne norske verba i denne gruppa PO, men alle krev preposisjonskomplement. Nærare bestemt krev 8 av dei moderne norske verba PO, dvs. kasusrelasjonen COR, medan dei øvrige krev kasusrelasjonen LOC. Her er eit oversyn over dei 15 verbpara:

(3: 68)

eggja + Akk + (til)	eggje + Obl + (til)
minna + Akk + (á)	minne + Obl + (på)
senda + Akk + (til)	sende + Obl + (til)
stela + Dat + (frá)	stele + Obl + (frå)
þakka + Dat + (fyrir)	takke + Obl + (for)
dylja + Akk + Gen	dølje + Obl + (for)
krefja + Akk + Gen	krevje + Obl + (frå)
launa + Dat + Akk	løne + Obl + (for)
leyna + Akk + Dat	løyne + Obl + (for)
refsa + Dat + Akk	refse + Obl + (for)
gefa + Akk + Dat	gje + Obl + (til)
ræna + Akk + Dat	rane + Obl + (for)
segja + Akk + Dat	seie + Obl + (til)
selja + Akk + Dat	selje + Obl + (til)
sýna + Akk + Dat	syne + Obl + (til)

Oversikta i (3: 68) har eg ordna slik at dei verbpara der begge verba krev preposisjonsfrase, kjem først (5 verb). Deretter kjem verba der eit Akk-komplement i norrønt tilsvarar preposisjonsfrase på det moderne språksteget (5 verb), og endeleg verb der Dat-komplement (5 verb) blir uttrykt med preposisjonsfrase i moderne norsk. La oss sjå på døme på desse verba i bruk:

(3: 69)

- 1a. Hann eggjar þá liðið mjög **til framgöngu** (Egla, 437)
- b. Han eggjar då mannskapet kraftig **til pågang**

- 2a. Þeir minntu konung oft **á það** (Egla, 390)
 b. Dei minna kongen ofte **på det**
- 3a. og sendi konungur menn sína **til hans** (Njála, 158)
 b. og kongen sende mennene sine **til han**
- 4a. er þú fyrst norður til Skagafjarðar og stalst öxnum **frá Þórkeli Eiríkssyni**
 (Ölkof, 2077)
 b. då du for nordover til Skagafjörður og stal oksar **frá Þórkell Eiríkssonur**
- 5 a. Þakkaði bóndi honum vel **fyrir þetta verk** (Grett, 1018)
 b. Bonden takka han vel **for denne gjerninga**
- 6a. að Hánefur hafði dulið **hann-Akk** tókunnar (Reykd, 1740)
 [-Nom]
 b. at Hánefur hadde dult tjuveriet **for han**
 [+goal]
- 7a. Fara til þings og krefja **höfðingja-Akk** liðs (BandK, 36)
 [-Nom]
 b. Fare til tinget og krevje stönad **frá hövdingane**
 [+dprt]
- 8a. Illa hefir þú launað mér **goðorðið-Akk** (Njála, 253)
 [-Nom]
 b. Du har lønt meg ille **for goðorðet** (eit embete)
 [+assn]
- 9a. Og er Snorri fann að þeir vildu leyna **hann-Akk** því öllu (Laxd, 1643)
 [-Nom]
 b. Og då merka Snorri at dei ville løyne alt saman **for han**
 [+goal]

10a. og vildi Rögnvaldur refsa þeim **sín illvirki-Akk** (Fóstb, 807)

[-Nom]

b. og Rögnvaldur ville refse dei **for illgjerningane sine**

[+assn]

11a. Mætti eg þá gefa hana **þeim manni-Dat** er oss væri nokkuð traust að

(Krók, 1515) [+goal]

b. Då måtte eg gje henne **til den mann** som kunne vere til hjelp for oss

[+goal]

12a. Rændi hann drekann **öllu skróði-Dat** (Bárð, 72)

[+dprt]

b. Hann rana dragen **for all skrud**

[+assn]

13a. Þráinn Sigfússon sagði það **konu sinni-Dat** að hann (Njála, 210)

[+goal]

b. Þráinn Sigfússon sa det **til kona si** at han

[+goal]

14a. Þórður hafði þá selt skip það **kaupmönnum-Dat** (BjHít, 81)

[+goal]

b. Þórður hadde då selt det skipet **til kjøpmennene**

[+goal]

15a. og syndi Eiður saxið **öllum heimamönnum-Dat** (þórð, 2014)

[+goal]

b. og Eiður synte sverdet **til alle mennene** på garden

[+goal]

Som ved den divalente verbgruppetta der PO i norrønt er alternativ til nominale komplement med svært nærskyld tyding, finst det nominale komplement som alternativ også ved dei trivalente verba. Dette ser ut til å vere tilfelle ved 3 av dei trivalente verba med valensbundne

preposisjonsfrasar. Sjå på desse døma der dei aktuelle norrøne verba har nominale komplement:

(3: 70)

- 1a. allmjög muntu eggjaður verið hafa **þessa verks-Gen** af föður þínum¹
(Vatn, 1846) [+sorc]
- b. Du kan nok ha vorte sterkt eggja **til denne gjerninga** av far din
[+drcn]
- 2a. Gunnar hafði sendan mann **mágum sínum-Dat** (Njála, 201)
[+goal]
- b. Gunnar hadde sendt ein mann **til mágane sine**
[+goal]
- 3a. Gunnlaugur þakkaði honum **gjöfina-Akk** (Gunnl, 1178)
[-Nom]
- b. Gunnlaugur takka han **for gáva**
[+assn]

I dette arbeidet har eg rekna dei fleste divalente verb med to nominale komplement som grammatisk transitive verb, og dette gjeld både for norrønt og moderne norsk. Slike verb er dermed regens for komplement med kasusrelasjonane AGT og PAT. Ved dei trivalente verba kjem ein tredje kasusrelasjon i tillegg til desse, og denne tredje kasusrelasjonen er ved verba i denne undersøkinga anten COR eller LOC. Vidare argumenterte eg i 3.6.2 for å rekne valensbundne preposisjonsfrasar som er berarar av kasusrelasjonen COR, som PO. Dermed er det 8 av dei trivalente verba i undersøkinga som krev PO i moderne norsk. Dette gjeld verba *eggja*, *minna*, *þakka*, *dylja*, *krefja*, *launa*, *leyna* og *refsa*. Dei resterande 7 verba regjerer i moderne norsk ein preposisjonsfrase danna av preposisjonane *frå* og *til*. Desse analyserer eg som berarar av kasusrelasjonen LOC.

Spesielt interessante blant dei trivalente verba er dei der dei to oblikt merka komplementa kan byte innbyrdes posisjon i norrønt. Dette gjeld verba *gefa*, *segja*, *selja*, *senda*

¹ Dette verbet er noko problematisk i høve til den semantiske analysen av Gen som [-Nom, +sorc]. Eg meiner likevel den generelle tendensen til at Gen-komplement uttrykker ei kjelde eller ein årsak i verbprosessen, er klar nok til å halde fast ved denne analysen.

og *sýna*. Ein tilsvarende inversjon av desse komplementa er muleg også i moderne norsk, men då må ein nytte preposisjonsfrase i den eine varianten:

(3: 71)

- a. Bárður skyldi gefa henni nesið (Bárð, 49)
[AGT] [PAT] [COR]
- b. Bárður skulle gje henne neset
[AGT] [PAT] [COR]
- c. Mætti eg þá gefa hana þeim manni er oss væri nokkuð traust að (Krók, 1515)
[AGT] [PAT] [LOC]
- d. Då måtte eg gje henne til den mann som kunne vere til hjelp for oss
[AGT] [PAT] [LOC]

I ein LCDG-analyse er det i (a) og (b) snakk om ein annan verbvariant enn i (c) og (d). Desse verbvariantane regjerer ulike kasusrelasjonar for sine komplement, og funksjonelt sett er slik verbderivasjon eit middel for å kode alternative perspektiv på eksterne situasjonar. Ein slik analyse får støtte hjå Holmberg & Platzack (1995: 204ff), som rett nok analyserer inverterte dobbelt objekt-konstruksjonar i moderne islandsk: "It should be noted that the dative IO cannot be a "pure experiencer" in the inverted DOC. In fact, it seems to have very much the same thematic properties as the PP in the MSc. (and English) *to*-construction" (s. 207f).

Skilnaden mellom norrønt og moderne norsk ved desse verba er at i norrønt kan LOC-relasjonen ved verbvarianten i (c) bli uttrykt gjennom eit nomenkomplement, medan dette ikkje er muleg i moderne norsk. I moderne norsk har ein ikkje kasusmarkering gjennom den semantisk markerte kasusforma Dat, og må difor nytte ei anna form for semantisk markert kasusmarkering, nemleg gjennom preposisjon.

I 3.6 har eg presentert resultatata av valensundersøkinga. Eg har vist at PO, eller i alle fall PO-liknande komplement, ser ut til å vere vanlege i norrønt. Likevel ser det også ut til at nominale komplement i mange tilfelle er obligatoriske eller mulege (med tilnærma same tyding) i norrønt, der dette ikkje er muleg i moderne norsk. I tillegg har eg peika på mulege samanhengar mellom transitivitet og semantisk markerte kasusformer i norrønt, og overgang

til kasusmarkering gjennom preposisjonar i moderne norsk. La oss sjå litt nærare på dei resultata eg har kome fram til.

3.6.6 Oppsummering av valensundersøkinga

Formålet med valensundersøkinga var å finne ut kva for valens verb som i moderne norsk regjerer PO, hadde på det norrøne språksteget. Generaliseringane eg skal gjere i denne oppsummeringa, gjeld i første omgang dei divalente verba og dei trivalente verba som krev PO. Dei resterande trivalente verba hamnar noko på sida, sidan dei regjerer ein annan kasusrelasjon enn COR for sine valensbundne preposisjonsfrasar. Dermed gjeld dei første generaliseringane i denne oppsummeringa 43 verbpar. 27 av desse har verbvariantar som krev PO, eller i alle fall PO-liknande komplement, på begge språksteg. Det ser dermed ut til at PO ved desse verba er utbreidde også i norrønt. Ved 16 av 43 verbpar finst det berre verbvariantar som krev nominale komplement i norrønt, medan berre 2 av 43 moderne norske verb har nominalt komplement som eit muleg alternativ.

Det kan verke som dei norrøne preposisjonane i fleire av preposisjonskomplementa har meir ”konkrete” tydingar enn dei moderne norske, og at desse norrøne komplementa mulegvis heller bør analyserast som adverbial. På den andre sida har PO mykje til felles med valensbundne adverbial også i moderne norsk. Desse to komplementstypene blir som oftast realiserte som preposisjonsfrasar, og divalente verb med desse to komplementstypene er alle intransitive verb.

I kapittel 4 skal eg, mellom anna med bakgrunn i dette, argumentere for at PO er ein type adverbial også i moderne norsk. Uansett syner dei norrøne preposisjonskomplementa at slike komplement er vanlege også i norrønt, og dei norrøne preposisjonskomplementa i dette kapitlet ligg etter mi meining nært opp til dei tilsvarende moderne norske POa i tyding.

Ein interessant skilnad mellom dei to språkstega er at norrønt ved 8 av dei 27 verba, der norrønt har verbvariant med PO, også har ein variant med nominalt komplement. I desse tilfella har POet og det nominale komplementet svært nærskyld tyding. Dermed finst det ved 22 av 43 verbpar mulegheit for nominalt komplement i norrønt, der dette ikkje er muleg i moderne norsk. Generaliseringane eg har gjort over dei 43 verbpara, der begge eller det moderne norske verbet krev PO (kasusrelasjonen COR), kan oppsummerast som følgjer:

(3: 72)

	Norrønt		Moderne norsk	
	Ant.	%	Ant.	%
Verbpar der berre nominalt komplement er muleg:	16 av 43	37,2	0 av 43	0
Verbpar med verbvariantar som krev PO:	27 av 43	62,8	43 av 43	100
Nominalt komplement med nærskyld tyding som muleg alternativ til PO:	8 av 43	18,6	2 av 43	4,7
Mulegheit for nominalt komplement i norrønt der dette ikkje er muleg i moderne norsk:	22 av 43	51,2		

Eg har peika på to faktorar som kan ha samanheng med at det ved halvparten av verbpara i undersøkinga er muleg med nomenkomplement i norrønt, der dette ikkje er muleg i moderne norsk. Norrønt har fire kasusformer for markering av kasusrelasjonar ved verbkomplement, medan moderne norsk berre har to. Ved 15 av 35 divalente verb er nominale komplement obligatoriske eller mulege (med tilnærma same tyding) i norrønt, men ikkje i moderne norsk. Dersom ein ser bort frå dei noko spesielle verba *gráta* og *sigra*, jf. 3.6.4.2, står ein att med berre eitt verb som krev Akk-komplement, nemleg *tala*, som alternativt kan ta PO også i norrønt. Det ser difor ut til å vere ein tendens at preposisjonskomplement i moderne norsk er erstatningar for komplement merka Dat og Gen i norrønt.¹ Kasusformene Dat og Gen er semantisk meir markerte former for kasusmarkering enn kasusforma Obl i moderne norsk, og på det moderne språksteget er preposisjonar einaste mulege former for slik semantisk markert kasusmarkering.

¹ Det er rett nok slik at ved fire av dei trivalente verba som tek PO i moderne norsk, svarar PO til eit Akk-komplement i norrønt. Dette gjeld verba *dylja*, *launa*, *leyna* og *refsa*. Felles for desse verba er at Akk-komplementet i norrønt svarar til ein preposisjonsfrase med preposisjonen *for* i moderne norsk, som i

- a. Eg skal eigi *leyna* **yður-Akk** því (Finnb, 642)
- b. Eg skal ikkje løyne det **for dykk**

Me ser av desse døma at PAT-komplementet i norrønt svarar til ein preposisjonsfrase som er berar av kasusrelasjonen COR i moderne norsk. Ved desse verba er med andre ord det grunnleggande perspektivet på situasjonen som blir koda, annleis i norrønt enn i moderne norsk. Ein annan grunn til at eg ikkje reknar desse verba for å vere i strid med hovudtendensen ved verba i denne undersøkinga, nemleg at PO i moderne norsk i stor grad har erstatta dei semantisk markerte kasusformene Dat og Gen i norrønt, er at alle desse verba har eit komplement merka Dat eller Gen i tillegg til Akk-komplementet.

Vidare har eg peika på ein annan faktor som kan ha samanheng med at dei divalente norrøne verba i valensundersøkinga som krev nominale komplement, har endra valens til å krevje PO i moderne norsk: Desse verba syner semantisk sett låg transitivitetsgrad, og PO-verb i moderne norsk er intransitive verb.

Blake (2001: 175ff) diskuterer bortfall av morfologisk kasusmarkering i engelsk og romanske språk, og peikar på at "The near elimination of case in English and Romance makes an interesting comparison. In both areas the use of prepositions increased as the case system was eroded so that all adverbial relations outside the core eventually had to be expressed via prepositions" (s. 178). Når det gjeld verbkomplement, ser det ut til at det er den same utviklinga som har skjedd frå det norrøne til det moderne norske språksteget, sjølv om preposisjonskomplement er vanlege også i norrønt. Sidan undersøkingsmaterialet i denne undersøkinga berre omfattar 50 verbpar, skal ein likevel vere forsiktig med å trekke for vidtrekkande konklusjonar. På den andre sida meiner eg ei undersøking der dei undersøkte verba er leksikalsk nærskylde, gjev sikrast resultat, og då finst det ei avgrensa mengd verb å undersøkje.

Også Barðdal (2001) diskuterer utviklinga av morfologisk kasus i dei germanske språka, og argumenterer for at dei minst frekvente konstruksjonane har gått tapt først, medan dei mest frekvente held seg lenger. I islandsk og tysk har lite frekvente konstruksjonar vorte medlemmar av andre meir frekvente konstruksjonar, medan ein i skandinavisk har fått ei samanslåing av ulike konstruksjonar til ein. Såleis har denne utviklinga gått lenger i skandinavisk enn i islandsk og tysk.

Den utviklinga Barðdal skisserer, er interessant i høve til det derivasjonelle verbsystemet i LCDG-modellen. Frekvente verbklasser, som sjølvstøtt og har frekvente former for kasusmarkering, har teke opp i seg medlemmer frå mindre frekvente verbklasser med mindre frekvente former for kasusmarkering. For dei divalente verba med Nom har denne utviklinga frå norrønt til moderne norsk gjeve følgjande resultat:

Fire verbklasser i norrønt:	Nom-Akk
	Nom-Dat
	Nom-Gen
	Nom-PP
To verbklasser i moderne norsk:	Nom-Obl
	Nom-PP

Dei tre klassene med to nominale komplement i norrønt har vorte slått saman til ei klasse i moderne norsk. Då er det ikkje overraskande at ein del medlemmar frå dei tre nominale klassene i norrønt har gått over til Nom-PP-klassa i moderne norsk, og eg har peika på to faktorar som ser ut til å ha innverknad på kva for klasse dei nominale norrøne komplementa i mitt materiale har hamna i: Semantisk transitivitet og semantisk markerte former for kasusmarkering.

I kapittel 2.3.3 vart det diskutert om undersøkinga som har vorte presentert i dette kapitlet, er ei synkron eller ei diakron undersøking. Konklusjonen var at undersøkinga i hovudsak er synkron, sidan det er to isolerte språksteg som har vorte undersøkt. På den andre sida har formålet vore nettopp å samanlikne desse to språkstega. Ei interessant oppgåve for framtidig forskning ville vere å gjere ei meir fullblods diakron undersøking av desse verba, for mellom anna å kunne finne ut når overgangar frå nominale komplement til preposisjonskomplement skjedde. I tillegg ville det vere interessant å gjere tilsvarende valensundersøkingar av andre underklasser av verb, og av adjektiv:

(3: 73)

- a. þeir séu þroskavænlegir menn og fullir **ofurkapps-Gen** (Laxd, 1629)
- b. dei er staute menn og fulle **av overmót**

Som me ser av døma ovanfor, har det skjedd liknande utviklingar som ved ein del av verba i valensundersøkinga også ved adjektiv.

Det teoretiske fundamentet for undersøkinga har vore LCDG. Teorikapitlet 2.2 og 3.3 om transitivitet i dette kapitlet er sentrale grunnlag når eg i neste kapittel skal nytte denne modellen i ein analyse av PO på det moderne språksteget.

4 Ein lexicase-analyse av preposisjonsobjekt i moderne norsk

4.1 Innleiing

I førre kapittel vart resultatane av valensundersøkinga presenterte. Undersøkingmaterialet var 50 verbpar med leksikalsk nærskylde verb frå det norrøne og moderne norske språksteget. Undersøkinga viste at verb som i moderne norsk krev PO, ofte hadde verbvariantar med PO eller PO-liknande komplement også i norrønt. Samstundes syntte undersøkinga at norrønt i mange tilfelle hadde nominale komplement som *einaste* eller *muleg* alternativ der dette (med tilnærma same tyding) ikkje er muleg i moderne norsk.

I dette kapitlet skal eg drøfte PO på det moderne norske språksteget nærare. Viktige utgangspunkt for denne drøftinga er kapittel 2.2 om LCDG-modellen og kapittel 3.3 om transitivitet. Formålet med dette kapitlet er å drøfte syntaktiske og semantiske eigenskapar ved PO, og å sjå om LCDG-modellen, med sine mange restriksjonar, kan kaste nytt (eller i alle fall annleis) lys over denne komplementstypen. I eit avgrensa kapittel som dette kan det ikkje bli snakk om nokon fullstendig analyse av alle sider ved PO, men enkelte sentrale eigenskapar vil bli tekne opp. Vidare er analysen avgrensa til konstruksjonstypen verb + preposisjon + nominal. Konstruksjonar som *ha håp om*, *gje uttrykk for*, *gjere slutt på* vil dermed ikkje bli handsama. Først skal eg gje eit oversyn over korleis desse konstruksjonane tidlegare har vorte analyserte i norske grammatikkar og syntaksframstillingar. Deretter skal eg sjå nærare på syntaktiske og semantisk-funksjonelle eigenskapar ved PO.

4.2 PO i litteraturen

Formålet med dette kapitlet er å syne korleis ein type språklege konstruksjonar som består av verb + preposisjon + nominal, som til dømes i konstruksjonane *vente på godt vêr*, *tenke på henne*, *syte for maten*, har vorte analyserte i norske grammatikkar og syntaksframstillingar.

Nærare bestemt dreiar det seg om ei undergruppe av slike konstruksjonar. Det som kjenneteiknar konstruksjonane i denne undergruppa, er at dei er oppbygde av eit verbal (eventuelt av ei transitiv verbalgruppe) og eit valensbunde komplement til dette verbalet. Preposisjonane i desse konstruksjonane har ikkje konkret, lokativ tyding, og er i liten grad utbytelege. At desse komplementa er valensbundne, vil seie at dei subkategoriserer verbet dei er komplement til, og at dei har PAT som si semantiske rekkevidde.

Dette kapitlet er ikkje meint som noko komplett oversyn over litteraturen om desse konstruksjonane, poenget er å syne dei viktigaste analysemåtane av slike konstruksjonar i norske grammatikkar og syntaksframstillingar. Som nemnt i kapittel 1 er det i hovudsak tre ulike analysar av denne konstruksjonen i litteraturen (jf. Lie 2003: 80), nemleg:

- Verbalgruppe + objekt: Verbet + preposisjonen blir analysert som ei transitiv verbalgruppe, og nominalet som komplement til denne gruppa.
- Verb + adverbial: Heile preposisjonsfrasen (preposisjon + nominal) blir analysert som adverbial.
- Verb + preposisjonsobjekt: Heile preposisjonsfrasen blir analysert som preposisjonsobjekt.

4.2.1 Analysar som transitiv verbalgruppe

Ein av måtane å analysere verb + preposisjon + nominal er å sjå verb + preposisjon som ei transitiv verbalgruppe. Western (1921: 133ff) handsamar slike konstruksjonar under ”Objekt efter verbalgrupper”. Dette er objekt som i motsetnad til andre objekt, som innskrenkar tydingsområdet til eit enkelt verb, innskrenkar tydinga til ei heil verbalgruppe. Ei undergruppe av desse igjen er objekt som innskrenkar verbalgrupper som inneheld ein preposisjon.

For å illustrere dette fenomenet nyttar Western dei to setningane *Han lengtet efter sommeren* og *Han døde efter operasjonen*. I det siste eksemplet har verbalet *døde* fullstendig tyding, og *efter operasjonen* føyer til eit tidsledd. I det første eksemplet har verbalet *lengtet* derimot ikkje nokor fullstendig tyding, og *efter sommeren* inneheld korkje stad- eller tidsledd: ”Logisk utgjør tvertimot *lengtet efter* ett begrep med omtrent samme betydning som *ønsket*, og *sommeren* innskrenker dette begreps betydningsområde likesom et objekt for et enkelt verbum” (s. 134).

Western peikar òg på interessante skilnader mellom desse setningane dersom ein set inn nominale leddsetningar som utfylling til preposisjonane: *Han lengtet etter at sommeren skulle komme* og *Han døde etter at operasjonen var over*. Den siste av desse setningane blir då det Western kallar ei underleddsetning der *etter at* blir analysert som konjunksjon (subjunksjon etter ny ordklasseinndeling), medan *at* i den første setninga utgjer konjunksjonen åleine. I tillegg nemner Western at ”Undertiden kan preposisjonen også inngå sammensetning med verbet, f. eks. *trakte etter noget* eller *eftertrakte noget*; *tenke over noget* = *overtenke noget*” (s. 135).

Næs (1965: 293) diskuterer konstruksjonane våre under konstruksjonar der ”verbalet består av verb + preposisjon i løs sammensetning.” Næs peikar på ”problemet som alltid vil melde seg: Har vi et objekt eller et adverbial (preposisjonsledd)?” Dersom ein ser preposisjonsfrasen som eitt ledd, er han ifølgje Næs å analysere som adverbial, men dersom ein ser på verbet og preposisjonen som ei eining, analyserer ein denne eininga som ei transitiv verbalgruppe med eit nominalt direkte objekt. ”Dette problemet kan løses ved å undersøke om preposisjonen danner syntagme sammen med det følgende nominalet. Eks.: *Se på meg!* ’på meg’ kan ikke aksepteres som syntagme. Det kan derimot ’se på’.”

Ei anna framstilling som argumenterer for analysen som transitiv verbalgruppe, er Vinje (1979: 140ff). Vinje diskuterer i hovudsak to ulike analysemåtar representerte ved setninga *Jens stolte på Eva*, som han meiner kan analyserast anten som [Jens] [stolte] [på Eva] eller som [Jens] [stolte på] [Eva]: ”Dersom vi velger den første analysen, hører *på* nærmere sammen med *Eva* enn med *stolte*, og *på Eva* blir derfor i regelen regnet for et adverbial (preposisjonsuttrykk)” (s. 141). Alternativet til Vinje, som han argumenterer for er den beste analysen, er ein analyse der ”*på* [hører] nærmest sammen med *stolte*, og vi har et transitivt verbal som er sammensatt av verb + preposisjon (et preposisjonsverb). *Eva* blir i så fall objekt” (s.141). Vinje peikar på at det finst gode grunnar for begge måtane å analysere på, og viser til ulike kriterium som talar for kvar sin analysemåte. I tillegg viser Vinje til ein interessant grenseoppgang mellom preposisjonsverb og det han kallar partikkelverb, med døme som *ta inn*, *sage av*, *ta på* osv.

Også Venås (1990: 143ff) diskuterer ulike typar objekt, og handsamar verb + preposisjon + nominal under avsnittet ”*Transitive verbalgrupper*” (s. 145): ”Ei gruppe av eit verbal og noko som høyrer grammatisk saman med verbalet, kan ta til seg objekt slik som eit anna enkelt verbal kan.” Venås argumenterer med at tydinga av uttrykk som *auke* og *legge på* er parallell.

4.2.2 Adverbialanalysar

Den andre hovudmåten å analysere verb + preposisjon + nominal er å analysere heile preposisjonsfrasen som adverbial. Dermed vil ei setning som:

(4: 1)

Han venta på henne i heile går

vere ei setning med to adverbial, både *på henne* og *i heile går*. Vassenden (1993: 109ff) representerer denne analysemåten. Han analyserer valensbundne preposisjonskonstruksjonar som ”(å) abonnere *PÅ EN AVIS*, (å) tro *PÅ EN ALLMEKTIG GUD*” under ”Adverbiala” (s. 118f). Vidare skil Vassenden mellom desse konstruksjonane og verb + partiklar, som er ”Den kategorien av underordna ledd som bind seg nærast til den verbale kjernen”. Av døme på verb + partikkel nemner Vassenden slike konstruksjonar som ”*bryte AV*, *bære FRAM*, *hente INN*, *kaste UT*” (s. 112).

Også Åfarli & Eide (2003: 49ff) diskuterer slike preposisjonsfrasar. ”Dette er PPar av typen *på far* i verbfrasen *mase på far*” (s. 52). Åfarli & Eide argumenterer for at denne preposisjonskonstruksjonen bør analyserast som adjunkt, dvs. eit ledd som ikkje er valensbunde, ved å peike på at verbet åleine kan tematiserast, som i setninga

(4: 2)

[Maser] gjer han på far

Dette syner ifølgje Åfarli & Eide at verbet åleine utgjer verbfrasen, sidan berre frasar kan tematiserast. Samstundes påpeikar Åfarli & Eide at ein i slike tilfelle må setje inn eit såkalla proverb (*gjere* i 4: 2). Ifølgje min eigen språkintuisjon er ikkje (4: 2) særleg meir akseptabel enn ei setning som *Ser gjer Per far*, men det vil heilt sikkert vere delte meiningar om dette. Åfarli & Eide markerer til dømes setninga *Hørte gjorde Jon sjefen* som ugrammatisk. I tillegg impliserer som nemnt analysen til Åfarli & Eide at preposisjonsfrasen *på far* i (4: 2) ikkje er valensbunden, og dermed ikkje får tildelt nokor Theta-rolle i terminologien til Åfarli & Eide. Adjunkt kan ein i prinsippet fritt føye til og stryke frå alle setningar, noko som ville føre til at ein i ein slik analyse reknar setninga *Han masar* som grammatisk. Endeleg reknar ein i ei setning som *Han maser på far i dag*, *på far* og *i dag* som same type ledd, med like sterk binding til verbet.

4.2.3 Preposisjonsobjektsanalysar

Faarlund, Lie & Vannebo (1997: 697ff) analyserer preposisjonsfrasar i konstruksjonar av typen *vente på*, *leite etter* og *sørgje for* som preposisjonsobjekt, og har ei rekkje argument for denne analysen. Her skal eg, etter Faarlund, Lie & Vannebo, berre liste opp kjenneteikn ved slike preposisjonsfrasar utan å gå nærare inn på eksempel og detaljar i argumentasjonen:

- Preposisjonen har ei avsvекка eller abstrakt tyding.
- Preposisjonen er betinga av det verbet han står til, og ikkje av noko konkret innhald.
- Preposisjonen kan iblant følgje det nominale leddet (utfyllinga) til forfeltet.
- Dersom verb som tek preposisjonsobjekt står utan objekt, står dei òg utan preposisjon.
- Preposisjonsobjektet har same semantiske relasjon til verbet som eit anna objekt.
- Sambandet av verb + preposisjon er fast, slik at ved dei fleste verba er det berre ein preposisjon som kan innleie objektet.
- I eit preposisjonsobjekt står nominalet som utfylling til preposisjonen.
- I preposisjonsobjekt kan ikkje preposisjonen og substantivfrasen byte plass.
- Dersom same verb førekjem i to samanbundne setningar med forskjellig subjekt og objekt, kan verbet utelatast i den andre setninga. Ved ei slik utelating blir også ein eventuell preposisjon stroken, medan preposisjonen i eit preposisjonsobjekt må takast opp att.
- Både ved preposisjonsobjekt og ved preposisjonar utan utfylling kan verbet og preposisjonen uttalast som eitt ord. Når preposisjonen tilhøyrer eit preposisjonsobjekt, uttalast verb + preposisjon som regel med trykk på første staving og tonem 1 dersom verbet har einstavingsform.

Likevel er det ikkje slik at desse kriteria i alle tilfelle kan avgjere om ein bør analysere ein preposisjonsfrase som preposisjonsobjekt. Det synast å vere ein glidande overgang til verb der ein heller bør analysere verb + preposisjon + nominal som verb + adverbial + direkte objekt. Som eksempel på slike verb, der det finst gode argument for begge analysar, nemner Faarlund, Lie & Vannebo (s. 701) *kome (over)*, *kome (på)*, *skrive (under)*, *tenkje (over)* og *kjøre (på)*.

Også Lie (2003: 79ff) analyserer den typen preposisjonsfrasar me har diskutert i dette kapitlet som preposisjonsobjekt. Lie peikar på at ”Når preposisjonsfrasen her kalles objekt, er det fordi den har flere viktige egenskaper til felles med objektet” (s. 80). Mellom anna kan mange preposisjonsobjekt bli subjekt i passiv, slik som i:

(4: 3)

- a. Hun ble snakka om stadig
- b. Han vart trudd på

I tillegg peikar Lie på at preposisjonsfrasar som fungerer som adverbial, som regel kan erstattast med eit proadverb eller eit anna adverb, medan dette ikkje er muleg ved preposisjonsobjekt.

Enger & Kristoffersen (2000: 244ff) analyserer også preposisjonsfrasane i setningar som *Eg skal vente **på deg*** og *Cato tenker bare **på damer*** som preposisjonsobjekt. Hjå Enger & Kristoffersen er preposisjonsobjekt ein av to typar oblike funksjonar, dvs. valensbundne ledd som uttrykker eit semantisk argument gjennom ein konstituent som blir innleidd av ein preposisjon: ”Eit karakteristisk drag ved preposisjonsobjekt er at det er eit fast samband mellom det leddet som uttrykker setningas semantiske predikat, og preposisjonen som utgjør eller innleier preposisjonsobjektet” (s.245).

Enger & Kristoffersen (s. 246) definerer preposisjonsobjektet på følgjande måte: ”**Preposisjonsobjekt** er ein oblik kjernefunksjon som uttrykker ei semantisk rolle som ikkje er lokativ.” Endeleg er det interessant at Enger & Kristoffersen nyttar termen adverbial berre om valensbundne adverbiale ledd, medan termen adjunkt blir nytta om frie adverbiale ledd. På denne måten oppnår ein ein terminologi som skil betre mellom valensbundne og frie ledd i setningar.

4.3 Syntaktiske eigenskapar ved PO

I 4.2 vart dei tre hovudmåtane å analysere PO i norske grammatikkar og syntaksframstillingar synte. No skal eg gå over til å diskutere syntaktiske eigenskapar ved PO i lys av LCDG-modellen. Denne modellen har ei rekkje viktige restriksjonar som avgrensar analysemulegheitene. Ikkje minst er fråveret av djupstruktur(ar) i tillegg til overflatestrukturen og fråvere av funksjonelle projeksjonar sentrale restriksjonar i denne

samanhengen. Dermed har denne modellen eit langt mindre apparat enn mange andre moderne syntaksmodellar. Alle desse restriksjonane gjer LCDG-modellen falsifiserbar, han har mindre kraft: "A theory which is compatible with more observations is a more powerful theory. The easiest way to construct a powerful theory is simply to state that everything is possible, and the result, mirabile dictu, will be a theory which can never be disproved" (Starosta upubl.b: 19).

I LCDG-termar er syntaks det kombinatoriske potensialet til einskilde ord, dvs. valenstrekk i det einskilde ordet, og i dette arbeidet er verbvalens det sentrale. Formålet med dette kapitlet er mellom anna å avgrense PO frå nærskylde komplementstypar, dvs. å undersøkje kva for valenstrekk i PO-verb som skil desse verba frå nærskylde verb, som partikkelverb og verb med valensbundne adverbial. Viktige syntaktiske fenomen som kastar lys over dei ulike eigenskapane til desse underklassene av verb, er tematisering, passivderivasjon, upersonlege konstruksjonar¹ og koordinasjon. I tillegg spelar transitivitet ei sentral rolle når ein skal skilje desse verbklassene frå kvarandre.

4.3.1 Tematisering

Med tematisering refererer eg til at eit setningsledd av informasjonsstrukturelle grunnar er plassert i forfeltet, plassen før det finitte verbet. I LCDG-termar vil dette seie at eit ord som er umiddelbar dependens til det finitte verbet, har mindre lineær indeks enn verbet. Eventuelt kan dette ordet sjølv ha dependensar, slik at fleire ord blir ståande med mindre indeks enn det finitte verbet. I slike tilfelle har me ein frase framfor verbet. Ut frå dette kan ein nytte tematisering som prøve på om ein har med preposisjonsfrasar å gjere eller ikkje. Kan preposisjonsfrasen som heilskap stå framfor det finitte verbet, har ein utvilsamt preposisjonsfrase. Dersom nomenet åleine kan stå framfor det finitte verbet, og preposisjonen følgjer lenger bak i setninga, er dette teikn på at preposisjonen ikkje er regens for nomenet i forfeltet, men snarare dependens til det finitte verbet, og dermed adverb. Sjå på desse setningane:

¹ Ein upersonleg konstruksjon er ein konstruksjon utan AGT med ikkje-refererande PAT.

(4: 4)

- 1a. Eg leitar igjen **etter den kunnskapen** (SK/SoØi/01)
- b. **Etter den kunnskapen** leitar eg igjen
- c. **Den kunnskapen** leitar eg **etter** igjen

- 2a. Hild **slo opp** glassdørene mot hagen (SK/SkTo/01)
- b. ***Opp glassdørene** mot hagen slo Hild.
- c. Glassdørene mot hagen **slo** Hild **opp**.

- 3a. Kari budde **i den fura** som lynet hadde slått (SK/MæIn/01)
- b. **I den fura** som lynet hadde slått, budde Kari
- c. **Den fura** som lynet hadde slått, budde Kari **i**

I (4: 4) har me ulike døme på PO- verbet *leite* (*etter*), partikkelverbet (*slå opp*) og eit verb med valensbunde adverbial, *bu*. I (1a-b) og (3a-b) har me døme på preposisjonsfrasar, sidan desse frasane også kan stå som heilskap framfor det finitte verbet. Dette er ikkje muleg ved partikkelverbet, jf. (2b). *opp* i (2) er difor ikkje preposisjon, men adverb. Ein preposisjon er eit ord som dannar ein eksosentrisk frase saman med eit anna ord eller ein annan frase, jf. ordklasseinndelinga i 2.2.3.2, medan eit adverb kan danne endosentriske frasar, eller danne komplement til verbet åleine. Tematiseringsmulegheitene i (4: 4) syner ut frå dette at me har preposisjonsfrasar i (1a-b) og i (3a-b). I (2) har me derimot partikkelverb, dvs. eit verb med ein valensbunden verbpartikkel, og denne verbpartikkelen tilhøyrer ordklassa adverb, jf. diskusjonen i 3.6.3.

Kva så med setningane i (1c og 3c)? På same måte som ved partikkelverbet i (2) er desse konstruksjonar der me, ut frå den distribusjonelle ordklasseinndelinga i LCDG, ikkje har preposisjonsfrasar, men verbpartiklar og nomenkomplement, som begge er dependensar til verbet. Denne analysen impliserer at setningane i (1c og 3c), på same måte som setningane i (2), er danna av partikkelverb, og at komplementa til desse verba ikkje kan reknast som høvesvis PO og valensbunde adverbial. I (1c og 3c) er det med andre ord snakk om **partikkelverbvariantar** av dei aktuelle verba. Dette følgjer mellom anna av det tresidige teiknomgrepet ein opererer med i LCDG, jf. 2.2.2.3. Sidan verbvariantane i (1a-b og 3 a-b) har annan distribusjon enn verbvariantane i (1c og 3c), er dei òg ulike einingar i leksikon med

ulike valenstrekk. Uavhengig motivasjon for ein slik analyse finn ein mellom anna ved passivderivasjon, som me skal sjå nærare på no.

4.3.2 Passivderivasjon og upersonlege konstruksjonar

I kapittel 3 vart derivasjon til personleg passiv nytta som test på grammatisk transitivitet, og slik derivasjon kan òg kaste lys over skilnader mellom underklassene av verb som vart handsama i 4.3.1, nemleg PO-verb, partikkelverb og verb med valensbundne adverbial. Av divalente verb i desse underklassene er det nemleg berre partikkelverb (med to nominale komplement) som er transitive verb. Samstundes finst det **partikkelverbvariantar** (verbvariantar der preposisjonen ikkje er adjasent til noko komplement, og dermed fungerer som verbpartikkel) av alle desse underklassene, og desse er dermed transitive variantar. La oss først sjå nærare på PO-verb i samband med dette. PO-verbet *leite (etter)* frå (4: 4) har som dei fleste andre PO verb ein transitiv variant. Sjå først på desse setningane med den intransitive verbvarianten, PO-verbet:

(4: 5)

- a. Dei leitar etter tømmerblink (SK/VeTa/02)
[PAT] [COR]
- b. *Etter tømmerblink vart leita
[COR]
- c. Det vart leita etter tømmerblink
[PAT] [COR]
- d. Etter tømmerblink vart det leita
[COR] [PAT]

Ved det intransitive PO-verbet *leite (etter)* er *etter tømmerblink* ein preposisjonsfrase, og verbet kan ikkje deriverast til personleg passiv, jf. (b) over. Berre dei upersonlege passivvariantane i (c) og (d) er mulege. Dette har samanheng med at alle finitte moderne norske verb obligatorisk krev kasusrelasjonen PAT. I dei upersonlege passivkonstruksjonane i (c) og (d) er det det referanselause nomenet *det* som fungerer som PAT. Set ein ikkje inn *det* for å fungere som PAT, blir konstruksjonen ugrammatikalsk, jf. (b).

Kva så med konstruksjonar der verb som *leite (etter)* tilsynelatande kan bli deriverte til passiv, såkalla pseudopassiv? Sjå på desse setningane:

(4: 6)

- a. Tømmerblink leita dei etter heile dagen
[PAT] [AGT]
- b. Tømmerblink vart leita etter heile dagen
[PAT]

I (4: 6) har me med partikkelverbet (*leite etter*) å gjere. Denne verbvarianten er transitiv, og kan difor deriverast til personleg passiv, jf. (b). Skilnaden mellom PO-verbet *leite (etter)* i (4: 5) og partikkelverbet (*leite etter*) i (4: 6) er trekket [\pm trns] i verbet. PO-verbet er [-trns], medan partikkelverbet er [+trns]. Hovdhaugen (1977: 27) analyserer på liknande måte når han hevdar at setninga

(4: 7)

Hun passet på hunden

kan analyserast på to ulike måtar, nemleg med det eg i dette arbeidet kallar PO-verb og partikkelverb. I det første tilfellet dannar *på hunden* preposisjonsfrase, medan *på* i det andre tilfellet fungerer som verbpartikkel. Desse to variantane ligg så til grunn for følgjande passivkonstruksjonar:

(4: 8)

- a. Det ble passet på hunden (PO-verb)
- b. Hunden ble passet på (partikkelverb)

Hovdhaugen peikar òg på at PO-verbet oppfører seg som eit intransitivt verb, ettersom berre upersonleg passivkonstruksjon er muleg ved dette verbet (4: 8a). Dette er eit av hovudpoenga i LCDG-analysen. Desse verba skil seg frå kvarandre nettopp ved trekket [\pm trns], eit trekk ved desse verba i leksikon. Analysen til Hovdhaugen har seinare vorte kritisert av Askedal (1982). Askedal saknar i argumentasjonen til Hovdhaugen ein diskusjon, og eventuelt at det blir teke omsyn til det faktum at framflytting av nomenfrasar frå preposisjonsfrasar ikkje er eit fenomen som er spesifikt for passivkonstruksjonar. Slik preposisjonsstranding¹ gjer seg òg gjeldande i aktivkonstruksjonar i ulike syntaktiske omgjevnader (Askedal 1982):

(4: 9)

- a. Hunden passet hun godt på
- b. ...hunden som hun passet godt på
- c. Var det en hund (som) hun passet på?
- d. Hva passet hun på?
- e. Hun hadde noe/noen/en liten hund/den lille hunden å passe på (jf. ...noe/noen/en liten hund/den lille hunden som hun måtte passe på)
- f. det lille huset med en liten hund på (jf. *det lille huset som det var en liten hund på*)

I (4: 9) har me døme på preposisjonsstranding i ulike syntaktiske omgjevnader i aktivkonstruksjonar, nemleg ved tematisering (a), relativsetningskonstruksjonar (b) og (c), kv-spørsmål (d), infinitivkonstruksjon (e) og ved nomen med ein attributiv preposisjonsfrase (f). Dei to siste tilfella syner visse likskapar med relativsetningskonstruksjonar, jf. parafrasane i (e) og (f). I alle konstruksjonane i (4: 9) er det partikkelverbet (*passé på*) som opptre, ikkje PO-verbet *passé (på)*. Desse konstruksjonane syner òg at partikkelverbet har ein annan distribusjon enn PO-verbet. PO-verbet *passé (på)* kan ikkje opptre i nokon av dei syntaktiske omgjevnadene i (4: 9).

Likevel finst det døme på at PO-verb og partikkelverb tilsynelatande har delvis samanfallande distribusjon. I mitt talemål (Valdres) er til dømes setninga

¹ Når eg i dette arbeidet nyttar denne termen, referer han ikkje til ei eller anna flytting som er årsak til strandinga, men til det fenomenet at preposisjonen ikkje står adjasent til nomenet. I LCDG reknar ein ikkje med flytting. Termen preposisjonsstranding er vanleg i litteraturen, og vil difor bli brukt om det nemnte fenomenet.

(4: 10)

Du ser etter son din (SK/GjKn/01)

tvitydig. Ved partikkelverbet, som tyder 'passe på', dannar *ser* og *etter* ei tonelagsgruppe, og *etter* blir uttala med tonem 2. Ved PO-verbet, som tyder 'prøve å få auge på', skjer det derimot inga samantrekking, og *etter* blir uttala med tonem 1. Her har me med andre ord to formmessig samanfallande konstruksjonar, men dei skil seg frå kvarandre ved kva for verbvariant som blir nytta.

Vidare har konstruksjonane (a-e) i (4: 9) over eit viktig funksjonelt fellestrekk som skil dei frå PO-verbet: Nomenkomplementet, i dette tilfellet *hund(en)*, er, i dei perspektiva som blir koda ved hjelp av desse konstruksjonane, meir fokusert enn tilfelle er i konstruksjonar der PO-verbet opptrer:

(4: 11)

- a. Ho passa godt på hunden
- b. På hunden passa ho nok godt
- c. Hunden passa ho godt på
- d. Det var hunden ho passa på

I (a) og (b) over er det PO-verbet *passé* (*på*) som opptrer, medan det i (c) og (d) er partikkelverbet (*passé på*). Det er fleire viktige skilnader mellom desse underklassene av verb. Som nemnt er det berre partikkelverbet som kan deriverast til personleg passiv, og det er dermed berre dette som er grammatisk transitivt, jf. definisjonen i (3: 10). Med andre ord har partikkelverbet kasusrelasjonen AGT, medan PO-verbet ikkje har denne kasusrelasjonen.

Vidare kodar partikkelverbet eit perspektiv på ein ekstern situasjon der nomenkomplementet, i dette tilfellet *hund(en)*, er meir fokusert (som nomen) enn det som er tilfelle ved konstruksjonar med PO-verbet. Grammatisk kjem dette til uttrykk ved at *hunden* ved partikkelverbet er berar av kasusrelasjonen PAT, og dermed blir verande PAT ved derivasjon til personleg passiv, ettersom kasusrelasjonen AGT er til stades ved partikkelverbet. Funksjonelt sett syner mulegheita for derivasjon til personleg passiv at det ved partikkelverbet er meir fokus på at verbprosessen rettar seg mot noko, nemleg nomenkomplementet *hund(en)*.

Det let seg gjere å setje opp ein derivasjonsregel for tilhøvet mellom PO-verb og partikkelverbvariant:

(4: 12)

PO-verb		Partikkelverb
$\left[\begin{array}{c} -\text{trns} \\ ? \left[\begin{array}{c} \text{PAT} \\ \alpha F_i \end{array} \right] \\ ? \left[\begin{array}{c} \text{COR} \\ \beta F_j \end{array} \right] \\ ? \left[\begin{array}{c} \text{P} \\ \gamma F_k \end{array} \right] \end{array} \right]$:	$\left[\begin{array}{c} +\text{trns} \\ ? \left[\begin{array}{c} \text{AGT} \\ \alpha F_i \end{array} \right] \\ ? \left[\begin{array}{c} \text{PAT} \\ \beta F_j \end{array} \right] \\ ? \left[\begin{array}{c} \text{Adv} \\ \gamma F_k \end{array} \right] \end{array} \right]$

(4: 12) formaliserer det derivasjonelle tilhøvet mellom PO-verb og partikkelverbvariantar. PO-verba er intransitive, medan partikkelverba er transitive. Dermed regjerer desse verba òg ulike kasusrelasjonar. Partikkelverbet regjerer kasusrelasjonen AGT, som er det oppfatta eksterne opphavet til ei handling eller ein tilstand, medan PO-verbet manglar denne kasusrelasjonen. Endeleg går preposisjonen i preposisjonsfrasekomplementet ved PO-verbet over til ordklassa adverb ved partikkelverbet.

Mens preposisjonen dannar ein eksosentrisk frase saman med eit anna ord eller ein annan frase, fungerer adverbet (verbpartikkelen) åleine som dependens til verbet, og tener til å modifisere verbtydinga. Dei to verbvariantane har ulik distribusjon, og gjev språkbrukaren eit middel til å kode ulike perspektiv på ein ekstern situasjon, nemleg med meir (partikkelverb) eller mindre (PO-verb) fokus på at verbprosessen rettar seg mot noko. Dette blir kanskje endå tydelegare ved partikkelverbvariantar av verb med valensbundne adverbial.

Også verb med bundne adverbial i form av preposisjonsfrase har verbvariantar der preposisjonen er stranda. Medan PO er berarar av kasusrelasjonen COR, er valensbundne adverbial berarar av kasusrelasjonane LOC og MNS, som typisk har noko meir spesifikk tyding enn COR. COR er til dømes kasusrelasjonen for det andre av to nominale objekt, og for nominale objekt ved intransitive verb. Dependensar av verbet som er berarar av denne kasusrelasjonen, innskrenkar tydinga til verbet på ein allmenn måte, og

preposisjonskomplement som er berarar av COR, er dermed dei preposisjonskomplementa som semantisk er nærast nominale komplement. Semantiske aspekt ved PO kjem eg tilbake til i 4.4. La oss først sjå på preposisjonsstranding ved dei to andre perifere kasusrelasjonane, LOC og MNS.

Preposisjonsstranding er underlagt ulike restriksjonar i forskjellige syntaktiske omgjevnader, jf. Askedal (1982) og Herslund (1984). Mulegheitene for ekstraksjon synast å vere store ved tematisering og relativsetningar, der dei omfattar frie adverbial i tillegg til dei valensbundne. Ekstraksjon av nomenfrasar ut frå preposisjonsfrasar ved personleg passiv er derimot underlagt sterkare restriksjonar. Slik ekstraksjon førekjem ikkje ved klart frie adverbial (Askedal 1982). Ved valensbundne adverbial er derivasjon til personleg passiv derimot av og til muleg, særleg ved lokative adverbial:

(4: 13)

- 1a. Ho sov i fluktstolen (SK/HaAl/01)
[PAT] [LOC]
- b. Fluktstolen vart sove i
[PAT]
- 2a. Sidan oktober har Peder budd på kvileheimen (AV/Loka/01)
[PAT] [LOC]
- b. Kvileheimen har vorte budd på sidan oktober
[PAT]
- 3a. Enn den gongen han sende henne til prosten (SK/HeJo/01)
[AGT] [PAT] [LOC]
- b. Prosten vart ho sendt til den gongen
[COR] [PAT]

(b)-variantane i (4: 13) har mykje til felles med partikkelverbvariantar av PO-verb. Mulegheit for derivasjon til personleg passiv syner at aktivvariantane av verba i (1-3b) har trekket [+trns]. I tillegg skiftar sjølvsgt perspektivet på situasjonen som blir koda også her. Nomena *fluktstolen*, *kvileheimen* og *prosten* går frå å bli fokuserte som lokalitetar til å bli fokuserte som gjenstand, høvesvis bygning og person, dvs. som gjenstandar eller fenomen desse nomena refererer til. Med andre ord går dei frå å vere lokalitetar, dvs. meir perifere omstende,

til å vere det verbprosessen rettar seg mot. Dermed kan ein setje opp tilsvarande derivasjonelle tilhøve mellom dei aktive variantane av verba i (a) og (b) over som mellom PO-verb og partikkelverb i (4: 12):

(4: 14)

Verb med bunde lokativt adverbial	:	Partikkelverb
$\left[\begin{array}{c} -\text{trns} \\ ? \left[\begin{array}{c} \text{PAT} \\ \alpha F_i \end{array} \right] \\ ? \left[\begin{array}{c} \text{LOC} \\ \beta F_j \end{array} \right] \\ ? \left[\begin{array}{c} \text{P} \\ \gamma F_k \end{array} \right] \end{array} \right]$		$\left[\begin{array}{c} +\text{trns} \\ ? \left[\begin{array}{c} \text{AGT} \\ \alpha F_i \end{array} \right] \\ ? \left[\begin{array}{c} \text{PAT} \\ \beta F_j \end{array} \right] \\ ? \left[\begin{array}{c} \text{Adv} \\ \gamma F_k \end{array} \right] \end{array} \right]$

LCDG-analysen av PO-verb og tilgrensande verbvariantar i dette kapitlet syner at fleire syntaktiske fenomen kan relaterast til ein skilnad i leksikon, nemleg trekket [\pm trns]. Også tidlegare analysar av tilhøvet mellom aktiv og passiv ved verb der nomenet i eit preposisjonskomplement blir subjekt i passiv, har relatert dette tilhøvet til leksikon. Bresnan (1982) argumenterer for at passiv er leksikalsk, og at dette held også ved såkalla pseudopassiv (s. 50ff), dvs. at subjektet i passiv tilsvarar utfyllinga i eit preposisjonskomplement i aktiv. Ein nødvendig føresetnad for pseudopassiv i Bresnans analyse er ein leksikalsk regel (V-P Incorporation) som impliserer reanalyse av verb og preposisjon til eit komplekst verb. I LCDG-analysen er det derimot snakk om to i utgangspunktet ulike einingar i leksikon:

(4: 15)

- a. Dei leitte [etter boka] → Dei [leitte etter] boka
- b. Boka vart [leitt etter]

- c. Dei leitte [etter boka] (PO-verb i aktiv)
- d. Boka vart [leitt] [etter] (Partikkelverb i passiv)

(a) ovanfor syner uformelt ein analyse der verb og preposisjon blir reanalysert til eit komplekst verb som kan ta objekt, og dermed kan derivast til personleg passiv i (b). I LCDG-analysen i (c–d) er dei to ulike konstruksjonane derimot eit resultat av to ulike einingar i leksikon, med klare funksjonelle ulikskapar. Som vist tidligare i dette kapitlet skil slike verbvariantar seg i aktiv frå kvarandre ved trekket [\pm trns].

Det viktigaste argumentet for å analysere partikkelverb som [leite] [etter] og ikkje som [leite etter], er at partikkelen ikkje dannar verbfrase som øvste regens saman med verbet, men er dependens til verbet på same nivå som andre typar komplement. Dette syner seg ved at verbpartiklar langt frå alltid står adjasent til verbet:

(4: 16)

- a. Etter at Riksrevisjonen *tok saka opp* (AV/BT9X/01)
- b. Skal me *skru tempoet endå eit hakk opp* (AV/BT9X/01)
- c. Ho såg på Håkon så han *slo auga ned* (SK/DuOl/02)
- d. Men så *hogg han det heile av att* (SK/BeOl/01)

Denne analysen kjem heller ikkje i konflikt med det faktum at argumenta for reanalyse i engelsk ikkje gjeld for norsk, og at norsk pseudopassiv dermed ikkje involverer reanalyse, jf. Christensen (1986), Hestvik (1986) og Åfarli (1992: 86f). Eit viktig argument for dette er nettopp at verb og preposisjon aldri opptreer som ei syntaktisk eining i norsk pseudopassiv (Lødrup1991):

(4: 17)

- a. De må bli *passet bedre på*
- b. Hvorfor *passes de ikke bedre på?*
- c. *Hvorfor *passes på de ikke bedre?*
- d. *en *passet på hund*

Konstruksjonane i (4: 17) syner at reanalyse ikkje kan ha funne stad, og at analysen i (4: 15a-b) må forkastast. For LCDG-analysen i (4: 15c-d) derimot, er ikkje konstruksjonane i (4: 17) noko problem, sidan verb og preposisjon (adverb i LCDG-analysen) her ikkje dannar nokor syntaktisk eining. Verbpartiklar er valensmessig nært knytte til verbet, men dannar ikkje ei syntaktisk eining med dette.

Hovdhaugen (1977: 28) hevdar at preposisjonar som verbpartiklar oppfører seg ulikt. I ein LCDG-analyse er det ikkje grunnlag for å hevde dette. Døma Hovdhaugen nyttar for å underbygge denne påstanden er følgjande:

(4: 18)

- 1a. Hun tok-på frakken
- b. Hun tok på frakken

- 2a. Frakken ble tatt-på (av henne)
- b. Frakken ble tatt på (av henne)

- 3a. *Det ble tatt-på frakken
- b. Det ble tatt på frakken

I analysen til Hovdhaugen blir både *på* i (1-3a) og *på* i (1-3b) analyserte som verbpartiklar. Dermed er det grunnlag for å hevde at preposisjonen i (1-3a) oppfører seg annleis enn preposisjonen i (1-3b) som verbpartikkel, sidan (3a) er underlagt den såkalla bestemtheitsrestriksjonen¹, medan (3b) ikkje er det. I analysen som blir foreslått i dette arbeidet, er det berre konstruksjonane i (1a, 2a-b og 3a) som har verbpartikkel. I (1b og 3b) er det snakk om eit verb med ein preposisjonsfrase som komplement. Dermed er det heller ikkje grunnlag for å hevde at preposisjonar og adverb (ut frå tradisjonell ordklasseinndeling) oppfører seg ulikt som verbpartiklar, slik Hovdhaugen (s. 28) implisitt gjer:

(4: 19)

- a. *Det ble tatt-på frakken
- b. *Det ble drukket opp vinen

I (a) er *på* verbpartikkel, og konstruksjonen oppfører seg med omsyn til bestemtheitsrestriksjonen på same måte som konstruksjonen med verbpartikkelen *opp* i (b). Dermed er konstruksjonane i (4: 19) argument for at det (ut frå tradisjonell ordklasseinndeling) *ikkje* er skilnad mellom adverb og preposisjonar som verbpartiklar.

¹ Bestemtheitsrestriksjonen går (uformelt) ut på at direkte objekt ikkje kan ha unik referanse i upersonlege konstruksjonar, jf. til dømes Lødrup (1989).

Det finst likevel skilnader i tilhøvet mellom verb og verbpartikkel, men desse går ikkje mellom det ein i tradisjonell ordklasseinndeling klassifiserer som adverb og preposisjonar. Skilnadene det her er snakk om, er restriksjonar i høve til plasseringa til verbpartikkelen:

(4: 20)

- 1a. Ein måtte berre slå av pumpa (AV/Loka/01)
- b. Ein måtte berre slå pumpa av
- c. Ein måtte berre slå ho av
- d. *Ein måtte berre slå av ho

- 2a. Han drikk opp kaffien og går (SK/SuEg/01)
- b. ?Han drikk kaffien opp og går
- c. Han drikk han opp og går
- d. *Han drikk opp han og går

- 3a. eg kom over boka i eit antikvariat (SK/HoRa/01)
- b. *eg kom boka over i eit antikvariat
- c. *eg kom ho over i eit antikvariat
- d. eg kom over ho i eit antikvariat

Konstruksjonane i (4: 20) syner at ulike verb har ulike restriksjonar med omsyn til plasseringa til verbpartikkelen. I (1) kan eit nomen [-prnn] og partikkelen byte plass, medan dette etter mi språkkjensle er mindre akseptabelt i (2). I begge tilfelle *må* derimot eit trykklett nomen [+prnn] kome mellom verbet og partikkelen, jf. dei ugrammatikalske (1d og 2d). I (3) kan partikkelen og nomenet ikkje byte plass i det heile. Alternasjonen i plassering mellom partikkel og nomen har ofte vorte brukt som kriterium for å avgjere om ein har med partikkelverbkonstruksjonar å gjere eller ikkje, sjå til dømes Faarlund Lie og Vannebo (1997: 699), Svenonius (2003). I dette arbeidet skal eg argumentere for at alle konstruksjonane i (4: 20) er konstruksjonar med partikkelverb.

Åfarli (1985) handsamar restriksjonar på det han kallar partikkelflytting (particle movement), dvs. slik alternasjon som i (4: 20 1-2) over. I LCDG-analysen eg foreslår i dette arbeidet, er det sjølvstg ikkje snakk om flytting, sidan ein ikkje opererer med nokon djupstruktur. Likevel er det mange interessante poeng i analysen til Åfarli, som også er relevante i ein LCDG-analyse.

Det viktigaste i denne sammenhengen er at Åfarli konkluderer med at partikkelflytting er “a non-lexical rule with ‘lexical’ properties.” Vidare peikar han på at ”it is unlikely that particle movement is wholly constrained by deducible restrictions, [...]. Rather, it is an irregular rule, only partially deducible”. Poenget er at det ikkje er muleg å setje opp ein generell regel for kva for samband av verb + verbpartikkel som tillet partikkelflytting, og kva for samband som ikkje tillet slik flytting. Dette ser ut til i alle fall delvis å vere leksikalsk bestemt. Åfarli reserverer termen partikkel for konstruksjonar av den førstnemnte typen, og argumenterer mot å analysere konstruksjonar som

(4: 21)

- a. Per kjørte på treet
- b. Vi tok av bordet

som partikkelverb, sidan alternasjonen i plassering av partikkel og verb ikkje er muleg. Eit anna viktig poeng i analysen til Åfarli er at verbpartiklar er predikerande, og at følgjande konstruksjonar dermed er ugrammatikalske:

(4: 22)


- a. *Per kjørte treet på
- b. *Vi tok bordet av

I (4: 22) er *på* og *av* ikkje predikerande. Etter mi meining har likevel (*kjøre på*) og (*ta av*) så mange syntaktiske eigenskapar felles med partikkelverb at det er grunn til å rekne dei som slike. I ein slik analyse ville ulike restriksjonar i høve til plassering av verbpartikkelen kunne knytast til trekket [\pm prdc] i verbpartikkelen.¹ Med andre ord ville ein i ein slik analyse operere med predikerande (alternasjon tillate) og ikkje-predikerande (alternasjon ikkje tillate) verbpartiklar. Følgjande konstruksjonar kan illustrere dette:


¹ Denne analysen impliserer at ein må utvide lista over ordklasser som kan ha trekket [\pm prdc] i LCDG til også å omfatte adverb.

(4: 23)

a.



b.



(4: 23) ovanfor syner verb med to typar verbpartiklar. Verbet (*slå av*) i (a) har ein predikerande verbpartikkel, og denne har ein posisjonsrestriksjon mindre (ikkje krav om posisjon før nomenet merka Obl) enn den ikkje-predikerande partikkelen ved verbet (*kome over*) i (b).¹ Den predikerande partikkelen *av* i (4: 23a) kan opsjonelt ha same plassering som eit predikativt adjektiv:

(4: 24)

- a. Han slo lyset av
- b. Han måla huset kvitt
- c. Han gjorde utstyret klart

¹ Tilhøva blir noko meir kompliserte dersom nomenet merka Obl er tematisert. For ein analyse av tematisering i LCDG, sjå Starosta (2003a: 277ff).

Det viktigaste argumentet for å rekne med to ulike typar verbpartiklar er at desse partikkelverba har ei rekkje andre syntaktiske eigenskapar felles. For det første kan preposisjonen (adverbet) og nomenet ikkje tematiserast saman som ein frase:

(4: 25)

- a. *Av pumpa måtte ein berre slå
- b. *Opp kaffien drikk han og går
- c. *Over boka kom eg i eit antikvariat

Dette tyder på at nomen(frasane) *lyset*, *vinen* og *ei skjorte* ikkje er dependensar av preposisjonane, som dermed heller ikkje er preposisjonar, men adverb. Konstruksjonane syner òg at verba ikkje tillet at verbpartiklar plasserer seg med mindre indeks enn verbet sjølv.

For det andre syner Hovdhaugen (1977: 28) og Fretheim (1977: 146) at upersonlege passivkonstruksjonar av partikkelverb er underlagt bestemtheitsrestriksjonen, dersom upersonleg passivkonstruksjon i det heile er muleg. Igjen gjeld dette for alle verba i (4: 20):

(4: 26)

- 1a. *Det vart slått av pumpa
- b. Det vart slått av ei pumpe

- 2a. *Det vart drukke opp kaffien
- b. Det vart drukke opp ein kopp kaffi

- 3a. *Det vart kome over boka i eit antikvariat
- b. *Det vart kome over ei bok i eit antikvariat

Konstruksjonane i (4: 26) syner at komplement ved upersonleg passiv av partikkelverb er underlagt bestemtheitsrestriksjonen (1-2), eller at upersonleg passiv ikkje er muleg i det heile (3). Ved PO-verb er dette derimot uproblematisk:

(4: 27)

Det vart leitt etter boka heile dagen

Innanfor LCDG-modellen kan bestemtheitsrestriksjonen definerast som ein restriksjon som hindrar at eit verb med ikkje-refererande PAT (upersonleg verb) regjerer eit nomen berar av kasusrelasjonen COR med unik referanse¹:

(4: 28)

- a. *Det vart sendt forlaget manuskriptet²

[COR]

[+dfnt]

- b. *Det vart drukke opp vinen

[COR]

[+dfnt]

- c. *Det gjekk mannen over vegen

[COR]

[+dfnt]

I (4: 28) har me brot mot bestemtheitsrestriksjonen i høvesvis upersonleg passiv av transitive verb (a-b) og i presenteringskonstruksjon (c). Funksjonen til denne restriksjonen er å hindre at ny informasjon i ein gjeven kontekst blir presentert som om han hadde unik referanse. Alle konstruksjonane i (4: 28) ville vore grammatikalske om nomena merka COR hadde hatt trekket [-dfnt].

Den siste konstruksjonstypen me skal sjå på i denne delen, er såkalla utbryting, jf. Lie (1978). Også ved slike konstruksjonar oppfører alle verba våre seg som partikkelverb:

¹ I tillegg ser det ut til at restriksjonen gjeld ved pseudopassiv av trivalente verb, jf. Hovdhaugen (1977: 28ff).

² Det er uklart kva for kasusrelasjon nomenet *forlaget* er berar av i (4: 28a). Mulegvis kan ein argumentere for at det er snakk om kasusrelasjonen LOC, sidan det i denne konstruksjonen ikkje er nokon kjend avsendar i den prosessen verbet uttrykker. Det er snarare snakk om at noko blir sendt til ein stad, utan fokus på sendar-mottakar tilhøvet.

(4: 29)

- 1a. Det var pumpa ein måtte slå av
- b. *Det var av pumpa ein måtte slå

- 2a. Det er kaffien han drikk opp
- b. *Det er opp kaffien han drikk

- 3a. Det var boka eg kom over i eit antikvariat
- b. *Det var over boka eg kom i eit antikvariat

Saman med tematiseringane i (4: 25) dannar desse konstruksjonane tungtvegande argument når det gjeld dependenstillhøva ved desse verba. Verbpartiklane og nomena opptre ikkje som frasar, og det synast difor som om både verbpartiklane og nomenkomplementa er dependensar av verbet. Vidare syner partikkelverb med predikerande og ikkje-predikerande verbpartikkel ei rekkje felles syntaktiske eigenskapar. Det ser difor ut til å vere grunnlag for å rekne begge desse typane som partikkelverb.

I dette kapitlet har passivderivasjon og upersonlege konstruksjonar kasta lys over ulikskapar mellom PO-verb, partikkelverb og verb med valensbundne adverbial. Det siste fenomenet som vil bli handsama i den syntaktiske delen av denne analysen, er koordinasjon.

4.3.3 Koordinasjon

Også koordinasjon kan kaste lys over skilnader mellom PO-verb, partikkelverb og verb med valensbundne adverbial. Særleg gjeld dette koordinasjon ved såkalla gapping, dvs. eliminasjon av identisk verb i den andre av to sideordna setningar, jf. Lie (1978) og Faarlund, Lie og Vannebo (1997: 700). Sjå på desse konstruksjonane:

(4: 30)

- 1a. Per venta på toget og Pål på bussen
- b. ??Per venta på toget og Pål bussen

- 2a. *Per drakk opp vatnet og Pål opp brusen
- b. Per drakk opp vatnet og Pål brusen

- 3a. Per budde i Oslo og Pål i Kristiansand
- b. *Per budde i Oslo og Pål Kristiansand

Me ser at preposisjonane må takast opp att ved PO-verbet i (1) og ved verbet med valensbunde adverbial i (3). Verbpartikkelen i (2) må derimot sløyfast i den andre av dei to koordinerte setningane. Dette har sjølvstøtt samanheng med at me har preposisjonsfrasar i (1) og (3), medan verbpartikkelen i (2) ikkje regjerer det etterfølgjande nomenet. Verbpartikkelen er nært knytt til verbet, og når verbet blir sløyfa i den andre setninga, skjer det same med verbpartikkelen. Preposisjonane i (1) og (3) er derimot nærare knytte til nomena dei dannar frasar med, og må takast opp att saman med desse.

I dette kapitlet har eg sett nærare på nokre syntaktiske konstruksjonar, som er sentrale med omsyn til å skilje PO-verb, partikkelverb og verb med valensbundne adverbial frå kvarandre. Fenomen og konstruksjonar som har vorte handsama, er transitivitet, tematisering, derivasjon til personleg passiv, upersonlege konstruksjonar (særleg upersonleg passiv), bestemtheitsrestriksjonen og koordinasjon. Til saman dannar desse eit sett av testar ein kan nytte for å avgjere om ein har med PO-verb eller partikkelverb å gjere, og saman med dei semantiske eigenskapane til PO-konstruksjonar, som er tema for neste kapittel, skal desse testane danne grunnlag for ei drøfting av ein del grensetilfelle mellom PO-verb og partikkelverb i kapittel 4.5.

4.4 PO og kasusrelasjonane i LCDG

Kapittel 4.3 omhandla syntaktiske eigenskapar ved PO og tilgrensande konstruksjonar, medan dette kapitlet skal handle om semantisk-funksjonelle eigenskapar ved denne komplementstypen. Innanfor LCDG er det ikkje muleg å skilje skarpt mellom syntaktiske og semantisk-funksjonelle eigenskapar. Difor har fleire funksjonelle faktorar allereie vorte handsama i den syntaktiske delen av denne analysen i 4.3. Like fullt var det det syntaktiske som stod i fokus i førre kapittel.

I dette kapitlet vil det derimot bli teke utgangspunkt i det semantisk-funksjonelle, og eg skal sjå nærare på PO i høve til kasusrelasjonane i LCDG, med særleg vekt på korleis desse fordeler seg på PO-verb, partikkelverb og verb med valensbundne adverbial. Det sentrale spørsmålet i denne samanhengen er kva for funksjonar desse verba fyller i høve til kvarandre i språkleg kommunikasjon.

LCDG opererer med berre fem kasusrelasjonar. Dette er eit resultat av at semantiske trekk, i andre modellar inndelt i ei (ofte større) mengd semantiske roller, er til stades i kasusmarkørar som ordstilling, preposisjonar og morfologisk kasus. Desse markørane er i seg sjølv berarar av tyding, og det er difor ikkje naudsynt å operere med eit større sett kasusrelasjonar som berre gjentek denne informasjonen, jf. Starosta (1988: 179). Ein annan skilnad mellom kasusrelasjonane i LCDG og semantiske roller er at kasusrelasjonane primært er grammatisk definerte, i motsetnad til semantiske roller, som primært er semantisk definerte. For eit større oversyn og drøfting av kasusrelasjonane i LCDG, sjå Starosta (1982).

I kapittel 3.6.2 vart det argumentert for at den mest nærliggande LCDG-analysen av PO er å anta at slike komplement er berarar av kasusrelasjonen COR. COR er som komplement instansen oppfatta som korresponderande med PAT, i motsetnad til LOC, som uttrykker den oppfatta abstrakte eller konkrete lokaliteten til PAT. Den tvitydige setninga

(4: 31)


Ola venta på toget

vart nytta for å underbygge ein slik analyse. For ordens skuld skal eg gjenta hovudtrekka i


denne analysen her, før eg utvidar argumentasjonen noko. Preposisjonsfrasen *på toget* kan tolkast som valensbunde adverbial, som i (4: 32a), eller som PO i (b):

(4: 32)

a.



b.



Verbet *vente* i (a) tolkar sine komplement som berarar av kasusrelasjonane PAT og LOC. LOC-relasjonen blir realisert av ein preposisjonsfrase. Legg merke til at *vente* her ikkje krev ein bestemt preposisjon, *på toget* er i dette tilfellet eit valensbunde adverbial. Verbet *vente* i (b) har derimot andre valenstrekk. For det første tolkar dette verbet sine komplement som berarar av kasusrelasjonane PAT og COR, for det andre krev verbet her ein bestemt preposisjon. *på toget* er i dette tilfellet PO. Denne analysen impliserer at verbet *vente*₁ i (a) og *vente*₂ i (b) tilhøyrer ulike underklasser av verb.

(4: 35)

- a. Millionæren budde ved fotballstadion
[PAT] [LOC]
- b. Tilhengarane støtta laget med tilrop
[AGT] [PAT] [MNS]

LOC er den oppfatta abstrakte eller konkrete lokaliteten til PAT (a), medan MNS er måte eller instrument, ein instans oppfatta som nødvendig involvert i ei handling eller ein tilstand som har verknad på PAT (b). I (4: 35) har me valensbundne adverbial, ikkje PO.¹ Dermed kan ein gjere følgjande generalisering når det gjeld kasusrelasjonane COR, LOC og MNS som komplement: Valensbundne adverbial er berarar av kasusrelasjonane LOC og MNS, medan PO er berar av kasusrelasjonen COR. Kasusrelasjonane ein opererer med, gjev dermed eit presist analyseapparat for å skilje mellom PO og valensbundne adverbial. Likevel er det så store syntaktiske og funksjonelle likskapar mellom desse to komplementstypane at det er grunnlag for å rekne også PO som ein type adverbial, eit **objektsadverbial**. Denne problemstillinga kjem eg tilbake til.

Eit anna sentralt skilje i denne analysen som kan knytast til kasusrelasjonar, er skiljet mellom PO-verb og partikkelverb. Som tidlegare nemnt regjerer PO-verb kasusrelasjonane PAT og COR, medan partikkelverb regjerer AGT og PAT. Med andre ord er partikkelverba grammatisk transitive (kan derivast til personleg passiv), medan PO-verba er intransitive. Vidare argumenterte eg i 4.3.2 for at desse underklassene av verb ofte står i derivasjonstilhøve til kvarandre, sjå formaliseringa av dette tilhøvet i (4: 12). Det er viktige funksjonelle skilnader mellom verbvariantane på kvar side av denne derivasjonen:

¹ Det kan diskutast om MNS-relasjonen i (4: 35b) er eit valensbunde eller fritt adverbial. I ein LCDG-analyse må ein nok rekne frasen *med tilrop* som komplement i dette tilfellet, sidan han semantisk sett rettar seg mot PAT snarare enn mot handlinga som heilskap.

(4: 36)

- a. Pendlarane måtte stadig vente på toget (PO-verb)
[PAT] [COR]
- b. Toget måtte pendlarane stadig vente på (Partikkelverb)
[PAT] [AGT]

For det første er verbvarianten i (a) intransitiv, medan den i (b) er transitiv. Dette kjem grammatisk til uttrykk ved at (b) kan deriverast til personleg passiv, medan (a) ikkje kan. Såkalla preposisjonsstranding fører dermed til ei **transitivering** av verbet. Når preposisjonen blir adverb (verbpartikkel), blir verbet transitivt. På denne måten gjev dei to verbvariantane språkbrukarane mulegheit for språkleg å kode ein ekstern situasjon ut frå to ulike perspektiv. I perspektiv (a) blir *pendlarane* koda som det viktigaste, medan det i (b) er *toget* som er i sentrum. I (a) er preposisjonsfrasen *på toget* eit meir perifert omstende, medan *toget* i (b) er det verbprosessen klart rettar seg mot.

Komplement i form av preposisjonsfrasar er det norske språket sin måte å kode omstende, som verbprosessen i mindre grad rettar seg mot enn mot nomenkomplement. Eit slik skilje er likevel ikkje absolutt. Sjølv om ingen preposisjonsfrasar kan bli PAT i personleg passiv, finst det på den andre sida verb med to nominale komplement som ikkje kan deriverast til personleg passiv:

(4: 37)

- a. Fotballspelaren fekk ein ball til jul
- b. *Ein ball blei fått til jul

Teoriar om årsaker til dette ville det føre for langt å gå inn på i dette arbeidet, men det er klart at verbet *få* har ein semantikk som gjer at verbprosessen i dette tilfellet rettar seg meir mot *fotballspelaren* enn mot *ballen*, verbet er med andre ord også semantisk intransitivt.

Med bakgrunn i analysane som er gjort i dette kapitlet til no, vil det vere interessant å nytte dei ulike testane som har vorte nytta i argumentasjonen, til å sjå nærare på nokre verb som i Faarlund, Lie & Vannebo (1997: 701) blir omtala som grensetilfelle mellom det eg i dette arbeidet kallar PO-verb og partikkelverb.

4.5 Nokre grensetilfelle mellom PO-verb og partikkelverb

Faarlund, Lie & Vannebo (1997: 701) peikar på at ”Skiljet mellom preposisjonsobjekt og preposisjon + nominalt objekt er likevel ikkje alltid heilt klart.” Skiljet det her er snakk om, er mellom det eg i dette arbeidet kallar PO-verb og partikkelverb, og Faarlund, Lie & Vannebo viser til følgjande eksempel som grensetilfelle mellom desse to verbvariantane:

(4: 38)

- a. Eg kom over ei billig skjorte - *Eg kom ho over
- b. Eg kom på ein lur idé – *Eg kom det på
- c. Du må skrive under kontrakten – *Du må skrive han under
- d. Eg skal tenkje over tilbodet - *Eg skal tenkje det over
- e. Han kjørte på treet - *Han kjørte det på
- f. Han dro/dytta/slo/smelte/sparka til broren – *Han dytta han til

Sidan konstruksjonane i (4: 38) ifølgje Faarlund, Lie og Vannebo er grensetilfelle mellom PO-verb og partikkelverb, er dei eit godt utgangspunkt for å teste om dei syntaktiske og semantisk-funksjonelle eigenskapane eg har handsama i dette kapitlet, kan gje eintydige svar på kva for verbvariantar som opptrer i desse konstruksjonane. Faarlund, Lie & Vannebo drøftar enkelte av konstruksjonane i (4: 38) i høve til koordinasjon, bestemtheitsrestriksjonen og tematisering, som er nokre av fenomenane eg har drøfta i dette kapitlet. Oppførselen til konstruksjonane i høve til desse fenomenane tyder på at dei bør analyserast som partikkelverb.

Argumentet mot dette er at desse konstruksjonane ikkje tillet at verbpartikkelen og det etterfølgjande nomenet byter plass når nomenet er eit trykklett pronomen, noko som ifølgje Faarlund, Lie & Vannebo (s. 699) kjenneteiknar partikkelverb, eller det Faarlund, Lie & Vannebo kallar ”konstruksjonar med preposisjon og objekt”. La oss systematisk teste verba i (4: 38) i dei syntaktiske omgjevnadene eg har handsama i dette kapitlet, nemleg tematisering, derivasjon til personleg passiv, upersonlege konstruksjonar og koordinasjon:

(4: 39)

- a. *Over ei billig skjorte kom eg
- b. *På ein lur idé kom eg
- c. *Under kontrakten må eg skrive
- d. *Over tilbodet skal eg tenkje
- e. *På treet kjørte han
- f. *Til broren slo han

I (4: 39) blir det tydeleg at ein ikkje kan tematisere preposisjon + nomen som preposisjonsfrase. Dette er kanskje den testen som syner dependenstilløva i desse konstruksjonane tydelegast. Dersom nomena var dependensar av preposisjonane, skulle ein vente at dei kunne stå saman med desse i posisjonane framfor det finitte verbet, men dette er altså ikkje tilfelle. La oss så, ut frå ein hypotese om at desse verba er partikkelverb, sjå om dei kan deriverast til personleg passiv:

(4: 40)

- a. ?Ei billig skjorte vart kome over.
- b. ?Ein lur idé blei komen på
- c. Kontrakten blei skriven under
- d. Tilbodet blei tenkt over
- e. Treet vart kjørt på
- f. Broren vart slått til

Etter mi språkjensle er (a) og (b) noko mindre akseptable enn dei andre konstruksjonane over, men det finst nok kontekstar der også desse er akseptable: *Då skjedde det noko: Ein lur idé blei komen på.* I alle fall er alle konstruksjonane over meir akseptable enn konstruksjonar med preposisjonsfrase som PAT i passivkonstruksjonen (noko som aldri er muleg):

(4: 41)

- *Over ei billig skjorte vart kome

Også denne testen peikar i retning av at konstruksjonane våre bør analyserast med

partikkelverb. Neste test er upersonleg passiv:

(4: 42)

- a. ?Det vart kome over ei billeg skjorte/*skjorta
- b. Det vart kome på ein lur idé/*idéen
- c. Det var skrive under ein kontrakt/?kontrakten
- d. Det vart tenkt over eit tilbod/tilbodet
- e. Det vart kjørt på eit tre/treet
- f. Det vart slått til broren/ein bror

Resultatet av verba våre plassert i upersonlege passivkonstruksjonar er mindre eintydig enn av dei føregåande testane. Berre i (a) og (b) er resultatet av bestemt form av nomenet klart ugrammatisk, dvs. at bestemtheitsrestriksjonen gjeld i desse konstruksjonane. Også i (c) er ubestemt form ut frå mi språkkjensle klart meir akseptabelt enn bestemt form. I dei andre konstruksjonane er det etter mi meining ikkje særleg forskjell på bestemt og ubestemt form når det gjeld grammatikalitet. Det verkar dermed som om *under*, *på* og *til* i (d-f) ”opphevar” bestemtheitsrestriksjonen på same måte som ein preposisjon. La oss så sjå på koordinasjon ved såkalla gapping, dvs. eliminasjon av identisk verb i den andre av to sideordna setningar:

(4: 43)

- a. Per kom over ei billig skjorte og Pål (*over) ein billig genser
- b. Per kom på ein lur idé og Pål (*på) ei god historie
- c. Per skreiv under ein toårskontrakt og Pål (*under) ein femårskontrakt
- d. Per tenkte over tilbodet og Pål (*over) konsekvensane
- e. Per kjørte på kolla og Pål (?på) kalven
- f. Per smelte til Morten og Pål (*til) broren

Også denne testen peikar i retning av at det er partikkelverb som opptrer i desse konstruksjonane. Verbpartikkelen er nært knytt til verbet, og når verbet blir sløyfa i den andre setninga, skjer det same med verbpartikkelen. Den siste testen eg skal nytte, er utbryting, jf. Lie (1978):

(4: 44)

- a. *Det var over ei billig skjorte eg kom
- b. *Det var på ein lur idé eg kom
- c. *Det var under kontrakten eg måtte skrive
- d. *Det var over tilbodet eg tenkte
- e. *Det var på treet han kjørte
- f. *Det var til broren han smelte

I motsetnad til ved PO-verb opptrer ikkje preposisjonen og nomenet som ein frase i desse konstruksjonane:

(4: 45)

Det var etter boka han leita

Med andre ord tyder også denne testen på at nomena i desse konstruksjonane ikkje er dependensar av preposisjonane, men av verba (verbpartiklar), og saman med tematiseringstesten dannar denne testen det mest tungtvegande argumentet for at det er partikkelverb som opptrer i desse konstruksjonane: Preposisjonen og nomenet opptrer ikkje som frase. I tillegg syner også tre av dei andre testane eg har handsama, felles syntaktiske eigenskapar mellom grensetilfella i dette kapitlet og tilsvarende konstruksjonar med andre partikkelverb: Ved partikkelverb kan partikkel og nomen ikkje plasserast som frase i forfeltet, derivasjon til personleg passiv er muleg, og ved gapping må partikkelen utelatast saman med verbet.

Det står likevel att eitt argument mot analyse som partikkelverb i desse konstruksjonane, nemleg ulike restriksjonar i høve til plasseringa av verbpartikkelen. Som vist i (4: 38) kan ikkje eit trykklett pronomen kome mellom verbet og partikkelen, slik regelen er ved ein del andre partikkelverb. Likevel finst det gode grunnar for også å rekne partikkelverb med ikkje-predikerande verbpartikkel som partikkelverb, jf. diskusjonen i 4.3.2, og det er nett slike verb det er snakk om i grensetilfella som har vorte handsama her. Det ser difor ut til å vere grunnlag for å analysere desse verba som partikkelverb.

Til slutt i dette kapitlet om PO i moderne norsk skal eg drøfte eit omdiskutert tema i nordisk syntaksforskning, nemleg om PO er ein type objekt eller ein type adverbial.

4.6 Objekt eller adverbial?

I 4.2 vart dei tre hovudmåtane å analysere konstruksjonar med verb + preposisjon + nominal i norske grammatikkar og syntaksframstillingar synte. Konstruksjonane som har vorte handsama, er av typen *vente på godt vêr, tenke på henne, syte for maten*. Som vist i 4.2 er det i hovudsak tre ulike analysar av denne konstruksjonen i litteraturen, nemleg:

- Verbalgruppe + objekt: Verbet + preposisjonen blir analysert som ei transitiv verbalgruppe, og nominalet som komplement til denne gruppa.
- Verb + adverbial: Heile preposisjonsfrasen (preposisjon + nominal) blir analysert som adverbial.
- Verb + preposisjonsobjekt: Heile preposisjonsfrasen blir analysert som preposisjonsobjekt.

I LCDG-analysen av desse konstruksjonane i 4.3 og 4.4 vart det argumentert for å **skilje mellom PO-verb og partikkelverbvariantar av desse verba**. Dette skiljet liknar mykje på skiljet mellom analysen som transitiv verbalgruppe på den eine sida, og PO/adverbial på den andre. I LCDG-analysen er dette skiljet relatert til trekket [\pm trns] i leksikon. Divalente partikkelverb er [$+$ trns], og er kjenneteikna av eit samband av verb + ein valensbunden verbpartikkel (adverb), som valensmessig er svært nært knytt til verbet. Komplement til partikkelverb innskrenkar tydinga til verb + partikkel, på same måte som komplement innskrenkar tydinga til den transitive verbalgruppa i den tradisjonelle analysen, jf. 4.2.1. Ved PO-verb er det derimot snakk om preposisjonsfrasar som innskrenkar tydingsområdet til verbet. Skiljet mellom det eg har kalla PO-verb og partikkelverb er handsama tidlegare i dette kapitlet. No vil spørsmålet om PO er ein type objekt eller ein type adverbial bli handsama.

Referansegrammatikkane i Noreg og Sverige gjev ulike svar på dette spørsmålet. Teleman et al. (1999) i *Svenska Akademiens grammatik* (SAG) analyserer annleis enn Faarlund, Lie & Vannebo (1997) i *Norsk referansegrammatikk* (NRG). Spørsmålet er altså om konstruksjonar som

(4: 46)

- a. Lisa ventar på han (SK/HiPe/01)
[PAT] [COR]
- b. Dei budde i Kharkov (SK/SaHa/01)
[PAT] [LOC]

har same eller ulike typar komplement. SAG reknar her med to ulike typar adverbial, høvesvis ”Objektliknande adverbial” (bind 3, s. 450ff) i (a) og ”Bundna adverbial som anger rum” (bind 3, s. 467ff) i (b). NRG reknar derimot med preposisjonsobjekt (s. 697ff) i (a) og bunde stadadverbial (s. 776ff) i (b).

SAG (bind 3, s. 321f) diskuterer ”Objekt gentemot prepositionsfraser som adverbial”, og det blir peika på at den avgjerande skilnaden mellom desse komplementstypene er strukturell. Som objekt reknar SAG berre nominalfrasar og andre nominale ledd, medan bundne adverbial normalt er preposisjonsfrasar. Ein av forfattarane av SAG, Staffan Hellberg (2003), diskuterer spørsmålet om preposisjonsobjekt vidare, og fastslår: ”Att satsled definieras syntaktiskt är anledningen till att Svenska Akademiens grammatik [...] inte räknar med något satsled med beteckningen prepositionsobjekt eller med att objekt kan föregås av preposition.”

For det første peikar Hellberg på skilnader mellom nominale objekt og adverbial når det gjeld ordstilling. I setningsskjemaet, jf. SAG (bind 4, s. 3ff), har det objektliknande adverbialet, slik som andre adverbial, si normale plassering i slutfeltets adverbialposisjon, medan objektet står tidlegare. NRG (s. 858ff) nyttar omtrent same type setningsskjema som SAG (sjølv om termane til dels er forskjellige), noko som gjer det muleg å samanlikne dei to analysane direkte. NRG slår fast (s. 896) at preposisjonsobjekt kjem på A-plassen i slutfeltet, og at preposisjonsobjekt har same plassering som andre preposisjonsfrasar:

(4: 47)

- a. han gjev uttrykk for å sjå noko annleis på saka (AV/Loka/01)
- b. *han gjev uttrykk for å sjå noko annleis saka
- c. han gjev uttrykk for å sjå saka noko annleis

Konstruksjonane i (4: 47) syner at eit adverbial kan kome før PO i slutfeltet (a), jf. òg NRG (s. 713f), medan dette ikkje er muleg ved nominalt objekt (b). Ved nominalt objekt må

adverbial i slutfeltet kome etter objektet, som i (c). Det ser dermed ut til at det Hellberg (2003) konkluderer med for svensk, også gjeld for norsk: ”De objektliknande adverbialen placerar sig som adverbial, inte som objekt.” Strukturelt og plasseringsmessig finst det difor gode grunnar for å rekne PO som ein type adverbial.

Samstundes fins det viktige skilnader mellom analysane i SAG og LCDG-analysen i dette arbeidet. I bind 3 (s. 419f), jf. også Lie (2001), reknar SAG med ”Prepositioner som partikeladverbial” i konstruksjonar som *gå efter* (’hämta’) *ngt*, *se efter* (*ngn*), *läsa på* (*ngt*). I LCDG-analysen reknar eg derimot med *både* PO-verb og partikkelverbvariantar av desse verba, jf. det derivasjonelle tilhøvet mellom desse verbvariantane i (4: 12). Tidlegare i dette kapitlet har eg synt at det er både syntaktiske og funksjonelle skilnader mellom slike verbvariantar:

(4: 48)

- a. Guten gjekk etter posten kvar dag (PO-verb)
- b. Posten gjekk guten etter kvar dag (partikkelverb)

Körner (1948) analyserer verb + preposisjon + nominal som transitiv verbalgruppe + objekt, dvs. preposisjonen som ein del av verbalet, og det sentrale argumentet i hans avhandling er at desse verba ofte kan deriverast til personleg passiv. I LCDG-analysen i dette arbeidet er det vist at dette er muleg berre ved det eg har kalla partikkelverb. Verb med PO kan ikkje deriverast til personleg passiv. Eit middel språkbrukaren har til likevel å uttrykke transitive meiningar med slike verb, er dermed, som vist i (4: 12), å derivere verba til partikkelverb.

Eit anna sentralt argument for Körner (1948: 37ff), jf. også Körner (1964: 77ff), er at tilhøvet mellom transitiv verbalgruppe og objekt er det same som mellom verb og objekt, eller som Körner uttrykker det (1948: 37) at ”Predikatsbestämningens begreppsförhållande till verbet resp. den fasta verbalförbindelsen” er det same. Eit liknande argument nyttar NRG (s. 697), som i motsetnad til Körner reknar preposisjonen som samanhøyrande med nominalet i eit preposisjonsobjekt: ”Preposisjonsobjekt har same semantiske relasjon til verbet som eit anna objekt”. Vidare peikar NRG (s. 697) på eit viktig problem ved analyse som transitiv verbalgruppe, nemleg at preposisjonen iblant kan følgje nominalet til forfeltet:

(4: 49)

På meg ventar dei aldri

I LCDG-analysen kjenneteiknar slik plassering nettopp PO-verb, medan slik ordstilling, som *venta*, ikkje er muleg ved partikkelverb(variantar). Vidare er denne vekslinga i LCDG-analysen relatert til eit enkelt trekk i leksikon, \pm trns. Dei mange argumenta til fordel for analysar både som transitiv verbalgruppe og preposisjonsobjekt ein finn i litteraturen, skuldast med andre ord at ein her har med to ulike underklasser av verb å gjere. Men tilbake til det semantiske tilhøvet mellom verb og PO.

NRG (s. 697) peikar som nemnt på at preposisjonsobjekt har same semantiske relasjon til verbet som andre objekt. I LCDG analysen vart det argumentert for at PO er berarar av kasusrelasjonen COR, som er den same kasusrelasjonen som visse nominale objekt er berarar av. Skilnaden mellom PO og nominale objekt er, i denne samanhengen, at PO aldri er berar av kasusrelasjonen PAT. Dette kjem grammatisk til uttrykk ved at PO-verb ikkje kan derivast til personleg passiv.

Også ei rekkje andre syntaktiske faktorar talar for å klassifisere PO som ein type adverbial, og som vist i LCDG-analysen i dette kapitlet, har PO ei rekkje felles eigenskapar med andre valensbundne adverbial. Divalente verb med PO/valensbundne adverbial er intransitive verb, og står potensielt i derivasjonstilhøve til partikkelverbvariantar (transitive variantar). Ved PO og valensbundne adverbial i form av preposisjonsfrasar oppfører preposisjon + nominal seg som frasar, noko som mellom anna viser seg ved tematisering og utbrytingskonstruksjonar. PO/valensbundne adverbial er aldri underlagt bestemtheitsrestriksjonen, og ved såkalla gapping må preposisjonen takast opp att ved slike komplement. La oss summere opp nokre sentrale eigenskapar ved PO/valensbundne adverbial i form av preposisjonsfrase i høve til nominale objekt. Oversynet gjeld divalente verb:

(4: 50)

	Objekt		PO		Adverbial	
	Ja	Nei	Ja	Nei	Ja	Nei
Alltid intransitive verb		X	X		X	
Verb kan aldri derivrast til personleg passiv		X	X		X	
Komplementet plasserer seg i regelen på A-plassen i slutfeltet		X	X		X	
Komplementet er aldri underlagt bestemtheitsrestriksjonen		X	X		X	
Komplementet kan vere berar av kasusrelasjonen PAT	X			X		X
Komplementet kan vere berar av kasusrelasjonen COR	X		X			X

Syntaktisk syner PO og valensbundne adverbial i form av preposisjonsfrasar så mange felles eigenskapar at eg meiner det er grunnlag for å klassifisere dei saman. Underklassene av bundne adverbial er allereie definerte på semantisk grunnlag, jf. NRG (s. 776ff), og PO er nettopp ei semantisk underklasse av slike adverbial. Ein passende term for denne ville vere **objektsadverbial**. Dette er ein term som ifølgje Körner (1948: 56) vart nytta i Wallin (1941)¹ for ”å ena sidan fastslå detta satsledds semologiska släktskap med objektet men å andra sidan samtidigt hänföra det till adverbialens grammatiska kategori”. Og nettopp desse eigenskapane ved denne termen gjer han passende til å stå for den komplementstypen eg til no i dette arbeidet har kalla PO. La oss til slutt oppsummere nokre sentrale eigenskapar ved objektsadverbial i moderne norsk.

4.7 Oppsummering

I dette kapitlet har PO i moderne norsk vorte analyserte med LCDG som teoretisk forankring. Det har vorte lagt vekt på å avgrense valensen til PO-verb frå tilgrensande underklasser av verb. Vidare har ein del sentrale syntaktiske og semantisk-funksjonelle eigenskapar ved denne komplementstypen vorte diskuterte. Det vart konkludert med at det ser ut til å vere grunnlag

¹ Her referert etter Körner (1948).

for å klassifisere PO som ein type adverbial, og ikkje som ein type objekt. For denne underklassa av adverbial vart termen objektsadverbial frå Wallin (1941) foreslått.

Grammatisk transitivitet har vore eit sentralt omgrep i analysen, og verb som kan derivrast til personleg passiv, har vorte klassifiserte som grammatisk transitive verb. Slike verb har kasusrelasjonen AGT i aktiv. Ei rekkje syntaktiske eigenskapar ved PO-verb og tilgrensande underklasser av verb kan relaterast til trekket [\pm trns] og fråvere/nærvere av kasusrelasjonen AGT. Dette har vorte synt i høve til tematisering, passivderivasjon, upersonlege konstruksjonar og koordinasjon.

Eit viktig skilje i denne analysen er det mellom partikkelverb og verb med PO/valensbunde adverbial i form av preposisjonsfrase. Vidare vart det peika på at ein må skilje mellom verb med PO/valensbunde adverbial og partikkelverbvariantar, som potensielt står i derivasjonstilhøve til slike verb. Dette følgjer av restriksjonar i LCDG, og det har også vorte gjeve uavhengig motivasjon for ein slik analyse, både syntaktisk og semantisk-funksjonelt. Eit viktig poeng er at PO-verb er intransitive, medan (divalente) partikkelverb er transitive.

Også Körner (1948: 134) peikar på ein slik skilnad: ”Uppkomsten av prep.-verb och prep.-fraser innebär i praktiken en *transivering* i stor skala av ursprungligen intransitiva verb och verbalförbindelser.” Skilnaden mellom analysen til Körner og LCDG-analysen i dette arbeidet er at Körner argumenterer for å analysere som transitiv verbalgruppe + objekt både ved verb som i denne analysen har vorte kalla PO-verb, og ved verb som her har vorte kalla partikkelverb.

Ein annan forskar som poengterer skilnaden mellom det eg i dette arbeidet kallar PO-verb og partikkelverbvariantar av desse, er Beito (1970: 322):

Preposisjonen kunne i gammalnorsk ofte skiljast frå si styring; i visse høve vert dette òg gjort i nyare mål. [...] Når preposisjonen er knytt nær til verbet, gjev det eit tydingsavbrigde eller gjer det transitivt, då vert styringa for preposisjonsuttrykket objekt og kan flyttast til fyrsteplass i setninga utan at preposisjonen følgjer med. Ei setning som: *du må vere lydig mot foreldra* vert ved emfatisk inversjon til: *foreldra må du vere lydig mot*; på same måten: *du får spare på smøret – smøret får du spare på*. I andre høve derimot er heile preposisjonsuttrykket eitt setningsledd, t.d.: *med tida vil du skjøne dette*; *i byen treivst han ikkje*.

På bakgrunn av felles syntaktiske eigenskapar vart det ved verb som

(4: 51)

- a. Ein måtte berre slå pumpa av
- b. eg kom over boka i eit antikvariat (SK/HoRa/01)

med predikerande (a) og ikkje-predikerande (b) verbpartikkel argumentert for at det er grunnlag for å klassifisere begge desse verbtypene som partikkelverb. Eit særleg tungtvegande argument er at partikkel og nomen ikkje oppfører seg som frasar, og at begge dermed ser ut til å vere dependensar av verbet.

Kasusrelasjonane i LCDG har synt seg å danne eit presist analyseapparat for å skilje mellom partikkelverb og PO-verb (+AGT : -AGT), og mellom PO og valensbundne adverbial (COR : LOC/MNS). Når det gjeld det sistnemnte tilhøvet har det vorte argumentert for at PO ber kasusrelasjonen COR, medan valensbundne adverbial ber ein av dei to andre perifere kasusrelasjonane, LOC og MNS. Her er me ved skjeringpunktet mellom PO og nominale objekt. Visse typar nominale objekt kan òg vere berarar av kasusrelasjonen COR, som innskrenkar verbtydinga på ein allmenn måte. Semantisk har PO med andre ord mykje til felles med visse typar nominale objekt. Syntaktisk er det derimot grunnlag for å klassifisere denne komplementstypen som adverbial, og då nettopp ei semantisk undergruppe av valensbundne adverbial.

LCDG-modellen har, som nemnt i innleiinga til dette arbeidet, så vidt eg veit ikkje vorte nytta på norsk språkmateriale tidlegare, han har i hovudsak vorte nytta i analysar som handsamar asiatiske språk i tillegg til engelsk. Etter mi meining har han vore eit godt analysereiskap ved konstruksjonane eg har handsama i dette arbeidet, og det ville vere interessant å teste denne teorien også på andre konstruksjonar i norsk.

5 Avsluttande merknader

5.1 Valensundersøkinga

Den første hovuddelen av dette arbeidet var ei valensundersøking, der det vart undersøkt kva for valens verb som i moderne norsk krev PO som komplement, hadde på det norrøne språksteget. Den første delen av denne undersøkinga var å finne fram til verbpar som ein kunne analysere, for å finne fram til eventuelle valensskilnader mellom norrønt og moderne norsk ved desse verba. For å kunne samanlikne verba direkte, vart det sett krav om at verba i dei ulike para måtte vere leksikalsk nærskylde.

For å finne fram til verbpar vart ordbøkene *Ordbog over det gamle norske Sprog I–IV* (Johan Fritzner, elektronisk versjon) og *Norrøn Ordbok* (Leiv Heggstad, Finn Hødnebo & Erik Simensen, red. 1990) nytta. Den elektroniske utgåva av Fritzners ordbok var eit svært nyttig hjelpemiddel, sidan ho gjev mulegheit for å trekke ut berre verba. Dermed var det muleg å gå gjennom alle verba innanfor tidsramma til dette prosjektet. Neste trinn var så å finne fram til døme på dei aktuelle verba i bruk i CD-ROM-korpuset, *Íslendinga sögur. Orðstöðulykill og texti*, publisert av Mál og Menning, Reykjavik (1996). Også på dette trinnet av prosessen letta det sjølv sagt arbeidet ein god del å kunne nytte eit elektronisk korpus. For å finne fram til autentiske norske døme, nytta eg *Oslo-korpuset av tagga norske tekstar*. Utvalet av verbpar resulterte i 50 verbpar, som danna basis for analysane i valensundersøkinga.

I innleiinga til dette arbeidet sette eg opp følgjande hypotese for valensundersøkinga:

Preposisjonsobjekt er mindre utbreidde i norrønt enn i moderne norsk fordi norrønt, ved hjelp av morfologisk kasus, kunne uttrykke det same som preposisjonane gjer ved preposisjonsobjekt i moderne norsk.

Ei anna interessant problemstilling eg peikte på, var kvifor nokre verb utviklar seg til å ta preposisjonsobjekt, medan andre verb tek direkte objekt også i moderne norsk. Er det nokon

systematikk med omsyn til kva for verb som i moderne norsk krev preposisjonsobjekt, og kva for verb som tek nominale direkte objekt?

Når det gjeld hovudhypotesen ovanfor, vart denne i alle fall delvis styrkt. Ut frå definisjonen av PO i dette arbeidet, nemleg som valensbundne preposisjonsfrasar som er berarar av kasusrelasjonen COR, der preposisjonen i preposisjonsfrasen blir bestemt av eit valenstrekk i verbet, var det 43 av verbpara i undersøkinga som krev PO i moderne norsk. Av desse 43 var det ved 16 norrøne verb (37,2 %) berre muleg med nominale komplement. Vidare var det ved ytterlegare 8 norrøne verb muleg med nominalt komplement som alternativ til PO, med omtrent same tyding som POet. Ved dei moderne norske verba var det berre ved 2 av 43 verb (4,7 %) muleg med nominalt komplement som slikt alternativ. Dermed var det ved 22 av 43 norrøne verb (51,2 %) muleg med nominalt komplement i norrønt, der dette ikkje er muleg i moderne norsk.

Er det så nokon systematikk med omsyn til at verba i valensundersøkinga med nominale objekt i norrønt tek PO i moderne norsk? Det vart peika på eitt trekk som i alle fall er systematisk: Divalente verb med PO som komplement er intransitive verb. Vidare synte ei undersøking av den semantiske transitiviteten til dei norrøne verba med nominale komplement at desse, i Hopper & Thompsons (1980) forstand, syner låg grad av semantisk transitivitet. På grunnlag av dette vart følgjande hypotese sett opp: Det at dei norrøne verba i valensundersøkinga som krev nominale komplement, har endra valens til å krevje PO i moderne norsk, har samanheng med at desse verba semantisk sett syner låg transitivitetsgrad.

Den andre faktoren det vart peika på, var kasusmarkering gjennom dei semantisk markerte kasusformene Dat og Gen i norrønt, som ikkje finst ved markering av verbkomplement i moderne norsk. Norrønt hadde fire kasusformer for markering av kasusrelasjonar ved verbkomplement, medan moderne norsk berre har to. Ved 15 av 35 divalente verb var nominale komplement obligatoriske eller mulege (med tilnærma same tyding) i norrønt, men ikkje i moderne norsk. Dersom ein ser bort frå dei noko spesielle verba *gráta* og *sigra*, jf. 3.6.4.2, står ein att med berre eitt verb som krev Akk-komplent, nemleg *tala*, som alternativt kan ta PO også i norrønt. Det ser difor ut til å vere ein tendens at preposisjonskomplement i moderne norsk er erstatningar for komplement merka Dat og Gen i norrønt. Kasusformene Dat og Gen er semantisk meir markerte former for kasusmarkering enn kasusforma Obl i moderne norsk, og på det moderne språksteget er preposisjonar einaste mulege former for slik semantisk markert kasusmarkering.

Sidan undersøkinga berre omfattar 50 verbpar, skal ein likevel vere forsiktig med å trekkje for vidtrekkande konklusjonar. På den andre sida meiner eg ei undersøking der

verbpara er leksikalsk nærskyld, gjev sikrast resultat, og då finst det ei avgrensa mengd verb å undersøkje. Og tendensane ved verbpara i undersøkinga er klare nok: PO, eller i alle fall PO-liknande komplement, ser ved dei undersøkte verbpara ut til å vere utbreidde også i norrønt. Samstundes finst det mange tilfelle der norrønt hadde nominale komplement som einaste eller muleg alternativ, der dette ikkje er muleg i moderne norsk. To faktorar som kan ha samanheng med dette, er låg semantisk transitivitetsgrad ved dei norrøne verba, og tap av dei semantisk markerte kasusformene Dat og Gen i moderne norsk.

Ei interessant oppgåve for framtidig forskning ville vere å gjere ei meir fullblods diakron undersøking av desse verba, for mellom anna å kunne finne ut når overgangar frå nominale komplement til preposisjonskomplement skjedde. I tillegg ville det vere interessant å gjere tilsvarende valensundersøkingar av andre underklasser av verb, og av adjektiv.

5.2 Analysen av PO i moderne norsk

Den andre hovuddelen av dette arbeidet var ein LCDG-analyse av preposisjonsobjekt i moderne norsk. Konstruksjonen verb + preposisjon + nominal av typen *vente på godt vêr*, *tenke på henne*, *syte for maten* har vore eit stridstema i nordisk syntaksforskning. På grunnlag av ulik distribusjon og ulike syntaktiske og semantisk-funksjonelle eigenskapar, vart det i dette arbeidet argumentert for å skilje mellom PO-verb og partikkelverbvariantar av slike verb.

Dette skiljet liknar mykje på skiljet mellom PO/valensbunde adverbial på den eine sida, og den tradisjonelle analysen som transitiv verbalgruppe + objekt på den andre. Men i staden for å velje ein av desse analysane for alle desse verba, vart det i dette arbeidet argumentert for å skilje mellom PO-verb (med komplement oppbygd av preposisjonsfrase, dvs. preposisjon + adjasent komplement) og partikkelverb(variantar) (med nomenkomplement til verb + verbpartikkel). Ein viktig skilnad mellom desse underklassene av verb er at divalente PO-verb er grammatisk intransitive, medan partikkelverb er grammatisk transitive.

